

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Konsekvensutgreiing

Versjon per 22.10.2020 til høyring

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Konsekvensutgreiing

Oppdragsnr.: 5190096 Dokumentnr.: Versjon: C02

Oppdragsgjevar: Solund kommune
Oppdragsgjevars kontaktperson: Anne Kristine Dyrdal
Rådgjevar Norconsult AS
Oppdragsleiar: Arne Kringlen
Fagansvarleg: Arne Kringlen
Andre nøkkelpersonar: Arealplanlegger, Ann Sissel Heilevang (plan og utgreiing)
Naturforvaltar, Lene Merete Rabben (naturmangfald)
Landskapsarkitekt, Kjell Ove Hjelmeland (landskap)
Arkeolog PhD, Ole Magne Nøttveit (Kulturarv)
Siv. Ing GIS, Katrine Myklatun (plankart)
Samfunns- og arealplanleggar, Arne Kringlen (kvalitetssikrar)
Solund kommune (kvalitetssikrar)

UTKAST

D03	2020-09-01	For godkjenning hjå oppdragsgjevar. Oppdragsgjevar sine kommentarar til versjon C02 er ivareteke/avklart.	anshe	akr	akr
C02	2020-02-27	Fyrste utkast til oppdragsgjevar sin gjennomgang	anshe	akr	akr
A01	2020-01-10	Til intern bruk – disposisjon og innhald i dei ulike kapittele.	anshe	akr	akr
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Innhald

1	INNLEIING	5
1.1	GRUNNLAG OG RAMMER.....	5
1.2	KOMMUNEN SINE EIGNE FØRINGAR FOR AREALBRUKEN I SOLUND	5
1.3	DEI VIKTIGASTE ENDRINGANE I NY AREALPLAN.....	6
2	METODE	7
2.1	AREALBRUKSSTRATEGIAR - ALTERNATIVSVURDERING	7
2.2	VERKNADER AV ENDRÅ AREALBRUK	8
2.3	UTGREIINGSTEMA OG DATAGRUNNLAG.....	10
2.4	KRITERIA FOR VURDERING AV KONSEKVENNS OG VERKNADER	11
2.5	SAMLA VURDERING AV VERKNADER.....	12
3	KONFLIKTPOTENSIALE AREALBRUK PÅ LAND	13
3.1	LANDSKAP.....	13
3.2	STRANDSONE	13
3.3	NATURMANGFALD.....	14
3.4	NATURRESSURSAR	15
3.5	KULTURARV	15
3.6	FRILUFTSLIV, BY- OG BYGDELIV (HERUNDER OGSÅ BORN OG UNGE)	16
3.7	SAMFUNNSTRYGGLEIK	17
3.8	ESTETIKK.....	18
3.9	VERNEVERDIAR I VERNA VASSDRAG	18
3.10	LOKAL UTVIKLING.....	19
3.11	UNIVERSELL UTFORMING.....	22
4	KONSEKVENNSVURDERING – DELOMRÅDE PÅ LAND	23
4.1	KONSEKVENNSVURDERING FOR NY AREALBRUK PÅ LAND	24
4.2	SAMLETABELL MILJØKONSEKVENNSAR OG SÅRBARHEIT	100
4.3	LOKAL UTVIKLING.....	102
4.4	UNIVERSELL UTFORMING.....	103
4.5	VERNEVERDIAR I VASSDRAG.....	103
5	KONFLIKTPOTENSIALE AKVAKULTUR I SJØ.....	104
5.1	LANDSKAP.....	104
5.2	NATURMANGFALD.....	104
5.3	FRILUFTSLIV I SJØ OG STRANDSONE.....	108
5.4	KULTURARV	108
5.5	MARINE RESSURSAR.....	108
5.6	SKIPSTRAFIKK OG AREALBRUK.....	109
5.7	LOKAL UTVIKLING.....	110
5.8	FISKERIINTERESSER	111
6	KONSEKVENNSVURDERING – AKVAKULTUR I SJØ	112
6.1	AVGRENSING AV TILTAKS- OG INFLUENSOMRÅDE FOR AKVAKULTUR	112
6.2	KONSEKVENNSUTGREIING – ENKELTAREAL FOR AKVAKULTUR (FRIMERKEOMRÅDE).....	112
6.3	OMRÅDE FOR FLEIRBRUK AKVAKULTUR	139
6.4	SAMLETABELL MILJØKONSEKVENNSAR	152
6.5	OVERORDNA RAMMER OG REGIONALE FØRINGAR	157
7	SAMANSTILLING AV KONSEKVENNSAR	158

7.1	MILJØVERKNADER	158
7.2	SAMFUNNSTRYGGLEIK	158
7.3	NATURMANGFALDSLOVA	158
7.4	FLEIRBRUKSOMRÅDE FOR AKVAKULTUR	160
7.5	RIKSPOLITISKE RETNINGSLINER FOR VERNA VASSDRAG	161
7.6	STRANDSONE OG BYGGJEGRENSE MOT SJØ OG VASSDRAG	161
7.7	GJELDANDE AREALFØREMÅL SOM SKAL VIDAREFØRAST	162
7.8	AKVAKULTURAREAL SOM ER VIDAREFØRT FRÅ GJELDANDE PLAN	163
8	AVBØTANDE TILTAK [17]	164
9	REFERANSAR.....	166
10	VEDLEGG 1 – OVERSYN FRAMLEGG OG SILING	168

UTKAST

1 Innleiing

Denne konsekvensutgreiinga er ein del av vedtaksgrunnlaget for revisjon av arealdel til kommuneplanen i Solund kommune. Jamfør fastsett planprogram frå 2017 [1].

1.1 Grunnlag og rammer

Arealdel til kommuneplanen gjev dei overordna føringane for arealbruken i kommunen. Dei overordna måla i arealpolitikken er tydeleggjort i nasjonale forventningar til kommunal planlegging [2]. Hovudmålet er å arbeide for å nå FN sine berekraftsmål gjennom berekraftig forvaltning av areal og effektiv forvaltning i samsvar med FN sine berekraftsmål [3]. Gjennom ein samordna arealpolitikk skal dei nasjonale måla for lokal og regional omstilling og utvikling verte sameina med dei nasjonale måla for å ta vare på natur- og kulturverdiar. I tillegg til dette kjem viktige regionale og lokale mål for arealpolitikken, fastsett i ulike fylkesdelplanar og kommunen sin eigen samfunnsplan frå 2020 [4]. Dei vesentlege overordna føringane er opplista i kap 2.2 i planomtalen.

Konsekvensutgreiinga skal synleggjere i kva grad det er teke omsyn til mål for miljø og samfunn når nye område vert lagt ut til utbyggingsformål og ved vesentleg endring av eksisterande arealbruk.

Som ein del av planrevisjonen er innbyggjarane og andre interessentar invitert til å kome med innspel og ynskjer om framtidig arealbruk. Det vart annonsert oppstart av samfunns- og arealdelen i 2017, og det kom inn ein del innspel til arealdelen. I mai 2019 vart det halde ei arbeidsveke med kommunen.

Alle innspel er gjennomgått saman med administrasjonen i Solund kommune, og vurdert i forhold til kva planprogrammet [1] har definert som fokus i dette planarbeidet. For å følgje opp målsetjingane til kommuneplanen er det også tatt inn nokre forslag frå kommunen sjølv.

1.2 Kommunen sine egne føringar for arealbruken i Solund

Kommuneplanen skal vere eit overordna politisk styringsverktøy, noko som inneber at hovudavklaringane for den framtidige arealbruken skal gjerast i kommuneplanen. Hovudavklaringane som skal gjerast i denne revisjonen, kjem av fastsett planprogram [1]:

- Byggegrense mot sjø skal fastsetjast i alle byggeområde og LNF- med spreidd utbygging.
- Nye større byggeområde for fritidsbustader vert ikkje prioritert.
- Vurdere å leggje ut nye område for LNF- med spreidd utbygging. Desse må i størst mogleg grad lokalisertast til eksisterande grender og tettstader, og styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø.
- Avklare flytting av ekspressbåtstopp til Hardbakke.
- Vurdere lokale vegbehov.
- Avklare beste plassering av djupvasskai.
- Leggje til rette for meir areal til næring sentralt kring Hardbakke og i andre delar av kommunen.
- Akvakultur og reiseliv har arealkrav som bør drøftast.
- Det må leggjast særleg vekt på planlegging av sjøområda.
- Det må takast omsyn til fiskeri- og akvakulturnæringa sine moglegheiter for utvikling.
- Sikre næringsområde med rom for utviding.
- Ta omsyn til dei viktigaste kjerneområda for matproduksjon og kulturlandskap.
- Ta omsyn til miljø- og landbruksinteresser og unngå nedbygging av innmark.
- Nye tiltak bør ikkje planleggast i sårbare og utsette område.
- Omsyn til stormflo og venta havnivåstigning må vektleggjast.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 har følgjande mål for kommunen sin arealbruk:

1. Setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi.

2. Ta vare på og bruke mangfaldet i kystlandskapet på ein langsiktig og berekraftig måte
3. Auke variasjonen av bustadtypar og styrke bukvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt.
4. Auka næringsutvikling, meir mangfald i næringsliv og fleire arbeidsplassar.
5. Vise fram det kreative og skapande moderne samfunnet Solund og det kontinuerlege utviklingsarbeidet som skjer

1.3 Dei viktigaste endringane i ny arealplan

Utgangspunktet for vurdering av verknadane, er dagens situasjon, dvs. noverande planavklart og faktisk arealbruk. Dei samla verknadane er vurdert under samanstillinga. Der er det òg gjort ei vurdering av i kva grad planen bygger opp om mål og nasjonale føringar.

Sentrale endringar i ny plan er omtalt i planomtalen kap 4. Oppsummert er endringare:

- Justering av eksisterande byggjeområde som byggjer opp om eksisterande grendestruktur. Store hytteområde frå førre planprosess er vidareført med unntak av område i Prestegardsmarka som er vesentleg redusert.
- Oppdatering av fare og omsynssoner
- Tettstadsutvikling Hardbakke
- Sjøareala – havbruk og vern

2 Metode

2.1 Arealbruksstrategiar - alternativsvurdering

På grunnlag av kriterium som tilhøve til nasjonale, regionale og lokale retningslinjer og føringar, arealstrategiar, omfang, behov og mogleg konflikt med andre interesser, vart det gjennomført ei grovsiling av innspela både for land- og sjøareal.

Kommunen har også utført ei justering på nokre av areala det er kome innspel om, for å minske dei negative konsekvensane i forhold til eit eller fleire tema. Desse områda er konsekvensutgreidd i samsvar med metoden beskriven i kap. 2.3 til 2.5.

Arealbruksstrategi for landareala

Det er sett av mange byggjeområde i gjeldande kommuneplan med god variasjon i utbyggingspotensiale utover heile Solund. Det har difor ikkje vore det største behovet for endringar på land. Endringane har for det meste dreia seg om utviding av eksisterande arealbruk, spesielt spreidd- område.

Nokre av utbyggingsområda i gjeldande plan er blitt erstatta av reguleringsplanar.

2.1.1 Arealbruksstrategi for sjøareal

Kysten sine natur -og miljøkvalitetar gjev både moglegheiter og utfordringar i samfunnsutviklinga. Ein del område er omfatta av nasjonale og lokale vern, samtidig som dei er ressursgrunnlaget for utvikling av marine næringar. Kartlegging og arealplanlegging er sentrale gjeremål for avklaring av bruk og vern.

I kommuneplan frå 2008 er sjøareala delt i to hovudkategoriar:

- Akvakulturområde hovedsakleg tiltenkt oppdrett av fisk
- Vassareal for allmenn bruk som omfattar område for natur, friluftsliv, fiske, og ferdsel (NFFF), eller NFFFA der akvakultur er tillate.

I planen frå 2008 er det sett av 33 område for akvakultur. Det er i dag registrert 19 godkjente akvakulturlokalitetar i Solund. Av dette er det 11 matfisk, 5 algar, 2 settefisk (laksefisk) og 2 matfisk for laksefisk/algar.

Ei rekkje lover og forskrifter regulerer akvakulturnæringa. For å kunna drive akvakulturverksemd er det behov for godkjenningar utover plan- og bygningslova (pbl). Avklaring om produksjonsmengd, utslepp, avstand mellom anlegg og andre tilhøve knytt til drifta på anlegga, vert regulert i konsesjon/løyve etter anna lovverk enn pbl. Det er likevel ei sentral føring at det ikkje kan gjevast løyve etter anna lovverk med mindre tiltaka er i samsvar med pbl.

I samband med at kommunen skal setje av areal til akvakultur er det ei viktig avklaring på kva nivå dei ulike areala er planavklarte og kva krav som må setjast til vidare handsaming. Den nye planen legg opp til følgjande inndeling av arealbruken:

1. Einbruk akvakultur (Små område om lag som i dag). Arealet er prioritert til akvakultur i heile vassøyla og på sjøbotnen. Det er sett av nok areal til at heile anlegga kan optimalisere plasseringa og har plass til fortøyingsramme med merdar, fôrflåtar og andre tiltak/anlegg. Fortøyingar vert vist som omsynssone. Dei aktuelle areala er:
 - Areal med godkjente lokalitetar i 2020
 - Areal avsett til akvakultur i KPA 2008
 - Eventuelt nye enkeltlokalitetar som er spelt inn til KPA 2020
2. Fleirbruk med akvakultur og ein eller fleire andre aktivitetar. Dette er store areal der akvakultur kan vurderast i heile vassøyla og på sjøbotnen. Areal som er i openbart konflikt med akvakultur i

sjøoverflata er utelate frå desse områda. Ev. andre interesser må avklarast i handsaming av enkeltsaker. Areal som ikkje er med i denne kategorien er:

- Areal som i multikriterieanalysen er i direkte konflikt med akvakultur
- Kartlagde friluftsområde i sjø i kategorien «Svært viktige»
- Alt areal grunnare enn 30 meter
- Den mest trafikkerte sona kring hovudfarlei

3. Berre andre aktivitetar enn akvakultur. Dette gjeld resten av kommunen sitt sjøareal. Akvakultur i desse områda kan vurderast i ei ny rullering av kommuneplanen for det aktuelle temaet.

2.2 Verknader av endra arealbruk

Utgangspunktet for vurdering av verknadene er dagens situasjon, dvs. kva føremål området er avsett til i gjeldande kommuneplan, samt faktisk arealbruk. I konsekvensutgreiinga er det lagt vekt på dei overordna verknadane. Spørsmål og vurderingar som naturleg høyrer heime på eit seinare plannivå, for eksempel ved utarbeiding av områdereguleringsplan eller detaljreguleringsplan, er ikkje vurdert.

Det er teke utgangspunkt i miljøverndepartementet sin rettleiar om konsekvensutgreiing av arealdelen [5] og Statens vegvesen si handbok V712 [6]. Metoden er tilpassa at dette er ein overordna og strategisk plan og tilpassa vurderingane i planprogrammet i høve kva som er vedtaksrelevant.

Fokuset i utgreiinga er å svare på spørsmål knytt til lokalisering og arealformål. Utgreiinga skal få fram:

- Viktige miljø og samfunnsverdiar i dei foreslegne utbyggingsområda
- Verknadane utbygginga kan få for desse verdiane
- Kva som kan gjerast for å avbøte negative verknader

Konsekvensutgreiinga baserer seg på eksisterande kunnskap og kjende registreringar i sentrale databasar, og informasjon frå administrasjonen i kommunen. Gjennom planprogrammet er det fastsett at følgande fagtema skal utgreiast:

Tabell 1 Tema i planprogrammet som skal vurderast i fyrste kolonne, og ny inndeling i andre kolonne

Fagtema i planprogrammet	Ev. andre namn på fagtema og/eller samanslåing av fleire tema
Landbruk	Naturressursar
Naturverdiar og biologisk mangfald	Naturmangfald
Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap	Kulturarv
Friluftsliv og rekreasjon	Friluftsliv, by- og bygdsliv
Transport og infrastruktur	Vurdert saman med lokal utvikling. Er vurdert samla sett for heile kommunen i kapittel 5, og ikkje for kvart område.
Barn og unge sitt oppvekstmiljø	Vurdert saman med lokal utvikling. Er vurdert samla sett for heile kommunen i kapittel 5, og ikkje for kvart område.
Nærmiljø	Friluftsliv, by- og bygdsliv
Offentlege tenester. Korleis kan vi løyse framtidige utfordringar. Samarbeid med andre?	Dette er eit tema som er vurdert i samfunnsdelen, og blir difor ikkje vurdert i arealdelen.
Universell utforming	Er vurdert samla sett for heile kommunen, og ikkje for kvart område.

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Konsekvensutgreiing

Oppdragsnr.: 5190096 Dokumentnr.: Versjon: C02

Ureining	Vurdert saman med lokal utvikling. Er vurdert samla sett for heile kommunen i kapittel 5, og ikkje for kvart område.
Folkehelse	Vurdert saman med lokal utvikling. Er vurdert samla sett for heile kommunen i kapittel 5, og ikkje for kvart område.
Beredskap ogulukkesrisiko	Vurdert saman med samfunnstryggleik
Havnivåstigning	Vurdert saman med samfunnstryggleik
Estetikk	Vurdert saman med landskap
Marint biologisk mangfald	Vurdert saman med naturmangfald
Verneverdiar i verna vassdrag	Er vurdert samla sett for heile kommunen i kapittel 5, og ikkje for kvart område.
Strandsone	Strandsone
Støy og miljø	Vurdert saman med lokal utvikling. Er vurdert samla sett for heile kommunen i kapittel 5, og ikkje for kvart område.
Landskap (nær- og fjernverknad)	Landskapsbilete
Vassforsyning	Vurdert saman med lokal utvikling. Er vurdert samla sett for heile kommunen i kapittel 5, og ikkje for kvart område.

Etter å ha slått saman nokre av fagtemaene, og endra namn på noko står ein igjen med følgjande tema:

Tabell 2 Fagtema som skal vurderast

Fagtema i konsekvensutgreiinga	Vurdert
Naturressursar	For kvart område
Naturmangfald	For kvart område
Kulturarv	For kvart område
Friluftsliv, by- og bygdeliv	For kvart område
Landskapsbilete	For kvart område
Samfunnstryggleik	For kvart område
Strandsone	For kvart område
Lokal utvikling	Samla for heile kommunen
Universell utforming	Samla for heile kommunen
Verneverdiar i verna vassdrag	Samla for heile kommunen

Konsekvensutgreiinga av dei enkelte arealbruksendringane omfattar ei analyse av kvart enkelt areal med ei kort beskriving av arealframlegget, føreliggande informasjon knytt til fagtema tilgjengeleg i nasjonale databasar med suppleringar gitt av kommunen og kart. Deretter er konsekvensane av ei mogleg arealdisponering for dei ulike tema vurdert.

2.3 Utgreiingstema og datagrunnlag

Konsekvensutgreiinga har så langt som mogleg vore basert på verdivurderinga frå kjent kunnskap. Det er brukt ulike rettleiarar, kart- og databaseløysingar frå regionale og statlege styresmakter, nettsider og lokalkunnskap. Grunnlagsmaterialet er ikkje fullt dekkande for alle tema, men dei er vurdert dekkande for kva som er vedtaksrelevant.

For nokre av akvakulturlokalitetane har Rådgivende Biologer AS utarbeidd rapportar for oppdragsgivar om korleis lokalitetane vil påverke bl.a. naturmangfald, friluftsliv osv. Der dette føreligg er desse brukt som kunnskapsgrunnlag, og teksten er heilt eller delvis henta frå deira rapportar. Det er utarbeidd reguleringsplan for akvakulturlokalitetane på Drivøyosen og Risholmen, og teksten i denne konsekvensutgreiinga er henta heilt eller delvis frå planomtalen. For akvakulturlokalitetane Drivøyosen og Risholmen har Plan & Arkitektur AS utarbeidd reguleringsplan med konsekvensutgreiing, og desse dokumenta er også brukt som kunnskapsgrunnlag for dei same lokalitetane. Det er uansett gjort ein kvalitetssikring av rapportane oppimot bl.a. databaseløysingar i tilfelle det er kome nye registreringar eller liknande.

Tabell 3: Utgreiingstema og datagrunnlag henta frå planprogrammet.

<p>Landskapsbilete</p> <p>Aktuelle arealendringar vert vurdert opp mot landskapsverdiar med utgangspunkt i landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet i «Nasjonalt referansesystem for landskap».</p> <p>Kunnskapskjelder: https://kilden.nibio.no/, http://nin.miljodirektoratet.no/, http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/INON/, <i>Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane</i>.</p>
<p>Naturmangfald</p> <p>Aktuelle arealendringar vert vurdert opp mot naturverdiar. Det vert teke utgangspunkt i eksisterande kunnskap som er å finne i nasjonale databasar og kartløysingar.</p> <p>Kunnskapskjelder: www.miljostatus.no, www.naturbase.no, https://www.nve.no/karttjenester/kartverktoy/, https://naturbase.no, https://artsdatabanken.no/rodlisterforaturtyper, www.vann-nett.no, https://kystinfo.no</p>
<p>Strandsone</p> <p>Kunnskapskjelder: Strandsoneanalyse for Solund kommune [7] og Statlege planretningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen [8].</p>
<p>Estetikk</p>
<p>Vassforsyning</p> <p>Kunnskapskjelder: https://geo.ngu.no/kart/granada_mobil/</p>
<p>Naturressursar</p> <p>Aktuelle arealendringar vert vurdert opp mot naturressursverdiar. Verdivurderinga tek mellom anna utgangspunkt i NIBIO si verdsetting av jordbruksareal og andre relevant databasar mellom anna hjå NGU og NVE.</p> <p>Kunnskapskjelder: https://kilden.nibio.no/, https://www.ngu.no/emne/kartinnsyn</p>
<p>Kulturarv</p> <p>Aktuelle arealendringar vert vurdert opp mot verdiar registrert i databasen Askeladden hjå riksantikvaren.no og sefrak-register. Lokal kulturminneplan som er under arbeid er også ei viktig kunnskapskjelde.</p> <p>Kunnskapskjelder: www.miljostatus.no, https://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Data-og-tjenester/Askeladden</p>
<p>Friluftsliv, by- og bygdeliv</p> <p>Aktuelle arealendringar vert vurdert opp mot friluftslivsverdiar og viktige uteområde i bygdene. Det vert teke utgangspunkt i eksisterande registreringar i fylkesatlas.no og supplert med innspel i planprosessen.</p> <p>Kunnskapskjelder: Kommunen si kartlegging av friluftsområde, www.godtur.no, www.inatur.no, http://www.ssb.no/, https://naturbase.no</p>
<p>Ureining, støy og miljø</p> <p>Finst det ureinings- eller støykjelder som vil påverka utbygging i området? Områda vurderast ut frå erfaringsgrunnlag i kommunen.</p> <p>Vil ei utbygging påverke omgjevnadane med utslepp til luft/vatn, støy etc.?</p> <p>Kunnskapskjelder: http://www.miljostatus.no/kart/</p>

Samfunnstryggleik

Arbeidet er avgrensa til ei sårbarheitsvurdering av framtidig arealbruk. Fokus er; (1) avstand til sårbare objekt (utslepp, farleg gods, dambrot), (2) eksponering for eksterne farar (geologi, vind, nedbør) og (3) innsats på skadestaden.

Det vert utarbeidd ei sårbarheitsvurdering, der samfunnet si evne til å motstå verknadene av eit vidt spekter av uønskte hendingar og evna til å gjenopprette sin funksjon vert vurdert. I vurderinga vert det lagt til grunn ei gradering frå «ikkje sårbart, lite sårbart, moderat sårbart og svært sårbart»

Kunnskapskjelder: Framlegg til arealbruk, NS 5814 "Krav til risikoanalyser", DSB sin rettleiar om "Samfunnsikkerheit i kommunens arealplanlegging". Fylkesros 2017. Klimaprofilen for Sogn og Fjordane, DSB rettleiar for havnivåstigning og stormflo. NVE sin kartkatalog

Lokal utvikling

Aktuelle arealendringar vert vurdert opp mot mål i Solund kommune sin samfunnsplan. Det vert også gjort ei vurdering av verknader knytt til teknisk og sosial infrastruktur som til dømes soltilhøve, brattlende, nærleik til skule, barnehage, busshaldeplass, sikker skuleveg, nærleik til turterreng, sjø og behov for ny infrastruktur. Her inngår også vurdering av universell utforming og folkehelse inkl., støy, transportbehov, oppvekstvilkår for barn og unge. *Kunnskapskjelder: Nasjonale forventningar til kommunal planlegging. Regional strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur, Solund kommune samfunnsplan, Regional planstrategi, Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.*

2.4 Kriteria for vurdering av konsekvens og verknader

Kriteria og utgreiingsmodellen som vert lagt til grunn er tilpassa planarbeidet og byggjer på miljøverndepartementet sin rettleiar om konsekvensutgreiing av arealdelen [5] og Statens vegvesen si handbok V712 [6]. Skogbruk blir vurdert under naturressursar, sjølv om dette ikkje lenger er eit «ikkje prissett tema» i V712.

Fargane i tabell 2 illustrerer konsekvensnivået. Grønt er positiv konsekvens, der ein arealendring er vurdert til å vere positiv for det aktuelle tema. Beige er ingen vesentleg konsekvens, og arealendringa er vurdert til å vere akseptabelt. Oransje er liten negativ konsekvens, og det må vurderast om endringa skal innlemmast i planen basert på behov og kor realistisk prosjektet er. Raudt er middels og stor negativ konsekvens. Då er arealendringa i konflikt med viktige omsyn, og endringa blir sannsynlegvis ikkje innlemma i planen. Dei ulike omsyna er tillagt ulik vekt.

Miljøtema

Tabell 4: Vurdering av konsekvens for utvalde tema. Fargane illustrerer konsekvensnivå.

SYMBOL	KONSEKVENNS	BESKRIVELSE
+++	Stor positiv konsekvens	Store forbetringar i forhold til dagens situasjon. Arealbruk beriker omsynet.
++	Middels positiv konsekvens	Middels store forbetringar i forhold til dagens situasjon. Arealbruk fremmer omsynet.
+	Liten positiv konsekvens	Små forbetringar i forhold til dagens situasjon. Arealbruk fremmar i noko positiv grad omsynet.
0	Ubetydeleg konsekvens	Ingen eller uvesentleg endringar i forhold til dagens situasjon. Arealbruk uvesentleg/ ingen kjent konflikt med aktuelle omsyn,
-	Liten negativ konsekvens	Noko forverring i forhold til dagens situasjon. Arealbruk uheldig, aktuelle omsyn forringas utan å forsvinne.
--	Middels negativ konsekvens	Middels forverring av dagens situasjon. Arealbruk medfører bortfall/ reduksjon av aktuelle omsyn.
---	Stor negativ konsekvens	Stor forverring i forhold til dagens situasjon. Arealbruk uaktuelt.

Samfunnstryggleik

Samfunnstryggleik inkludert klimatilpassing (meir ekstrem nedbør, ras, flaum og auka havnivå), vert vurdert for kvart enkeltområde saman med miljøtema.

Tabell 5 Vurdering av samfunnstryggleik

<p>Samfunns-tryggleik inkludert klimatilpassing og havnivåstigning</p>	<p>Svært sårbart. For eit vidt spekter av hendingar/tema kan sikkerheit eller området sin funksjonalitet bli ramma i betydeleg grad slik at akutt fare eller tap av vesentlege samfunnsfunksjonar oppstår.</p> <p>Til dømes er heile eller delar av området i faresone for klimaendringar (ekstrem nedbør, auka havnivå). Nær sårbare objekt og dårleg beredskap forulukker. Stort potensiale for trafikkulukker.</p>	<p>Moderat sårbart. For eit vidt spekter av hendingar kan sikkerheit eller området sin funksjonalitet bli ramma slik at fare eller betydeleg ulempe oppstår.</p> <p>Til dømes er heile eller delar av området i randsone for klimaendringar. Mogleg sårbare objekt nær. Usikker beredskap forulukker. Potensiale for trafikkulukker.</p>	<p>Lite sårbart. Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet vert ramma.</p> <p>Til dømes er det ingen kjende farar knytt til klimaendringar i området. Ingen sårbare objekt i nærleiken. God beredskap forulukker.</p>	<p>Ikkje sårbart. Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe utan at sikkerheit eller området sin funksjonalitet vert ramma.</p> <p>Ikkje relevant for samfunns-tryggleik.</p>
--	---	--	---	---

2.5 Samla vurdering av verknader

I tillegg til vurdering av verknad for enkeltområdet skal det også gjerast ei vurdering av samla verknader for utgreiingstema samla og for arealføremålet samla.

Ei slik vurdering av samla verknad vil gje ein indikasjon på om planframlegget for enkelte tema totalt gjev for store negative verknader. Det vil vere eit viktig grunnlag for ei heilskapleg drøfting av arealbruken og om det må gjerast endringar der dei negative verknadane er store, før planen vert sendt på høyring.

3 Konfliktpotensiale arealbruk på land

Dette kapittel omtalar tema som er lista opp i planprogrammet. Kwart tema beskriv korleis det er for Solund, samt eventuelle utfordringar. Og etter å ha gjort denne skildringa fant ein ut kva for tema det er tenleg å vurdere for kvart enkelt areal (tabellane i kap. 4), og kva som eignar seg best for samla vurdering for heile kommunen. Konsekvensane for alle tema er oppsummert i kapittel 4.2, og i kapittel 7 er det gjort ei samanstilling av konsekvensane.

3.1 Landskap

Landskapet er forma under påverknad frå samspelet mellom naturlege og menneskelege faktorar. Temaet landskapsbilete omfattar dei visuelle kvalitetane i omgjevnadane og korleis desse vert endra som følgje av arealbruk.

Kystlandskapet er i utgangspunktet svært sårbart for inngrep. Særleg er område med sparsamt jorddekke og lite trevegetasjon, svaberg og strender utsett. I avgrensa og konsentrerte kulturlandskap, heiområde, vatn og myrar, og større samanhengande naturområde med snaufjell bør ein og vere varsam med inngrep.

Solund er ei stor og samanhengande øygruppe som strekk seg frå aust mot vest nord for utløpet av Sognefjorden. Ei oppskoren kystlinje gir, forutan kystfjella i søraust, eit småskala preg med eit mylder av vågar, sund, skjergard og småfjordar. Dette dannar mange indre leier med mange varierte og opplevingsrike ferdslेमoglegheitlar. Kommunen representerer eit spesielt og heilskapleg kystlandskap med ei unik samansetning av landformar og kulturmiljø. Devonsk sandstein og konglomerat gjev landskapet i Solund eit særlege og unikt uttrykk.

Norsk Institutt for Jord og Skogkartlegging (NIJOS) [9] har gjort ei inndeling av Norge i landskapsregionar. Solund kommune fell inn under landskapsregion 20 – kystbygdene på Vestlandet, og underregion 20.4. Solund vert der omtalt som ein underregion karakterisert av harde og høgreste bergartar og nakne fjellformasjonar, og med eit landskap med lite lausmassar og vegetasjon.

I publikasjonen «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane» [10] er heile Solund vurdert til landskapsverdi B – Stor regional verdi.

Utvær er verna som eit verdifullt kulturlandskap som representera eit typisk fiskevær.

I Steinsund er det registrert tre regionalt viktige kulturlandskap, der det eine er urterik slåtteeing/beitemark.

Solund har fleire inngrepsfrie område der dei fleste er lokalisert 1-3 km frå inngrep. Utvær, Kråkesteinen og Gåsværet har villmarksprega natur då desse er lokalisert over 5 km frå inngrep.

Strandsoneanalysen for Solund vart utarbeidd i samband med førre revisjon i 2008. Vurderingane i denne fangar opp viktige nasjonale føringar mtp. strandsonevern som også er vurdert til å vere vedtaksrelevante i dag. Mange av arealjusteringane i denne rulleringa er lokalisert i strandsona, og dette fører til at tiltaka blir eksponert, og påverkar landskapet. Endringane bygger i stor grad oppom dagens byggjesstruktur og er difor vurdert til vere av eit mindre omfang.

3.2 Strandsone

Strandsona er ein nemning på 100- metersbeltet langs sjø. Plan- og bygningslova seier at det skal takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser langs sjø og vassdrag. Det er eit generelt byggjeforbod i 100-metersbeltet, med mindre det er sett andre føringar i kommunale- og/eller reguleringsplanar.

Solund er ei øykommune med over tusen små øyar, holmar og skjær, med eit areal på 228 km². Landskapet i Solund er slik at strandsona mange stader blir berørt når ein legg til rette for nye tiltak. Å forvalte ei slik strandsone gjev utfordringar som er viktige å sjå i heilskap. I Solund er strandsona vanskeleg å definere då den er så mykje: små øyar, holmar og skjær, bratte skrentar og slake svaberg, fjører og små strender [7].

Havet og kystsona har alltid vore viktig for Solund for fiske, akvakultur, som transportåre og til friluftsliv. Strandsona har også stor betydning for biologisk mangfald.

Solund kommune er definert til å vere eit område med mindre press på areala i følgje den statlege planretningslina for differensiert forvaltning [13].

Strandsona er viktig for landskapsverdiane, friluftslivet og naturmangfaldet, og strandsona er difor også vurdert for desse tema. Men omfanget kan varierast utifrå lokalitet og påverknad. For ikkje å få ei unødig dobbeltvektning i vurderinga av temaet under strandsona har ein forsøkt å ikkje leggje vekt på verdiane som er vurdert i dei andre tema. Ein har derimot sett på strandsona som ein generell verdi og vurdert det oppimot den funksjonelle strandsona¹. Fysiske anlegg vil avgrense den funksjonelle strandsona, slik som veg (med unntak av veg til utmark, for eksempel til naust), bygningar, men også topografi kan vere ei avgrensande faktor.

Nesten alle av nye tiltak i denne rulleringa er lokalisert i strandsona, og det kan difor tyde på at mange av arealendringane vil kome i berøring med strandsona.

Temaet vert vurdert for kvart areal.

3.3 Naturmangfald

Naturmangfald er alle variasjonar av liv som finst i naturen. Det vil sei mangfaldet av alle levande artar i alle geografiske område, som bl.a. fjell, kyst, vatn, elvar osv. Omgrepet naturmangfald vert også brukt om mangfaldet innanfor ulike artar, mellom artar og mellom økosystema² som artane lever i.

Omdisponerte areal som er lokalisert nær økologiske funksjonar til ein art vil kunne verte påverka. I kva grad dei tilgrensande areala vert påverka, vil variere både geografisk og i forhold til topografi samt type artar. I tillegg kjem fragmenteringseffektar i form av at område vert delt opp.

Det varierte og særprega landskapet i Solund har ein berggrunn som gjev opphav til lite og nøysam vegetasjon, men fleire stader er det innslag av rik og kravfull flora. Klimaet er sterkt oseanisk og kystbundne artar er typiske, der fleire har sine nordlegaste førekomst i landet her. Dette gjeld truleg varmekjære artar som toler lite frost, men også meir sjeldne artar som krev mykje nedbør og høg luftfuktigheit.

Solund kommune kartla biologisk mangfald i perioden 2000-2006 [11]. Alle dei sju hovudnaturtypane førekjem i Solund; myr, rasmark/berg og kantkratt, fjell, kulturlandskap, ferskvatn/våtmark, skog og havstrand/kyst. Under skoggrensa er det mykje berg, rasmark og kantkratt. Dei fleste av desse er artsfattige, men nokre stader har ein funne sjeldsynte artar, derav raudlisteartar. Verdfulle skogsmiljø i Solund består av varmekjær lauvskog og kystnær furuskog. Desse skogsmiljøa er helst i indre delar av kommunen. Solund har elles lite skog. Det er få lokalitetar knytt til miljøet havstrand/kyst, og ei viktig forklaring til dette er at det meste av strandlina er omfatta av hardt berg. Nordvendte kystberg er trekt fram som verdifull naturtype.

I februar 2019 [12] vart det publisert at Fylkesmannen i Vestland på oppdrag frå Miljødirektoratet har gjennomført ei naturfagleg vurdering. Fylkesmannen har identifisert område som kan bidra til å nå Stortinget sitt mål om representativt vern av norsk natur. Skog og sjø er ikkje tatt med i vurderinga. Solund kommune har fem kandidat område på lista; Stroka, Pollatinden, Steinsund, Botnefjellet og Kolgrov Sør. Dei har ikkje fått arealavgrensing då dette blir gjort seinare ved eit eventuelt vernearbeid.

I alt er det påvist 87 verdfulle naturområde i Solund med grunnlag i DN sitt system for naturtypekartlegging (2007). Av desse har 38 status *svært viktig* (A), 32 viktig (B), 15 lokalt viktig (C) og 2 uprioritert (U). Solund har 10 naturvernområde. Sju av desse er naturreservat for sjøfugl, to er skogvern og ein er edellauvskog/rike lauvskogar.

¹ Den sona som står i innbyrdes samspel med sjøen både topografisk, økologisk, samt bruksmessig

² Eit økosystem er eit samfunn av forskjellige artar (sopp, plantar, dyr, bakteriar osv.), og eit økosystem kan vere lite eller stort. F.eks. ein hula trestamme eller ein skog.

I 2010 og 2011 vart det utført undersøkingar av naturverdiar på dei fem øyene Oddekalven, Indrøyna, Lågøyna, Færøyna og Hågøyna i Midtre Solund [13]. Hovudtrekka i vegetasjonen er knytt til kulturlandskapet. Kystlynghei er den dominerande naturtypen. Kystlynghei kan berre oppstå der gjennomsnittstemperaturen ligger over frysepunktet gjennom heile vinteren. Det er også registrert naturverdiar på grasmarksområde i naturbeitemark, slåttemark og beita strandeng. I grasmarksområda er naturengplanter og beitemarksopp registrert. Ved feltarbeidet vart det registrert til saman 176 forskjellige planteartar, 28 arter av beitemarkssopp og tre soppar som høyrer til i mosaikkane med kystlynghei og grasmark. Generelt er det meir nakent berg enn jorddekt mark på øyene. Lausmasser av tynne morenelag, forvittringsmateriale, torv og marine avsetningar ligger som oftast i smale dalgangar, sprekker og bukter der det er flatare terreng. Mange stader dannar terrengformasjonane små, spesielle miljø der ein kan finne interessant og særpreget biomangfald. Isen har lagt igjen stein og store flyttblokker av konglomerat, som ofte kan sjå ut som om dei er strødd utover landskapet, og som også bidrar med spesielle nisjar.

Solund har mange raudlisteartar av sjøfuglar, og sopp. Sistnemnte spesielt i kulturlandskapet. Øygruppene ytst i kommunen er registrert som inngrepsfri natur med over 5 km frå tekniske inngrep, mens nokre indre delar er registrert med inntil 1-3 km frå inngrep. Dette er areal med villmarksprega natur med verdi for fleire artar, særleg sjøfugl.

På Norde Eidsvågen og Kjerringvågen er det fjordar med naturleg lågt oksygennivå som har viktig verdi.

I tillegg til sjø er det mange ferskvatn og våtmarker i Solund, og desse er økologiske funksjonsområde for mange artar. Det er difor truleg at mange nye tiltak vil kome i konflikt med naturmangfaldet.

Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som tilstrekkeleg til å vurdere konsekvensane på kommuneplannivået og temaet vert vurdert for kvart areal.

3.4 Naturressursar

Temaet omfattar skogbruk, jordbruk, mineralressursar, fiskeri og gytefelt. Naturressursar er vatn, fiskeressursar, dyrkbare areal, mineral og andre råstoff.

Ein ser her på naturressursar utifrå samfunnet sine interesser og behov for å ha ressursgrunnlaget tilgjengeleg for framtida. Det gjelder både som grunnlag for sysselsetting og verdiskaping og av omsyn til samfunnstryggleik.

Innmarksareala i Solund er små og oppdelte, og historisk sett har det meste av landareala vore nytta til landbruksproduksjon, der lyngmarka har vore viktig. Det gamle jordbrukslandskapet med mosaikkprega landskap med innmark mellom konglomeratberg og naturbeitemarker med lynghei og grasmark pregar enno landskapet i Solund. Men fleire stader er jordbrukslandskapet truga av attgroing, samt lite rasjonell og moderne drift.

Krakksfjellet har eit større område med verna barskog. Dette er det største tydelege samanhengande skogsområdet i Solund, og ligg heilt nord-aust i kommunen. Elles finn ein små skogar av lauv- eller bartre innimellom. Dess lenger vest ein kjem blir også skogsområda mindre. Og heilt ytst i havgapet er det få førekomstar av tre, og vegetasjonen er i busk- og feltsjiktet.

I sjøareala er det lokalisert fleire låssetjingsplassar, og større gyteområde for torsk. Alle felta, med unntak av eitt, er lokalt viktige (verdi C). Gytefeltet i Nessefjorden er regionalt viktig med verdi B.

Truleg halvparten av arealendingane kan kome i konflikt med naturressursar.

Temaet vert vurdert for kvart areal.

3.5 Kulturarv

Kulturarv er definert som materielle og immaterielle spor etter menneskelege verksemd. Det er dei materielle spora etter menneska si verksemd som er i fokus.

Temaet omfattar tre tema:

- **Kulturminne:** Konkrete spor etter eldre tider, og er som regel synbare. Eksempel er buplassar, bygningar, arbeids- og verkstads plasser, eller spor etter slike, spor etter åkerbruk, kyrkjestad, helleristningar m.m. Kulturminne som er eldre enn år 1537, samiske kulturminna som er meir enn hundre år gamle, samt båtvrak som er eldre enn 100 år, er automatisk freda. Ståande byggverk med oppføring frå perioden 1537–1649 er også automatisk freda. Yngre faste kulturminne kan fredast ved særskild vedtak.
- **Kulturmiljø:** eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Eksempel er setergrend, fiskevær, industriområde eller naturelement med kulturhistorisk verdi.
- **Kulturhistoriske landskap:** landskap som er påverka av menneska, og er resultat av samspelet mellom menneske og natur. Eksempel er slåttemark, beitemark, skogshagar og andre naturtypar.

Solund er rikt på kulturminne. Dei femner om funn frå eldre steinalder, via jernalder og fram til i dag. Av kulturminne finn ein alt frå vasstandsmerke i berget, fyrstasjon (Utvær), busetjing/aktivitetsområde, skipsfunn, naustområde, hamneområde, husmannsplassar, kyrkjestadar, gravplassar osv. Områda som skil seg ut er stadene som er knytt til historiske hendingar og tradisjonar som landbruk og fiske. Fiske og landbruk har vore dei viktigaste næringane i Solund, men også handel og industri. Tradisjonelt har busetnaden leie nær sjø, i le for vind og vær. Husa har vore frå lite til ikkje synleg på større avstand. Bygningane har vore tilpassa terrengformane.

Losna-ætta med namnet sitt knytt til Losna, den austlegaste øya i Solund, vart ei av dei rikaste og mektigaste stormannsætter på 1300- og 1400-talet. Det einaste ein veit som kan tyde på at det budde velstående folk på Losna i mellomalderen, er at det var kyrkje der, og at den vart lagt ned mellom 1360 og 1585 (Starheim, 2010).

Veganlegget mellom Krakhella og Hardbakke har vernestatus statleg listeført³.

Solund har tre kyrkjestader frå middelalderen, Losna, Lågøy, og Utvær. Kapellet frå Utvær vart flytta til Husøy i 1718. Det er tre kyrkjestader frå 1800-talet, Straumen (Husøy kyrkje), Hardbakke (Solund kyrkje) og Hersvik.

I strandsoneanalysen [7] er det trekt fram nitten kulturmiljø som er viktige å ta omsyn til når ein forvaltar areala i Solund. Desse er lokalisert her: Utvær, Husøy, Ytrøygrend, Kolgrov, Dalesundet/Steindal, Tungodden, Hardbakke, Oddekalv, Indrøy, Gåsvær, Råke m/Råkeneset, Stokkevåg og omegn, Lågøy, Nessa, Tverrangspollen, Hersvikbygda, Færøy, Buskøy og Losna.

Solund har fleire viktige kulturlandskapsområde. Utvær er plukka ut som eit av 104 nasjonalt viktige kulturlandskap. Kystlynghei og grasprega naturbeitemarker er truga naturtypar som Solund enno har nokså rikt innslag av. Solund har difor eit særleg ansvar for å ta vare på desse kulturmarkstypene. Utmarka har vore ein viktig faktor i matproduksjonen i Solund, slik sett er det lokalt viktig å ta vare på utmarka sine moglegeheiter for ein berekraftig landbruksproduksjon [14].

For mange av dei nye arealendringane er det truleg at dei vil kome i konflikt med kulturarv då Solund har mange historiske og kulturelle verdiar.

Temaet vert vurdert for kvart areal.

3.6 Friluftsliv, by- og bygdeliv (herunder også born og unge)

Friluftsliv er definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft på fritida med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Omgrepet by- og bygdeliv definerast som opphald og fysisk aktivitet i tettstader.

³ Kulturminne som staten ser på som verneverdig, men som ikkje har formell vern etter lov.

Temaet omfattar friluftslivområde på land og i sjø, Registreringar frå FRIDA⁴ er teke med, men vekta ulikt ut frå kor eigna områda er i dag. Funksjonell strandsone nær veg er i hovudsak rekna som viktige område for friluftsliv.

Utvær har eit særprega kystlandskap og består av fleire øyar og holmar. Hognefjorden/Færøy har eit særlege naturområde, og er populært som båtutfartsområde pga. alle øyane og holmane. Ospa er også mykje nytta som rekreasjonsområde, bl.a. med båt mellom vikar og vågar.

Med aktivitetsanlegg på Hardbakke, og store samanhengande fjellområde som nærmaste nabo elles i Solund ligg tilhøva godt til rette for rekreasjon og friluftsliv både sommar og vinter.

Det bur vel 800 i kommunen per 3. kvartal 2019. Folketalet har gått svakt nedover i lang tid, men stabilisert seg i 2016 og gått litt opp dei siste åra. Delen eldre vil auke framover mot 2030. Busetnaden har tradisjonelt sett leie nær sjø, i le for vind og vær. Bygningane hadde tilknytning til jordbruk og fiske. Det var sjøvegen som var hovudtransportåra, og denne er framleis viktig i dag.

Solund har fire nordsjøløyper. Desse er lokalisert på Utvær, Stokkevåg, Ytre Sula og Espa på Færøyna.

Når det gjeld barn og unge sine interesser, er det først og fremst snakk om å sikre gode oppvekstmiljø, ta vare på område som er i bruk til uorganiserte aktivitetar og å sikre område for lek i nye byggeområde. Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge sine interesser i planlegginga seier blant anna at areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare, samt at ein i nærmiljøet skal kunne finne areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø.

Store delar av kommunen er kartlagt som friluftsansreal med høg kvalitet og svært viktig verdi.

Solund er ein populær kommune for dei som er glad i båt- og friluftsliv, og kommunen har ein del attraktive utfarts- og rekreasjonsområde. Verknadane av tiltak kan medføre at eit område som blir brukt til rekreasjonsområde mistar sin verdi. Nokre av områda vil truleg kome i konflikt med friluftslivet, kanskje særskilt der det ikkje er bebyggelse i området frå før.

Temaet vert vurdert for kvart areal.

3.7 Samfunnstryggleik

Klimaendringane gjer at faren for ekstremvær aukar. Meir nedbør gjev større risiko for vegstengingar på grunn av ras eller utgraving, og auka havnivå trugar sjønær bygg og infrastruktur. Ekstremværet trugar også særskilt straum- og telenettet.

Å ta omsyn til klimasårbarheit i arealplanlegginga er derfor eit viktig grep, men det er ei utfordring både økonomisk og teknisk. Næringslivet i Solund er stadbunden og må utvikle seg i stor grad der dei naturgeevne tilhøva er best.

Klimaendringane er tydelegare og det må rettast merksemd både mot utsleppsreduksjon og tilpassing til meir ekstremvær i all planlegging.

Aktsemdskart for radon [15] viser at enkelte område i Solund har moderat til låg risiko.

Havnivåstigning

Det er forventa at havnivået vil stige som fylgje av klimaendringar. Det er to hovudårsaker til at havnivået stig; for det første skjer det ei såkalla termisk utviding av havet (varmare vatn tek større plass), og i tillegg smeltar landbasert is (Grønland og Antarktis er særleg viktig). Stigning i havnivået kan føre til at stormflod og bølger trekker lengre inn på land enn det som er tilfelle i dag. Sjølv i eit brattlendt fylke som Sogn og Fjordane kan difor stormflodepisodane ventast å verte ei større utfordring i framtida enn i dag. Det må difor takast omsyn til havnivåstigning og framtidig stormflodnivå i all planlegging.

⁴ Lokalt viktige friluftsområde

Bjerknessenteret har på oppdrag frå Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB) utarbeidd ein rapport om havnivåstigning i Norske kystkommunar. I Solund kommune er havnivåstigninga i år 2100 berekna til 70 cm og stormflo (20-års returintervall) til 141 cm over NN1954 (kote null). For hendingar med returintervall på 200-år er stormflo berekna til 155 cm over NN1954 (kote null). I rapporten er det peikt på at det er uvisse knytt til resultatata. For nærmare gjennomgang av uvissa, viser ein til rapporten som er utarbeidd av Bjerknessenteret. Høgda må justerast med 5 cm for å få verdien for NN2000 over middelvatn.

Beredskap og ulukkesrisiko

Brannvernet i Solund er delt inn i førebyggjande arbeid og beredskapsarbeid.

Solund kommune har hovudbrannstasjon på Hardbakke og depot i Hjørnevåg i Ytre Solund. Beredskap for sløkking og redning ved brann og ulykke er ivareteke med eit deltidsmannskap på til saman 22 personar.

Ein har sett på avstandar mellom byggeområde og brannstasjon. Ein har ikkje vurdert ut frå vegstandard og brannmannskap si utrykkingstid til brannstasjon. Byggeområde som er lokalisert under 35 minutt frå brannstasjon er i konsekvensutgreiinga vurdert til å vere lite sårbart for beredskap, medan byggeområde på øyar, og stader som ligg ugunstig til for brannvesen å kome til vert vurdert med svært sårbart. Generelt vil ikkje brannvernomsyn vere hinder for ny utbygging i kommunen. Men ved særskilde tilhøve må ein gjere tilpassingar for å sikre at brannvern vert tatt omsyn til.

Solund har hatt 11 skadar i trafikken, men ingen dødsulykker på vegane dei siste 15 åra.

Temaet samfunnstryggleik med naturfarar og beredskap vert vurdert for kvart areal.

3.8 Estetikk

Prinsippet om estetisk utforming er nedfelt i føremålsparagrafen til plan- og bygningslova. Omgrepet estetikk er i dette planarbeidet knytt til dei visuelle kvalitetane i byggverk (veg, bru, masseuttak, bygningar osv.) og fysiske omgjevnader (utbygde område, landskap osv.).

På dette nivået veit ein lite om dei meir detaljerte landskapsverknadene eller det endelege arkitektoniske uttrykket dei ulike framlegga til tiltak vil kunne få.

Det ein kan vurdere på dette nivå er (fyrst) korleis tiltaket påverkar dei overordna landskapsverdiane i området. Ein må då vurdere om tiltaket, slik det er lokalisert og forma, kan kome til å påverke sterkt eller til og med øydelegge kulturlandskap- og naturområde med store eller svært store verdier, og om ein ut i frå desse verdiane kan tilrå tiltaket.

I tillegg kan ein vurdere om ein kan redusere negativ påverknad av dei lokale landskapsverdiane. Dette kan gjelde lokalt viktige naturformer, silhuettar, strandliner, visuelle knutepunkt (som t.d. eit nes eller ein markert haugtopp), og lokale kulturminne som viktige tun, bøar med fine kulturlandskapselement som murar og styingstre osv.. Ein undersøker då om ein ved å redusere omfanget av tiltaket, ved til dømes å gjere det mindre, legge det lågare i terrenget, trekke det unna t.d. ei strandline vil kunne redusere dei negative verknadene. I nokre tilfelle er dette ikkje mogeleg, då må ein vurdere om ein ut ifrå landskapsbiletet kan tilrå eller ikkje tilrå tiltaket.

Temaet vert vurdert under landskap for kvart enkelt tema.

3.9 Verneverdiar i verna vassdrag

Eit vassdrag er i snever forstand ferskvatnet sitt løp i bekkar og elvar og gjennom innsjøar til utløpet i havet.

I Solund er det eitt verna vassdrag, Engevikvassdraget. Det er lokalisert nordaust på øya Sula ytst i Sognefjorden. Nedbørsfeltet er på 9 km². Vassdraget er eit typisk kystvassdrag med spreidd furuvegetasjon og bart berg, også vasskvaliteten er karakteristisk for vassdrag med nær beliggenhet til havet.

Landskapet her er prega av bare, avrunda fjellknausar med mange sprekkar og hyller. I nedbørsfeltet er det stor variasjon frå myrdrag og små tjern til større vatn. Vegetasjonen består av spreidde furubestandar og lynchheier.

Vassdraget har meget stor verneverdi for botanikk, og stor verneverdi for landfauna og friluftinteresser.

Dei nye areala som er føreslått kjem ikkje i konflikt med vassdraget.

Temaet vert vurdert samla for heile kommunen.

3.10 Lokal utvikling

Aktuelle arealendringar vert vurdert opp mot utviklingsmål i Solund kommune sin samfunnsplan. Dette gjeld utviklingsmoglegheiter for arbeidsplassar og å ha god tilgang på bustadar i heile kommunen. Samfunnsplanen legg opp til at dette skal gjerast ved at det er mogleg med busetnad i heile kommunen.

Under dette tema vert det også gjort ei vurdering av verknader knytt til teknisk og sosial infrastruktur som til dømes soltilhøve, brattlende, nærleik til skule, barnehage, ureining, støy, vassforsyning og transport. Her inngår også vurdering av folkehelse og oppvekstvilkår for barn og unge.

Fleire eldre og færre unge gjer at omsorgsbyrden aukar på dei som er i arbeidsfør alder og dette krev endring i dei kommunale tenestene og nye samarbeidsmetodar. Situasjonen byr på fleire moglegheiter og utfordringar enn ein har sett til no.

Hardbakke er kommunesenter, og er sentralt plassert i kommunen. Det er den største bygda og har størst aktivitet når det gjeld fritid, næring og arbeidsplassar. Alle offentlege instansar er samla her, samt barnehage og barne- og ungdomsskule.

Nordre Solund har offentlege båtrutar, og det er i gang med utbygging av fiber.

Den digitale infrastrukturen i Solund har betra seg veldig dei siste åra. Fiberutbygginga har kome svært langt, samanlikna med andre samanliknbare kommunar. Mobildekninga kan bli betre fleire stader, men dette vert det jobba kontinuerleg med.

Utfordringa i Solund er store avstandar og uoptimale kollektivtransporttilbod til organiserte aktivitetar. Mange er avhengig av bil eller eit nettverk som kan bistå, nokon er i tillegg begrensa av ferjetilbodet.

Aktivitetstypar er begrensa i utval, men er med unntak av aldersgrenser i særskilde høve, opne for alle. Dei fleste aktivitetar er på ettermiddag i kvardagane. Aktiv på Dagtid er eit kommunalt lågterskeltilbod, som sikrar eit aktivitetstilbod for vaksne, på dagtid [16].

Offentlege tilbod handlar her om transport, bl.a. båtruter. Solund er i dag ganske godt dekkja med ekspressbåtruter nord/sør, skyssbåtruter lokalt og godsroute på sjø.

Energiforsynings situasjonen er i dag god i store delar av Solund.

Solund si folkehelseoversikt [16] gjev til ein kvar tid eit bilete over hovudutfordringar og suksessar i kommunen. Så skal tiltak iverksetjast for å møte desse utfordringane.

Kommunen har ansvar for at avlaupssystem vert godkjende i høve utsleppskrav. Mange private enkeltanlegg gjev dårleg samfunnsøkonomi. Slike anlegg er likevel naudsynte i spreidde område pga. at kommunen ikkje har bygd ut leidningsnett.


Hardbakke har gode offentlege tenester med skule og barnehage og fungerer godt som eit nærmiljøanlegg, men det er ikkje i gangavstand for særleg mange. For tema som folkehelse, bu- og oppvekstmiljø og sosial

infrastruktur er ein i store delar av kommunen avhengig av lokale initiativ og aktivitetar, slik det tradisjonelt er på bygdene. For deltaking i større miljø og eit breiare aktivitetstilbod vil ein vere avhengig av å kome seg til Hardbakke eller ut av kommunen.

Ikkje alle finn seg til rette i tradisjonelle organiserte aktivitetar, og ein må sikre at det finst tilbod å delta i utanom desse. Uorganisert aktivitet som friluftaktivitetar og anna mosjon er lett tilgjengeleg i Solund. Dei fleste i landet som er over 15 år får sin trim via friluftaktivitetar og uorganisert mosjon. Denne typen trening har auka, og fordelene med slik aktivitet er at den er lett tilgjengeleg. Mykje av dagens utbygging og tilrettelegging av anlegg, skjer med tanke på organisert trening slik den drives i idrettslaga. Dermed treff den ikkje alle. Den dekkjer ei treningsform som hovudsakeleg born og ungdommen nyttar, og i liten grad dei vaksne.

Ureining, støy og miljø

Det er på miljøstatus.no registrert ureina grunn på land og i sjø på og ved Solund Verft ved Pollen. Raudt viser alvorleg ureining der tiltak er nødvendig, medan gult betyr at området kan brukast med restriksjonar. Elles er det i liten grad ureiningsutfordringar i høve støy og grunnforureining.



Førebygging gjennom riktig arealbruk er sannsynleg det mest kostnadseffektive tiltaket i forhold til støy. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegginga, T-1442, skal leggast til grunn ved planlegging og behandling av enkeltsaker etter plan- og bygningslova.

Forslag til omdisponering som heilt klart ikkje kan få akseptable miljøforhold (nært støykjelder og ureina område) på grunn av eksisterande belastning i utgangspunktet er vurdert negativt.

Utbyggingsforslag som i seg sjølv utløyser vesentleg auka støy eller anna ureining nær støyomfintlege areal og sårbare omgjevnader er vurdert negativt.

Det er sett krav om at tiltak nær støyomfintlege areal skal tilfredsstillere retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442.

Vassforsyning

Solund har i dag 12 kjende vasskjelder. Nesvatnet (Kolgrov), Dalevatnet, Måsevatnet (Eide), Kvernhusvatnet, Storehogvatnet, Buskøyvatnet (Buskøy), Olavatnet (Ytrøy), Janvatnet (Ytrøy). Vestefosstjenna, Kvernhusvatnet (Hersvik), Bestefarstjøna (Nordre Hjørnevåg) og Storevatnet (Hardbakke).

Storevatnet vert regulert av Lia Laks AS med opp til 4 meter. Det vert til tider mykje erosjon og høgt fargetal. Det ligg m.a. fylkesveg og skytebane med veg fram i tilsigsområdet. Vegen til skytebana har i den seinare tid vorte meir nytta til andre føremål og folk tek med seg dyr inn i området. Dette er i strid med drikkevassforskrifta. I samråd med kommunelegen og i samsvar med beredskapsplanen har ein prøvd å gjera tiltak for å redusera slik aktivitet, men det syner seg vanskeleg.

Valsvatnet og Klubbevatnet peikar seg ut som reservevasskjelder for Hardbakke Vassverk, og desse, inkludert tilsigsområda vert med i vurderinga. Det same gjeld Råkevatnet med tilsigsområde, som er alternativ vasskjelde til Storevatnet. Det vil ta tid å byggje ut og leggje om til ny vasskjelde. Samstundes må ein setje tydelege avgrensingar for ferdsel m.m. i tilsigsområdet.

Nytt høgdebasseng i Hardbakke er naudsynt for å ha sikker vassforsyning i heile Hardbakke og ha tilstrekkeleg brannvassforsyning. Når det gjeld vasskjeldene må ein gjennom ein prosess med prøvetaking og forprosjekt før ein kan konkludere endeleg med kva kjelder som skal veljast, men det er viktig at alle dei nemnde vassreservoar vert sikra til vassforsyning til Hardbakke tettstad.

Etter plan- og bygningslova kapittel 27 er det den som deler av ein eigedom som skal sørge for at ny eigedom får rettigheter til veg, vatn- og avlaup.

Om lag 65 % av befolkninga har privat vassforsyning, og desse er ikkje meldepliktige. Men dei meldepliktige vassforsyningane er dokumentert rein over tid. Det er ikkje kjent om det er bakteriar i drikkevatnet i Solund som gir symptom frå mage-/tarmkanalen.

Transport og infrastruktur

Frå fastlandet skjer tilkomsten via sjøvegen, anten hurtigbåt, ferje (til Krakhella) eller eigen båt. Til Ytre Solund går det ferje frå Daløy til Haldorsneset. Det går også lokale skyssbåtar.

Solund har relativt gode kommunikasjonar både sørover og nordover langs kysten. Ekspressbåtruta gjer at ein er om lag to timar frå viktige knutepunkt som Bergen og Florø. Internt i kommunen er hovudtransportmidlet bil, med ferjer og hurtigbåtar som knyter nettverket av øyar saman. Bru over Ytre Steinsund skal realiserast, og vil revolusjonere samferdsla i kommunen med nye reisevegar og moglegheit å ferdast landvegen til og frå Ytre Sula døgnet rundt.

Det er fleire sentrale utfordringar kommunen må ta tak i når det gjeld samferdsel. Det gjeld moglegheiter for kommunikasjon til og frå kommunen, og internt i kommunen. Begge er viktige, og må sjåast i samanheng. Det viktigaste er at det også i framtida vert enkelt for alle innbyggjarane å reise både internt i Solund, og til og frå kommunen. Reiselivet er med på å styrke både dei lokale og regionale rutene.

Bil vil vere eit viktig transportmiddel i Solund uansett på kva måte kollektivtrafikken utviklar seg. Vegstandarden i kommunen må vere god. Samstundes må tilførselsvegar utanfor kommunen vere tilpassa Solund sine behov.

Breibandstilbodet er stadvis godt utbygd, men det må gjerast meir. Mobildekninga er stadvis dårleg og dette er utfordrande mellom anna for tilgang til akutte og halvakkutte helsetenester på telefon.

Status på straumtilførsel er at linjenettet er bra oppdatert. Det vil seie at kommunen kan forsynast frå ein anna kant viss det vert brot på linja.

Vurderingane knytt til lokal utvikling vert ikkje gjort for kvart enkel areal, men samla for heile kommunen. Konkret vert det sett på om dei samla arealendringane bidreg til utviklingsmoglegheiter for arbeidsplassar og god tilgang på bustadar i heile kommunen.

Tabell 6. Vurdering av lokal utvikling.

Lokal utvikling	Endringane er i strid med lokale mål for utvikling. Byggjer ikkje opp om måla i kommunen sin samfunnsplan.	Endringane vil kunne ha negativ innverknad på måloppnåing. Byggjer berre delvis opp om måla i kommunen sin samfunnsplan.	Endringane har ingen negativ innverknad, eller kan verke positivt for måloppnåing. Byggjer opp om måla i kommunen sin samfunnsplan.	Ikkje relevant for lokal måloppnåing.
-----------------	---	---	--	---------------------------------------

3.11 Universell utforming

Føremålet med universell utforming er å auke alle menneske sin moglegheit for å delta i samfunnet ved å lage produkt, bygge omgjevnader, uteområde m.m. brukbare for flest mogleg. Omgrepet tar utgangspunkt i at alle har redusert framkomme ein eller fleire gangar i livet (barn, småbarnsforeldre, eldre og funksjonshemma). Gjennom universell utforming søker ein å lage hovudløyisingar som fungerer for flest mogleg og samtidig unngå at det vert behov for spesialløyisingar for ulike grupper.


Det ligg ikkje føre lokale konkrete mål i forhold til universell utforming som stiller andre krav enn dei som følgjer av teknisk forskrift. I samsvar med overordna føringar er det lagt til grunn at universell utforming skal vere ein premiss i planarbeid.

Teknisk forskrift tek omsyn til UU ved utbygging, og nye bygg er generelt betre på dette området enn eldre.

Temaet vert vurdert samla for heile kommunen.

4 Konsekvensvurdering – delområde på land

Areala som er konsekvensutgreidd er systematisert etter kvar dei er lokalisert i kommunen; ytre (A), nordre (B), søre (C) og indre (D). Enkeltlokalitetane for akvakultur i sjø er delt inn på same måte, jf. kapittel 6.2.




Figur 1: Delområda i kommuneplanarbeidet. Solund kommune.

4.1 Konsekvensvurdering for ny arealbruk på land

A1

Eigedom	19/1, 2, 3, 10 og 11	Storleik omdisponert areal	43,3 daa
Gjeldande føremål	LNF og LNF-spreidd for fritidsbebyggelse	Nytt føremål	LNF-spreidd for fritidsbebyggelse
Beskriving	Utvide området for LNF-spreidd for fritidsbebyggelse på begge sider		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av høg lokal landskapsverdi (A). Øya er innanfor sone 2 (1-3 km frå inngrep) i inngrepsfrie område. Området er vendt mot Oldreneset, og er middels eksponert. Landskapet i området er karakteristisk for Solund, og det er stor grad av variasjon i strandline, jordbruksmark og busetjing. Kulturlandskapet er prega av attgroing.</p>	-
<p>Strandsone Utvidingsareala grenser til sjø. Strandsona er delvis bebygd med fritidsbustader. Innanfor utvidingsareala i aust og i vest er det platå som er høgare enn 20 meter over havet innanfor 100-metersbeltet. Områda er difor definert som å ikkje liggje i den funksjonelle strandsona då ein har kome såpass høgt at ein ikkje lenger kan sei at ein er i strandsona. Strandsoneverdiene er også redusert på grunn av eksisterande bebyggelse. Utbyggingsarealet heilt nord på den midterste odda bør takast ut.</p>	-

<p>Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i tiltaksområdet. I ein landskapsøkologisk samanheng har sjø og landareala stor verdi. Tilgrensande sjøareal er registrert som særleg verdifull/sårbart område for sjøfugl (ligg i nærleik av fleire fuglereservater og det er generelt fleire hekkelokaliteter av ulike artar i området, også raudlista fugl). Auka menneskeleg aktivitet kan påverke fuglelivet negativt.</p>	-
<p>Naturressursar Det er registrert ca. 25 daa med innmarksbeite innanfor området. Mykje av areala er attgrodd. Skogen er registrert som uproduktiv. Lite lokal verdi. Tiltaket legg beslag på jordbruksområdet.</p>	--
<p>Kulturarv Det er ein del SEFRAK-registrerte bygg i området, men og fleire nyare bygningar. Det eldste SEFRAK-huset er sterkt endra.</p> <p>Utanfor tiltaksområdet er det tre kulturminne på same øya. Alle tre er gravminne frå jernalderen, og automatisk freda. Eit av minna ligg like aust for planområde.</p> <p>Lenger aust for området ligg handelsstaden Indrøy frå slutten av 1800-talet. Den er godt synleg i leia ved Ytre Steinsund, og eit slåande døme på korleis ein gründer bygde fram ei allsidig næringsdrift som i neste omgang vart utslått av nye kommunikasjonar og endra ressursgrunnlag.</p> <p>Ein må bevare handelsstaden, og fortetting av fritidshus bør ikkje skje i nærleiken av denne. Ein må og vise omsyn til gravminna.</p>	-
<p>Friluftsliv og bygdeliv Ein liten del av det aktuelle utbyggingsarealet (lengst nord på midtre odde) er kartlagt som del av eit større friluftslivsområde «Ytrøy til Olderkalven» (naturbaseid: FK00020113), der sjøområde med strandsone er registrert som svært viktig. Den kartlagte odda med verdi utgjer ein svært liten del av friluftsområdet og ligg tett opp til areal som frå før er delvis utbygd med fritidsbustader (og er ikkje med i kartlagt friluftslivsområde). Odda i seg sjølv er noko bratt og kanskje mindre eigna til opphald i friluftslivsamanheng, men den ligger ganske tett på sjøarealet i Indrøystraumen. Generelt vert strandsona meir nedbygd, og ei utbygging vil truleg avgrense moglegheit for passasje og opphald i strandkanten.</p>	--
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Fare for havnivåstigning, og stormflo i nordre delar. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Når det gjeld brannberedskap er ein avhengig av båt. Langt frå brannstasjon, og difor lang utrykkingstid (over 35 minutt).</p>	Svært sårbart

Oppsummering

Tiltaket har *liten negativ konsekvens* for fire miljøtema. For naturressursar og friluftsliv har tiltaket *delvis negativ konsekvens* pga. nedbygging av jordbruksareal og passasje i strandsona.

Tiltaket er *svært sårbart* mtp. samfunnstryggleik på grunn av naturfare knytt til havnivå og stormflo, samt lang responstid.

Avbøtande tiltak:

- I strandsona vil framtidig havnivåstigning medføre utfordring for eksisterande fritidsbusetnad under kote 3. Nye føresegner til kommuneplanens arealdel må ta omsyn til havnivåstigning og tilsei at ny bebyggelse må plasserast utanfor fare.
- Det må settast krav om utnyttingsgrad og mønehøgde
- Setje krav om maks tal nye hytter
- Naturfarane må kartleggast før utbygging.
- Byggjegrænse mot sjø må setjast i plankartet.
- Utvidinga kan bli akseptabel, men ein må sikre at det ikkje vert bygd på høgdepartia for å unngå negativ fjernverknad.
- Ein bør setje av Indrøy handelsstad som kulturminne
- Utbyggingsarealet heilt nord på den midterste odda bør takast ut.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen etter å ha tatt ut den midterste odda frå arealet.

A2_1

Eigedom	-	Storleik omdisponert areal	3,4 daa
Gjeldande føremål	Bruk og vern av sjø	Nytt føremål	Småbåthamn
Beskriving	Ynskjer at det vert sett av eit område langs LNFB06 i Søre Hjørnevåg til småbåthamn.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels lokal verdi (B). Området er ei sjøflate i kulturlandskap, og ligg skjerna til i eit trengt sund ved eksisterande bebyggelse. Området er noko eksponert frå bebyggelse i vest, men er ikkje eksponert frå sjøen i Nordrevågen.</p>	0/-
<p>Strandsone</p> <p>Tiltak i sjø. Veggen forbi tiltaksområdet ligg tett mot sjøen. Den funksjonelle strandsona definerast til å gå på nedsida mot sjøen av offentleg veg, og det gjenstår dermed ei smal stripe av strandsona som dermed allereie har redusert strandsoneverdi. Unntaket gjeld området i søraust som har generelle strandsoneverdiar, og dette arealet bør difor takast ut av tiltaksområdet.</p>	-
<p>Naturmangfald</p> <p>Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området. Sjøarealet er registrert som særlig verdifull/sårbart område for sjøfugl (ligg i nærleik av fleire fuglereservater og er generelt fleire hekkelokaliteter av ulike artar i området, også raudlista fugl). I ein landskapsøkologisk samanheng har sjøareala og strandsone stor verdi. Auke i aktivitet på sjøen kan påverke fuglelivet negativt.</p>	-
<p>Naturressursar</p> <p>Det er ikkje jordbruks- eller skogbruksområde innanfor området som er av verdi.</p>	0
<p>Kulturarv</p> <p>Ingen registreringar i eller i nærleiken av området. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv</p> <p>Omdisponering til småbåthamn vil dekke behov for båtplassar for eit stort omland, og er vurdert som positivt for bruksvaliteten og fritidstilbodet for området. Omdisponering til småbåthamn vil i mindre grad føre til privatisering av området, og vil i liten grad vere ein barriere for utøving av friluftsliv. I vika i søraust er det tilgang/naturleg overgang frå land til sjø som tiltaket vil leggje beslag på. Nordsjøløypa Ytre Sula går forbi tiltaksområdet via den kommunale vegen, og tiltaket vil ikkje berøre denne.</p>	-
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit)</p> <p><i>Naturfare:</i> Havnivåstigning <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Når det gjeld brannberedskap er responstida god då brannstasjonen er lokalisert like ved.</p>	Svært sårbart

Oppsummering

For miljøtema medfører tiltaket *ubetydeleg konsekvens* for to tema. For landskapsbilete, strandsone, naturmangfald og friluftsliv har tiltaket *liten negativ konsekvens*. Dette pga. eksponering mot utbygde område, utbygging av vika i søraust, samt at sjøareala og strandsona har økologisk betydning.

Tiltaket er *svært sårbart* mtp. samfunnstryggleik på grunn av havnivå.

Avbøtande tiltak:

- Naturfarane må kartleggast før utbygging.
- Redusere grensa i sør for å unngå båthamn i sjølve vika lengst søraust då dette arealet vil vere ein fordel for både friluftsliv og naturmangfald med tilgang/naturleg overgang frå land til sjø.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med endringane foreslått ovanfor.

A2_2

Eigedom	7/1, 25 og 26 og 5/4.	Storleik omdisponert areal	5,9 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd for bustad
Beskriving	Ynskjer å utvide/justere grenser for LNFB06 slik at også nytt bustadhus i området kjem heilt innanfor grensa for LNFB06. Også er det ynskje om at bebyggelsen i nord kjem innanfor spreidd-området.		



	Vurdering	Konsekvens
Landskapsbilete	Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels lokal verdi (B). Området er i kulturlandskap, og landskapet i området er karakteristisk for Solund. I hovudsak er området lite eksponert frå sjøen.	-

<p>Strandsone Strandsona er prega av inngrep, og er delvis heilt utbygd innanfor tiltaksområdet i nord. Arealet vestover er lite realistisk, og arealet bør reduserast slik at det harmonerer med eksisterande omfang. Utvidingsarealet i sør er allereie utbygd (ortofotoet er ikkje oppdatert), men dette arealet er utanfor det som er definert som funksjonell strandsone pga. etablerte anlegg mot sjø.</p>	-
<p>Naturmangfald I vest er det registrert ein slåtteeing av lokalt viktig verdi (C). Det er ikkje planlagt tiltak i lokaliteten. I ein landskapsøkologisk samanheng har sjø og landareala stor verdi. Tilgrensande sjøareal er registrert som særleg verdifull/sårbart område for sjøfugl, og fuglelivet kan påverkast som resultat av auka menneskeleg aktivitet i strandsona.</p>	-
<p>Naturressursar Det er ikkje jordbruks- eller skogbruksområde innanfor området som er av verdi.</p>	0
<p>Kulturarv Ingen registreringar i eller i nærleiken av området. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Det er lett tilgang til tur- og rekreasjonsområde. Nordsjøløypa Ytre Sula går forbi tiltaksområdet via den kommunale vegen og vidare sørover i terrenget, vest for tiltaksområdet i sør. Badevika inst i Søre Hjørnevåg vert noko brukt lokalt og har stort potensiale til meir bruk, men er registrert som lite tilrettelagt/eigna til bruk (naturbaseid: FK00020064). Elles er sjøarealet inkl. strandsona tett opp til badevika (og steinrøys) i Hjørnevåg vêrhardt med lite holmar og skjer, men er kartlagt som del av eit større friluftsområde med svært stor verdi (FK00020109). Det aktuelle arealet i strandsona er lett tilgjengeleg frå veg, og ligg i delvis utbygd strandsone. Nedbygging av strandsona vil beslaglegge areal med verdiar tett opp til eksisterande fritidsbustader.</p>	-
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Området som er føreslått utvida i nord er innanfor havnivåstigning <i>Beredskap:</i> Når det gjeld brannberedskap er responstida god då brannstasjonen er lokalisert like ved.</p>	Moderat sårbar

Oppsummering

For landskap, strandsoner, naturmangfald og friluftsliv har tiltaket *liten negativ konsekvens*. Dette på grunn av at strandsona har ein landskapsøkologisk samanheng, det er avsett eit større areal langs sjø enn det som er realistisk også har området potensiale til meir bruk. Området er i hovudsak lite eksponert.

Området er *moderat sårbart* med tanke på samfunnstryggleik.

For landskap, naturmangfald og friluftsliv er arealdisponeringa i sør vurdert som kurrant, medan omdisponeringa langs sjø bør avgrensast til å kun innlemme bebygd areal. Tilgang til bading i vika bør oppretthaldast, og ubyggd strandareal med mindre holmar lengst nord bør heldast fri for inngrep.

Avbøtande tiltak:


- Det må settast krav om utnyttingsgrad og mønehøgde
- Byggjegrænse mot sjø må setjast i plankartet.
- Omdisponering i strandlina bør avgrensast til område som alt er utbygd. Tiltaksområdet i nord bør difor difor reduserast.
- Tilgang til og potensiale for bademoglegheit i vika bør oppretthaldast.
- Naturfarane må kartleggast før utbygging.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med endringar i nord.

A8

Eigedom	-	Storleik omdisponert areal	0,7 daa
Gjeldande føremål	LNF og bruk og vern av sjø	Nytt føremål	Molo
Beskriving	Det er ynskje å leggje til rette for molo for å gjere bukta sikrere mot bølger, og leggje til rette for tilflott i vest.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels til stor lokal verdi (B). Området er i ei grøn vik som er typisk identitetsmessig for kommunen. Tiltaket vil gje noko eksponering mot utbygde område, og er middels eksponert mot Rørdalsfjorden. Molo vil bli eit nytt element i området, men kan vere akseptabel i landskapet.</p>	-
<p>Strandsone Tiltak i sjø. Strandsona er i dag berørt av veg, bygningar og anlegg i sjø. Området vert gitt ei ny funksjon i form av molo i tillegg til at det er planlagt sprenging av fjell. Ei arealendring vil endre verdiane knytt til strandsona.</p>	--
<p>Naturmangfald Det er gjort ein enkeltregistrering av lunde ved tiltaksområdet. Arten er lista som sårbar (VU) i raudlista. På same sted er det registrert eit par av havørn som har særleg stor forvaltingsinteresse. Arten er livskraftig, men arten er viktig å ta omsyn til. Begge artane er registrert som stasjonære. Sjøarealet er del av eit større areal registrert som særleg verdifull/sårbart område for sjøfugl (ligg i nærleik av fleire fuglereservat, og det er generelt fleire hekkelokaliteter av ulike artar i området). Auka menneskeleg aktivitet på land og i sjøen kan påverke fuglelivet negativt. Eventuelle sprengingsarbeid og deponering av steinmassar i sjøen vil kunne medføre skade på marint naturmangfald, det same gjeld utfylling i sjø.</p>	-/--
<p>Naturressursar Det er ikkje jordbruks- eller skogbruksområde innanfor området. Dersom tiltaket krever vegtilkomst vil dette sannsynleg kome i konflikt med innmarka på land like aust for moloareal.</p>	-
<p>Kulturarv Det er ein del SEFRAK-registrerte bygg ved området. Det er to kulturminne lenger nord som begge er busetjings-/aktivitetsområde frå steinalderen.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området er ikkje brukt til friluftslivs- rekreasjonsområde. Ingen negativ innverknad for eit nærmiljø-/friluftsområde. Er i nærleiken til lokalt viktige friluftsområde i vest og aust som er registrert i FRIDA. Moglegheit for passasje vil bli opprettheldt.</p>	0
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Havnivåstigning. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Ikkje aktuelt.</p>	Moderat sårbar

Oppsummering

Tiltaket har *ubetydeleg* til *liten negativ konsekvens* for miljøtema, med unntak av landskapsbilete, strandsoner og naturmangfald. For desse har tiltaket *liten* til *middels negativ konsekvens*. Dette pga. noko eksponering mot utbygde område, strandsoneverdiane vert endra, samt at utbygging kan medføre skade på naturmangfald.

Tiltaket er *moderat sårbar* mtp. samfunnstryggleik på grunn av naturfare knytt til havnivå og stormflo. Då tiltaket gjeld molo er noko risiko for materiell skade akseptabel.

Avbøtande tiltak:

- Det er viktig at tiltak i sårbar strandsoner ikkje øydelegg meir enn nødvendig. Bør ikkje vere i konflikt ved eventuelle hekkelokalitetar for sjøfugl.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

A9

Eigedom	11/3	Storleik omdisponert areal	6,5 daa
Gjeldande føremål	LNF og fritidsbebyggelse	Nytt føremål	Fritidsbebyggelse
Beskriving	Utvide området sett av til fritidsbebyggelse H04.		




Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels til stor lokal verdi (B). Området er i ei grøn vik som er typisk identitetsmessig. Det er fritidsbygg i området i dag. Tiltaket vil verte eksponert mot Rørdalsfjorden og mot nabobygg i aust.</p>	-

<p>Strandsone Avstanden mellom føremåls grensa og sjøen varierer mellom 9 og 40 meter. Strandsona er delvis bebygd med fritidsbustader. Ved tiltaksområdet er det eit platå som er høgare enn 20 meter over havet som er innanfor 100-metersbeltet. Området er difor definert som å ikkje liggje i den funksjonelle strandsona då ein har kome såpass høgt at ein ikkje lenger kan sei at ein er i strandsona. Strandsoneverdiene er også redusert på grunn av eksisterande bebyggelse og tilkomstveg.</p>	0
<p>Naturmangfald Det er gjort ein enkeltregistrering av lunde ved tiltaksområdet. Arten er lista som sårbar (VU) i raudlista. På same sted er det registrert eit par av havørn som har særleg stor forvaltingsinteresse. Arten er livskraftig, men arten er viktig å ta omsyn til. Begge artane er registrert som stasjonære. Auka menneskeleg aktivitet på land og i sjøen kan påverke fuglelivet negativt.</p>	-
<p>Naturressursar Arealet er registrert som innmarksbeite (3,7 daa) og vil verte beslaglagt. Sannsynleg ikkje beiteareal av stor kvalitet, men ligg i nærleik av fleire teigar med innmark/overflatedyrka. Vil dermed redusere beiteareal på Kverhella.</p>	-
<p>Kulturarv Det er ein del SEFRAK-registrerte bygg ved området. Det er to kulturminnelokaliteter nordaust for arealet, begge er busetjings-/aktivitetsområde frå steinalderen. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området er ikkje brukt til friluftslivs- rekreasjonsområde. Ingen negativ innverknad for eit nærmiljø-/friluftsområde. Er i nærleiken til lokalt viktige friluftsområde i vest og aust som er registrert i FRIDA, og stort turområde på Ytre Sula registrert med svært stor verdi (naturbaseid: FK00020163)..</p>	0
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) Naturfare: Grensar til havnivåstigning. Beredskap og ulukkesrisiko: Akseptabel uttrykkingstid på rundt 15 minutt.</p>	Moderat sårbar
<p>Oppsummering Tiltaket har <i>liten negativ konsekvens</i> for landskap, naturmangfald og naturressursar. Dette er knytt til at området er eksponert mot fjorden og nabobygg, at tiltaket kan påverke fuglelivet negativt, og at det er registrert innmarksareal på og i nærleiken av området.</p> <p>Tiltaket er <i>moderat sårbart</i> mtp. samfunnstryggleik då det er i grensa til havnivåstigning.</p> <p>Avbøtande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Krav om reguleringsplan - Det må leggast vekt på fjernverknadane i reguleringsplan. <p>Konklusjon Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>	

A10

Eigedom	272/1	Storleik omdisponert areal	2,4 daa
Gjeldande føremål	LNf	Nytt føremål	Næring
Beskriving	Utvide området sett av til næring i gjeldande plan.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor lokal verdi (B). Tiltaksområdet er prega av inngrep, og er lokalisert i ein vik som er typisk identitetsmessig.</p>	0
<p>Strandsone Arealomdisponeringa gjeld ei lita utviding i nord som er utanfor det som er definert som funksjonell strandsone pga. bebyggelsen som er etablert mot sjøen.</p>	0
<p>Naturmangfald Det er gjort ein enkeltregistrering av lunde ved tiltaksområdet. Arten er lista som sårbar (VU) i raudlista. På same sted er det registrert eit par av havørn som har særleg stor forvaltingsinteresse. Arten er livskraftig, men arten er viktig å ta omsyn til. Begge artane er registrert som stasjonære. Auka menneskeleg aktivitet på land og i sjøen kan påverke fuglelivet negativt. Området er alt utbygd og ei arealending vil ikkje påverke naturmangfaldet negativt i vesentleg grad.</p>	0

<p>Naturressursar Teigen ligg i nærleik av andre innmarks- og overflatedyrka teiger registrert på Kverhella. Det er registrert overflatedyrka areal nord for vegen og nytt næringsområde her vil råke minimalt av dette (< 1 daa).</p>	-
<p>Kulturarv Arealdisponeringa er i direkte konflikt med to kulturminnelokaliteter frå steinalderen. Det er ein del SEFRAK-registrerte bygg ved området, samt eitt innanfor tiltaksområdet, på nordsida av vegen er eit fint lite miljø.</p>	- -
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området er ikkje brukt til friluftslivs- rekreasjonsområde. Ingen negativ innverknad for eit nærmiljø-/friluftsområde. Er i nærleiken til lokalt viktige friluftsområde i vest og aust som er registrert i FRIDA og stort turområde på Ytre Sula registrert med svært stor verdi (naturbaseid: FK00020163). Ingen negativ påverknad.</p>	0
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Grensar til skredfare. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Akseptabel utrykkingstid på rundt 15 minutt.</p>	Moderat sårbar

Oppsummering

Tiltaket har *ubetydeleg konsekvens* for miljøtema med unntak av kulturarv som har *middels konsekvens* pga. direkte konflikt med to kulturminnelokalitetar. Tiltaket har også *liten negativ konsekvens* for naturressursar pga. noko inngrep på teig med noko jordbruksverdi.

Tiltaket er *moderat sårbart* mtp. samfunnstryggleik då det grensar til fare for skredfare i aust.

Avbøtande tiltak:

- Må pårekna arkeologisk utgraving.
- Krav om reguleringsplan.
- Området bør begrensast til området sør for vegen.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med endringar, slik at området begrensast til sør for vegen.

A12

Eigedom	11/1	Storleik omdisponert areal	3,2 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd for bustad
Beskriving	Utvide området sett av til spreidd bustad		




Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor lokal verdi (B). Området er lokalisert nord for eksisterande bebyggelse med kulturlandskap. Tiltaket vil gje eksponering mot utbygde område, avhengig av kor mykje terreng og vegetasjon som får stå ved etter utbygging.</p>	-
<p>Strandsone Tiltaksområdet er lokalisert over 55 meter frå det lille sjøarealet i vest. Tiltaket er i område som er utanfor den mest attraktive strandsona bl.a. pga. topografien i den nærmaste delen av sona, i tillegg til at det er god avstand til sjøarealet. Utvidinga kan difor forsvarast.</p>	0
<p>Naturmangfald Det er gjort ein enkeltregistrering av lunde ved tiltaksområdet. Arten er lista som sårbar (VU) i raudlista. På same sted er det registrert eit par av havørn som har særleg stor forvaltingsinteresse. Arten er livskraftig, men arten er viktig å ta omsyn til. Begge artane er registrert som stasjonære, men viktige hekkeområde eller liknande er ikkje registrert i området. Auka menneskeleg aktivitet på land/i utmark kan påverke fuglelivet negativt.</p>	-
<p>Naturressursar Det er ikkje jordbruks- eller skogbruksområde innanfor området som er av verdi. Arealet ligg mellom overflatedyrka mark registrert i nord og sør.</p>	0

<p>Kulturarv Det er ein del SEFRAK-registrerte bygg ved området. Det er to kulturminne i sør som begge er busetjings- aktivitetsområde frå steinalderen. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø</p>	<p>0</p>
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området er ikkje brukt til friluftslivs- rekreasjonsområde. Ingen negativ innverknad for eit nærmiljø-/friluftsområde. Er i nærleiken til lokalt viktige friluftsområde i vest og aust som er registrert i FRIDA og stort turområde på Ytre Sula registrert med svært stor verdi (naturbaseid: FK00020163), men arealet vert ikkje brukt til rekreasjonsområde. Ingen negativ innverknad for nærmiljø-/friluftsområde.</p>	<p>0</p>
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) Naturfare: Ingen fare Beredskap og ulukkesrisiko: Akseptabel utrykkingstid på rundt 15 minutt.</p>	<p>Moderat sårbar</p>
<p>Oppsummering For miljøtema medfører tiltaket <i>liten negativ konsekvens</i> for landskap og naturmangfald pga. eksponering mot utbygde område, samt at tiltaket kan påverke fuglelivet negativt. Tiltaket har samla sett <i>lubetydeleg</i> til <i>liten negativ konsekvens</i> til for miljøtema og er <i>moderat sårbart</i> mtp. samfunnstryggleik på grunn av lang responstid på utrykking.</p> <p>Avbøtande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det må settast krav om utnyttingsgrad og mønehøgde - Byggjegrænse mot sjø må setjast i plankartet. - Vegtilkomst bør ikkje medføre vesentleg negativ verknad for tilgrensande jordbruksareal. <p>Konklusjon Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>	

A20

Eigedom	11/2	Storleik omdisponert areal	2 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	Fritidsbebyggelse
Beskriving	Setje av eksisterande bruk til hytteområde.		



	Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av sterk middels lokal verdi (B). Området er i ei grøn vik som er typisk identitetsmessig. Dei store steinblokkene i området gir eit særpreg i landskapet. Tiltaksområdet er i dag utbygd, og er lokalisert ved foten av eit høgdedrag på opp til 50 høgdemeter, og arealendringa vil ikkje medføre endring i landskapet så lenge det ikkje vert lagt opp til meir fortetting.</p>		0/-
<p>Strandsone</p> <p>Området er utbygd, og grensa er sett langs eksisterande bebyggelse mot sjø. Bebyggelsen i området er etablert langs strandlina. Ei arealendring vil ikkje endre verdiane knytt til strandsona eller allmenta sine interesser til den.</p>		0

<p>Naturmangfald Det er gjort ein enkeltregistrering av lunde ved tiltaksområdet. Arten er lista som sårbar (VU) i raudlista. På same sted er det registrert eit par av havørn som har særleg stor forvaltingsinteresse. Arten er livskraftig, men arten er viktig å ta omsyn til. Begge artane er registrert som stasjonære, men viktige hekkeområde eller liknande er ikkje registrert i området. Auka menneskeleg aktivitet på land og i sjøen kan påverke fuglelivet negativt. Området er alt utbygd og ei arealendring vil ikkje påverke naturmangfaldet negativt i vesentleg grad.</p>	<p>0</p>
<p>Naturressursar Området er utbygd og er delvis registrert som innmarksbeite. Innmarksareal til omdisponering er minimalt (<1 daa).</p>	<p>-</p>
<p>Kulturarv Det er ein del SEFRAK-registrerte bygg ved området, og eitt sefrak-registrert eldhus innanfor tiltaksområdet. Det kan sjå ut som om eldhuset er rive/fjerna. Det er to kulturminne lenger nord som begge er busetjings-/aktivitetsområde frå steinalderen. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø</p>	<p>0</p>
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området er ikkje brukt til friluftslivs- rekreasjonsområde. Ingen negativ innverknad for eit nærmiljø-/friluftsområde. Er i nærleiken til lokalt viktige friluftsområde i vest og aust som er registrert i FRIDA og stort turområde på Ytre Sula registrert med svært stor verdi (naturbaseid: FK00020163).</p>	<p>0</p>
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Skredfare innanfor halve området. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Akseptabel utrykkingstid på rundt 15 minutt.</p>	<p>Svært sårbar</p>
<p>Oppsummering For miljøtema medfører tiltaket <i>ubetydeleg</i> til <i>liten negativ konsekvens</i> for landskapsbilete, naturressursar og kulturarv pga. silhuettverknaden som tiltaket kan medføre, og noko omdisponering av innmarksbeite. Tiltaket er <i>svært sårbart</i> mtp. samfunnstryggleik på grunn av skredfare i halve området.</p> <p>Avbøtande tiltak: - Dei store steinblokkene må takast vare på.</p> <p>Konklusjon Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>	

A14

Eigedom	18/3, 26 og 52	Storleik omdisponert areal	2,1 og 0,3 daa
Gjeldande føremål	Forretning og småbåthamn	Nytt føremål	Næring og hamn
Beskriving	Omdisponere småbåthamna til hamn, og forretning til næring.		





Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels til stor lokal verdi. Området er i eit kystlandskap/fiskevær som vender seg mot Ytrøyosen, og som er typisk for Solund. Området er middels eksponert i høve til utbygde område og utfartsområde, og har mellom dei siste naturprega strandlinene sentralt i været. Tiltaket medfører ei stor endring i landskapet, og kan medføre skjemmande inngrep, men ny plan opnar i hovudsak for utbygging som er gitt løyve til gjennom gjeldande plan. Men ei hamn gir større landskapsinngrep og er meir skjemmande enn småbåthamn.</p>	--
<p>Strandsone Tiltak i sjø og ved sjø. Strandsone her er bebygd og prega av inngrep. Sett i forhold til 0- alternativet er arealet allereie omdisponert i gjeldande plan, og ei omdisponering frå forretning til næring endrar ikkje strandsoneverdiane. Sjørelatert næring veg i mange tilfelle tyngre enn omsynet til allmenta sine interesser.</p>	0

<p>Naturmangfald Det er gjort ein trippelregistrering av stær ved tiltaksområdet. Arten er lista som nært truga (NT) i raudlista. På same sted er det registrert eit individ av gråsisik som har særleg stor forvaltingsinteresse. Arten er livskraftig, men arten er viktig å ta omsyn til. Det er ikkje registrert viktige hekkeområde eller liknande ved området, men sjøarealet er del av stort sjøområde registrert som særleg verdifullt og sårbart for sjøfugl Arealet ligg i eit utbygd område og er avsett til utbygging i gjeldande plan. Eventuelle sprengingsarbeid og deponering av steinmassar i sjøen vil kunne medføre skade på marint naturmangfald, det same gjeld utfylling i sjø.</p>	-/--
<p>Naturressursar 2 daa er registrert som innmarksbeite, der om lag halvparten er i god hevd i dag (overflatedyrka), men omdisponeringa er allereie skjedd i gjeldande plan. Ingen endring ifht dagens arealformål.</p>	0
<p>Kulturarv Det er registrert fleire SEFRAK- registrerte bygg ved området, elles ingen registreringar. Det er eit særmerkt bygningsmiljø i området. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området på land er ikkje brukt til friluftslivs- rekreasjonsområde. Sjøarealet er del av stort friluftsområde Ytrøy til Olderkalven med svært stor verdi (naturbaseid: FK00020113), men tiltaket er minimalt ifht det kartlagde sjøarealet og er ikkje rekna å ha vesentleg negativ innverknad på nærmiljø-/friluftslivinteressar. Omdisponering av sjøarealet er allereie skjedd i gjeldande KPA. Nordsjøløypa Ytre Sula startar i sør for tiltaksområdet via vegen. Ingen negativ innverknad for nærmiljø-/friluftsområde.</p>	0
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Havnivåstigning. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Akseptabel utrykkingstid på rundt 15 minutt. <i>Ureining, støy og miljø:</i></p>	Svært sårbar
<p>Oppsummering For miljøtema medfører tiltaket <i>liten</i> til <i>middels negativ konsekvens</i> for landskap og naturmangfald pga. dei store landskapsinngrepa som utbygging av hamn medfører. Og tiltaket i sjø kan påverke marint naturmangfald negativt. Tiltaket og er <i>svært sårbart</i> mtp. samfunnstryggleik på grunn av havnivåstigning. Avbøtande tiltak: - Byggjegrænse mot sjø må setjast i plankartet. - Kaia må ikkje blir for dominant i landskapet. - Ein bør unngå ikkje heilt naudsynte bygg, utstyr, skilting, lys, lydnivå m.m. på kaia av omsyn til dei lokale landskapsverdiane og friluftslivinteressar i nærliggande sjøområde. Konklusjon Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>	

B2_3

Eigedom	54/4	Storleik omdisponert areal	4,7 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF- spreidd for hytte
Beskriving	Utvide området for spreidd bustad, men då til å vere mogleg å føre opp hytter også.		





Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels til stor lokal verdi. Området er i eit flatt kystlandskap innanfor Leknøyna, og gir difor middels eksponering mot havet. Tiltaket er av avgrensa karakter som kan vere akseptabelt i landskapet.</p>	-
<p>Strandsone Føremålgrensa er mellom 7 og 35 meter frå sjø. Strandsona er delvis utbygd. Eksisterande bebyggelse gjer at den funksjonelle strandsona er avgrensa. Ei utbygging med 1-2 fritidsbustader kan difor forsvarast då desse vert etablert lenger unna sjøen enn eksisterande bebyggelse.</p>	-
<p>Naturmangfald Det er registrert fleire fugleartar ved området. Sjørørre, dvergdykker, storspove (sårbar, VU) Svartand, fiskemåke, stær og gjøk (nært truga, NT) Krykkje og vipe (sterkt truga, EN) Ramsholmen naturreservat er viktig hekkelokalitet for sjøfugl, og er lokalisert i nordvest for tiltaksområdet. Auka menneskeleg aktivitet på land og i sjøen kan påverke fuglelivet negativt. Tiltaket legg opp til ei beskjeden utbygging, men i ein landskapsøkologisk samanheng har landareala ved sjø stor verdi.</p>	-

<p>Naturressursar Ca. 2,5 daa innmarksbeite. Jordbruksareala er små og splitta mellom bustadane, og det same gjeld nokre av skogsareala. Disponeringa fører til beslag, samt fragmentering av jordbruksareal i eit område med ein del registrert jordbruksaktivitet (innmark).</p>	-
<p>Kulturarv Det er ein del SEFRAK-registrerte bygningar ved området, elles ingen andre registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdelig Området er ikkje nytta til friluftsliv eller rekreasjon. I nærleiken er det friluftsiinteresser i Kassevågen som er vurdert til middels lokal verdi, samt, tur-, bade- og grillområde i Trovika og Urdanipa med verdiar for friluftsliv. Utvidinga er nært sjøen, som vil føre til privatisering i strandsona. Det er bebyggelse i strandlina, nord for tiltaksområdet, og tiltaket vil gje ytterlegare utbygging.</p>	-
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Delar av nord er innanfor fare for havnivåstigning. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Responstida er ca. 30 min.</p>	Svært sårbart
<p>Oppsummering Tiltaket har <i>liten negativ konsekvens</i> for landskap, strandsona, naturmangfald, naturressursar og friluftsliv. Grunnen er at tiltaket gir middels eksponering, og er lokalisert i strandsona som har ein landskapsøkologisk verdi. Tiltaket vil også medføre privatisering i strandsona, samt beslaglegging og fragmentering av jordbruksareal (innmark). Tiltaket er <i>svært sårbart</i> mtp. samfunnstryggleik på grunn av havnivåstigning i nordre delar.</p> <p>Avbøtande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det må settast krav om utnyttingsgrad og mønehøgde - Setje krav om maks tal nye bustader/hytter - Naturfarane må kartleggast før utbygging. - Byggjegrænse mot sjø må setjast i plankartet. <p>Konklusjon Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>	

B37

Eigedom	58/1	Storleik omdisponert areal	3,2 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd næring
Beskriving	5 minihytter bygget i tre med utslippsfrie toalettløsninger (gass) og solcelleanlegg på Norde Myra, Buskøy. Størrelsen vi vere 25-30 kvm. Det er ikkje tenkt noko infrastruktur, verken veg eller straum til hyttene, berre ein enkel sti.		



	Vurdering	Konsekvens
Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels til stor lokal verdi. Området er i eit kupert kystlandskap innanfor Buskøyna, og gir difor middels eksponering mot havet. Tiltaket er av avgrensa karakter som kan vere akseptabelt i landskapet.		-
Strandsone Tiltaksområdet er lokalisert min. 7 meter frå sjøen. Ei arealendring vil endre verdiane knytt til ei funksjonell strandsone, og forringe eit område som er fri for utbygging.		-/--
Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlistearter i tiltaksområdet. Holmane i aust er naturreservat for sjøfugl. Tiltaket legg opp til ei beskjeden utbygging, men i ein landskapsøkologisk samanheng har landareala ved sjø stor verdi. Auka menneskeleg aktivitet kan påverke fuglelivet negativt.		--
Naturressursar Mesteparten av arealet er innmarksbeite. Jordbruksarealet vil måtte vike for utbygging.		--
Kulturarv Det er fleire SEFRAK- registrerte bygg i nærleiken, elles ingen andre registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.		0

Friluftsliv og bygdeliv

I nord er det eit større område som er registrert som eit viktig friluftslivsområde utan tilrettelegging. Eit turområde som består av kystlynghei, kystfuruskog og myr. Utvidinga er nær sjøen, som vil føre til privatisering i strandsona, og er eit område som har god tilgjenge til sjøen. Utleiehytter vil ikkje gje den same effekten av privatisering som privathytter, men vil likevel gje fortrengsel for allmenta.

--

Samfunnstryggleik (sårbarheit)

Naturfare: Området grensar til havnivåstigning, men nordlege delar er utsett for flaum.

Beredskap og ulukkesrisiko: Når det gjeld brannberedskap er ein avhengig av båt. Langt frå brannstasjon, og difor lang utrykkingstid (over 35 minutt).

Svært
sårbart

Oppsummering

Tiltaket har *liten negativ konsekvens* for landskap pga. middels eksponering. For strandsona har tiltaket *liten* til *middels konsekvens* grunna forringing av strandsoneverdiane. For naturmangfald, naturressursar og friluftsliv har tiltaket *middels konsekvens*. Grunnen er at tiltaket kan påverke fuglelivet negativt, jordbruksareal må vike og kan føre til fortrengsel for allmenta.

Tiltaket er *svært sårbart* mtp. samfunnstryggleik på grunn av havnivåstigning i nordre delar.

Avbøtande tiltak:

- Det må settast krav om utnyttingsgrad og mønehøgde
- Setje krav om maks tal nye bustader/hytter
- Naturfarane må kartleggast før utbygging.
- Byggjegrænse mot sjø må setjast i plankartet.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

B5_1

Eigedom	56/1	Storleik omdisponert areal	7,1 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd for bustad
Beskriving	Det aktuelle området ligg i Kråkesundet, på Svisskolten. Ynskje om å leggje til rette for bustader.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels lokal verdi (B). Området er inngrepsfritt, og er innanfor sone 2 (1-3 km frå inngrep) i inngrepsfrie område (INON). Det er lite variasjon i landskapet. Området er eksponert mot sjø, og bustadene vil synes når ein ferdast i Kråkøysundet.</p>	-/-
<p>Strandsone Tiltaksområdet er lokalisert over 20 meter frå sjøen. Området ligg på eit platå som er høgare enn 20 meter over havet. Området kan difor definerast til å ikkje ligge i den funksjonelle strandsona då ein har kome såpass høgt at ein ikkje lenger kan påstå at ein er i strandsona. Området nærast sjøen er kupert og difor lite tilgjengeleg. Tiltaket kan difor forsvarast. Tiltaket skjer i eit område utan inngrep.</p>	-

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Konsekvensutgreiing

Oppdragsnr.: 5190096 Dokumentnr.: Versjon: C02

Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar på arealet, men området er viktig for sjøfugl (registrert som særleg viktig og sårbart område). Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak her vil difor vere negativt. Det aktuelle området er registrert som del av eit større nokså inngrepsfritt areal i Solund kommune (stor økologisk verdi for vilt). Tiltak med ev. vegtilkomst/infrastruktur vil medføre ei betydeleg forringing av desse verdiane med nye inngrep, arealtap og større aktivitet.	-
Naturressursar Det er ikkje jordbruks- eller skogbruksområde innanfor området som er av verdi.	0
Kulturarv Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg utanfor området, både i aust og i nord. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.	0
Friluftsliv og bygdeliv Området er innanfor svært viktig/viktig friluftsområde med stor potensiell/ middels bruk på sjø/land. Nokre av verdiane er at det er lite inngrep i landskapet og mange opplevingskvalitetar. Tiltaket kan medføre redusert bruk og redusere attraktiviteten pga. at området vert privatisert med bustader. Synleg i terrenget.	-/--
Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Ingen registrert. <i>Beredskap ogulukkesrisiko:</i> Lang veg til brannstasjon, og avhengig av båt.	Svært sårbart
Oppsummering Tiltaket har <i>liten negativ konsekvens</i> for strandsona og naturmangfald. Grunnen er at tiltaket er definert til å ikkje ligge i den funksjonelle strandsona men som er inngrepsfri, samt at strandsona har ein viktig økologisk funksjon. Tiltaket har <i>liten</i> til <i>middels negativ konsekvens</i> for landskap grunna eksponering mot sjø. Tiltaket er <i>svært sårbart</i> mtp. samfunnstryggleik på grunn av lang veg til brannstasjon, og ein er avhengig av båt. Avbøtande tiltak: <ul style="list-style-type: none">- Det må settast krav om utnyttingsgrad og mønehøgde- Setje krav om maks tal nye bustader- Byggjegrænse mot sjø må setjast i plankartet. Konklusjon Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.	

B33

Eigedom	56,1, 2 og 11	Storleik omdisponert areal	11,9 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	Næring

Beskriving	Det aktuelle området ligg i Kråkesundet, ved Svisskolten.	
		
Vurdering	Konsekvens	
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels lokal verdi (B). Området er innanfor sone 2 (1-3 km frå inngrep) i inngrepsfrie område (INON). Det er lite variasjon i landskapet. Området er lite til ikkje eksponert mot utbygde område og sjø, men vil synes når ein ferdast i Kråkøysundet. Området er prega av tiltak, men ei ytterlegare utbygging vil medføre større endringar i landskapet.</p>	-/-	
<p>Strandsone Området grensar til sjø og er delvis utbygd. Pga. at området nærast sjøen allereie er utbygd er den funksjonelle strandsona avgrensa. Ei omdisponering av areal i strandsona er vurdert som positivt når det skjer i eit område som alt er utbygd til føremålet for å førebyggje utbyggingspress i andre (inngrepsfrie) område.</p>	0	
<p>Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlistearter på arealet, men området er viktig for sjøfugl (registrert som særleg viktig og sårbart område). Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak her vil difor vere negativt. Det er gjort inngrep i store delar av arealet (planering/utfylling i sjø) og delar av området har låg verdi for naturmangfald per dags dato. Aktivitet i området er likevel liten, og lokaliteten ligg innanfor eit større nokså inngrepsfritt naturareal med økologisk verdi for vilt. Ytterlegare inngrep som følgje av vegtilkomst og anna infrastruktur til området vil føre til større forringing av verdiane.</p>	--	
<p>Naturressursar Det er ikkje jordbruks- eller skogbruksområde innanfor området som er av verdi.</p>	0	

<p>Kulturarv Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg utanfor området, både i aust og i nord. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området er innanfor svært viktig friluftsområde med stor potensiell bruk på sjø, og viktig friluftsområde på land med middels bruksintensitet. Tiltaket kan medføre redusert bruk og redusere attraktiviteten ved ei større utbygging. Nokre av verdiane er at det er lite inngrep i landskapet og mange opplevingskvalitetar. Delar av arealet er likevel mindre attraktivt frå før pga eksisterande inngrep inst i vika og ligg noko mindre eksponert (lågare i terrenget).</p>	-
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Havnivåstigning. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Lang veg til brannstasjon, og avhengig av båt.</p>	Svært sårbart

Oppsummering
Tiltaket har liten *negativ konsekvens* for friluftsliv. Grunnen er at tiltaket mistar sin verdi som natur- og rekreasjonsområde. Tiltaket har *liten* til *middels negativ konsekvens* for landskap grunna eksponering mot sjø, og vil medføre større endringar i landskapet. Vidare har tiltaket *middels negativ konsekvens* for naturmangfald pga. at vegtilkomst og anna infrastruktur til området vil føre til større forringing av naturverdiane.

Tiltaket er *svært sårbart* mtp. samfunnstryggleik på grunn av havnivåstigning. I tillegg er det lang veg til brannstasjon, og ein er avhengig av båt.


Avbøtande tiltak:

- Byggjegrænse mot sjø må setjast i plankartet.
- Naturfarane må avklarast før utbygging
- Tiltaket medfører infrastruktur-inngrep i/til eit «inngrepsfritt» område dersom det vert lagt opp til næringsområde. Bør settast eit premiss om sjøbasert aktivitet.

Konklusjon
Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

B13

Eigedom	56/1	Storleik omdisponert areal	4,4 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd for bustad
Beskriving	Det aktuelle området ligg i Kråkesundet, ved Svisskolten. Ynskje om å leggje til rette for fritidsbustader.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilette Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels lokal verdi (B). Området er inngrepsfritt, og er innanfor sone 2 (1-3 km frå inngrep) i inngrepsfrie område (INON). Det er lite variasjon i landskapet. Området er eksponert mot Kråkøysundet og utbygde område.</p>	-/--
<p>Strandsone Tiltaksområdet er lokalisert 10 meter frå sjøen, og 14 meter frå vassdraget. Området ligg på eit platå som er høgare enn 20 meter over havet. Området kan difor definerast til å ikkje liggje i den funksjonelle strandsona då ein har kome såpass høgt at ein ikkje lenger kan påstå at ein er i strandsona. Området nærast sjøen er kupert og difor lite tilgjengeleg. Tiltaket kan difor forsvarast. Tiltaket skjer i eit område utan inngrep.</p>	-
<p>Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar på arealet, men området er viktig for sjøfugl (registrert som særleg viktig og sårbart område). Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak her vil difor vere negativt. Det aktuelle området er registrert som del av eit større inngrepsfritt areal i Solund kommune (stor økologisk verdi for vilt). Tiltaket og evt. vegtilkomst vil medføre ei forringing av desse verdiane med nye inngrep, arealtap og større aktivitet.</p>	--
<p>Naturressursar Det er ikkje jordbruks- eller skogbruksområde innanfor området som er av verdi.</p>	0
<p>Kulturarv Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg utanfor området, både i aust og i nord. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0

Friluftsliv og bygdeliv

Området er innanfor svært viktig friluftsområde med stor potensiell bruk på sjø og viktig friluftsområde på land med middels bruksintensitet. Nokre av verdiane er at det er lite inngrep i landskapet og mange opplevingskvalitetar. Tiltaket kan medføre redusert bruk og redusere attraktiviteten pga. at området vert privatisert med bustader. Synleg i terrenget.

-/--

Samfunnstryggleik (sårbarheit)

Naturfare: Ingen fare registrert.

Beredskap ogulukkesrisiko: Lang veg til brannstasjon, og avhengig av båt.

Svært sårbart

Oppsummering

Tiltaket har *liten* til *middels negativ konsekvens* for landskap, strandsoner og friluftsliv grunna eksponering mot sjø, at tiltaket skjer i eit område utan inngrep, samt at området mistar sin verdi som natur- og rekreasjonsområde. Tiltaket har *middels negativ konsekvens* for naturmangfald pga. at området er lokalisert i strandsona som har ein landskapsøkologisk verdi.

Tiltaket er *svært sårbart* mtp. samfunnstryggleik på grunn av lang veg til brannstasjon, og ein er avhengig av båt.

Avbøtande tiltak:


- Det må settast krav om utnyttingsgrad og mønehøgde
- Setje krav om maks tal nye bustader
- Byggjegrænse mot sjø må setjast i plankartet.

Konklusjon

Forslaget bør ikkje takast med i kommuneplanen pga. middels negativ konsekvens for fleire tema. Bør ikkje legge til rette for nye fritidsbustadområde i «inngrepsfrie» areal og med stor eksponering mot sjø. Nye bustader vil medføre inngrep med infrastruktur utover sjølve utbyggingsområdet.

B6

Eigedom	60/21	Storleik omdisponert areal	0,7 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	Fritids- og turistføremål.
Beskriving	Området ligg på vestsida av Styggevangen på Saltskår. Ynskjer å sette opp 2-3 rorbuer for utleige i søre del av område N29		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor regional verdi (B). Området ligg i ei sørvendt bukt i Saltskoren. Området er noko eksponert, og er ein del av nordre avgrensing av eit område med større visuelle kvalitetar.</p>	-/-
<p>Strandsone Området grensar til sjø. Strandsona er prega av inngrep. For omdisponering i strandsona er det vurdert som positivt at ein legg opp til utbygging ved allereie etablerte anlegg.</p>	0
<p>Naturmangfald Det er gjort ein enkeltregistrering av lomvi ved tiltaksområdet. Arten er lista som kritisk truga (CR) i raudlista. På same sted er det registrert ein enkeltregistrering av havørn, og fleire individ av toppskarv. Dei to sistnemnte artane har særleg stor forvaltingsinteresse. Dei er livskraftig, men arten er viktig å ta omsyn til. Tiltaksområdet ligg mellom to naturreservat som er viktige hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for sjøfugl (svært viktig område). Auka menneskeleg aktivitet på land og i sjøen kan påverke fuglelivet negativt. Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt. Det aktuelle tiltaket er likevel av liten storleik/omfang og ligg i utbygd strandline.</p>	-
<p>Naturressursar Tiltak i område utan naturressursar på land. Det er skog innanfor området som er uproduktiv.</p>	0
<p>Kulturarv Ingen registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø</p>	0

Friluftsliv og bygdeliv

Området ligg ved eit viktig større friluftsområde i sjø Saltskoren-Færøy (naturbaseid: FK00020105). Området vert brukt til div. sjøaktiviteter og er til dels utbygd. Tiltaket auker moglegheit for fleire til å utøve friluftsliv/feriere ved sjø, positiv verknad for temaet.

+

Samfunnstryggleik (sårbarheit)

Naturfare: Havnivåstigning.

Beredskap og ulukkesrisiko: Langt til brannstasjon, avhengig av båt.

Svært sårbart

Oppsummering

Tiltaket har *ubetydeleg konsekvens* for kulturarv og naturressurs, *liten negativ konsekvens* for naturmangfald, *liten til middels negativ konsekvens* for landskap, og *liten positiv verknad* for nærmiljø/friluftsliv. Området er noko eksponert, og i område med større visuelle kvalitetar. Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon. Tiltaket bidrar til at fleire kan få moglegheit til å utøve friluftsliv nær sjø.

Tiltaket er *svært sårbart* mtp. samfunnstryggleik på grunn av lang veg til brannstasjon, og ein er avhengig av båt.

Avbøtande tiltak:

- Det bør byggast ein voll eller plante til på sørsida for å skjerme området.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

B26

Eigedom	60/5	Storleik omdisponert areal	2,7 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd for bustad
Beskriving	Utvide området for spreidd- område		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor lokal verdi (B). Det er god variasjon i landskapet. Området er tilleggsområde til eksisterande bygg, er vendt mot sjø, på utsida av vågen i Saltskoren, og ligg difor eksponert i landskapet ifrå sjøen.</p>	-/-
<p>Strandsone</p> <p>Avstanden mellom føremålsgrrensa og sjøen varierer mellom 0 og 70 meter. Arealet er berørt av eksisterande hyttebygging. Utvidinga gir ikkje auka grad av utbygging i strandsona, og vil ikkje gje ei negativ endring for temaet.</p>	0
<p>Naturmangfald</p> <p>Området grensar til ei slåttemyr med svært viktig verdi (A). Det er ikkje funne uvanlege artar her, men slåttemyra er ein av dei få som er att i distriktet. Det er ikkje planlagt tiltak i lokaliteten.</p> <p>Tiltaksområdet ligg mellom to naturreservat som er viktige hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for sjøfugl, fleire raudlista artar. Arealet er omkransa av særleg verdifullt og sårbart sjøareal for sjøfugl.</p> <p>Auka menneskeleg aktivitet på land og i sjøen kan påverke fuglelivet negativt. Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt. Det aktuelle utbyggingsområdet er under 3 daa og ligg tett opp til eksisterande infratraktur/bustader, noko som elles ikkje vil forringe naturmangfald i vesentleg grad.</p>	-

<p>Naturressursar Ca. 1 daa innmarksbeite vert omdisponert. Tiltaket legg beslag på jordbruksområdet og fragmenterer innmarka i større grad.</p>	-
<p>Kulturarv Ingen registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området ligg tett opp til viktig større friluftsområde i sjø Saltskoren-Færøy (naturbaseid: FK00020105). Det aktuelle utbyggingsarealet ligg inntil eksisterande bustader (ingen kjente registreringar der) og vil difor ikkje utpeke seg i stor grad. Ingen vesentleg påverknad på temaet.</p>	0
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Ingen fare registrert. <i>Beredskap ogulukkesrisiko:</i> Lang veg til brannstasjon, og avhengig av båt.</p>	Svært sårbart

Oppsummering

Tiltaket har *liten negativ konsekvens* for naturmangfald og naturressursar på grunn av at strandsona har ein viktig landskapsøkologisk funksjon, samt beslag av jordbruksareal. For landskap har tiltaket *liten til middels konsekvens* grunna eksponering ifrå sjøen.

Tiltaket er *svært sårbart* mtp. samfunnstryggleik på grunn av lang veg til brannstasjon, og ein er avhengig av båt.

Avbøtande tiltak:


- Det må settast krav om utnyttingsgrad og mønehøgde
- Setje krav om maks tal nye bustader
- Byggjegrænse mot sjø må setjast i plankartet.
- Ein bør unngå dei høge partia innanfor tiltaksområdet i søraust og i nord, slik at ny bebyggelse held seg lågt i terrenget. Ved å halde seg utanfor vil konsekvensgraden bli redusert til liten.

Konklusjon:

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med ny avgrensing slik at dei høge partia ikkje vert innlemma i omdisponeringa.

B30

Eigedom	-	Storleik omdisponert areal	0,5 daa
Gjeldande føremål	LNFB	Nytt føremål	Næring
Beskriving	Ynskjer å omdisponere området til næring/fiskeri med å bygge båtkai for store fiskebåtar		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels til stor lokal verdi (B). Området ligg inni vågen i Saltskoren. Området er noko eksponert, men har ikkje - i detalj - spesielle visuelle kvalitetar. Området er prega av inngrep, men utviding av kaiområdet vil medføre større endringar i landskapet. Vegtilførsel vil kunne verte dominant.</p>	--
<p>Strandsone Tiltak i sjø. Frå land og ned til sjøen er det berg, og somme plassar svært bratt og utilgjengeleg. Området er prega av inngrep, og ei arealdisponering vil gje liten negativ konsekvens.</p>	0
<p>Naturmangfald Det er gjort ein enkeltregistrering av lomvi ved tiltaksområdet. Arten er lista som kritisk truga (CR) i raudlista. På same stad er det registrert ein enkeltregistrering av havørn, og fleire individ av toppskarv. Dei to sistnemnte artane har særleg stor forvaltingsinteresse. Dei er livskraftig, men arten er viktig å ta omsyn til. Tiltaksområdet ligg mellom to naturreservat som er viktige hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for sjøfugl, og sjøarealet er registrert som særleg verdifullt og sårbart sjøareal for sjøfugl. Uvtida kai for større båtar medfører inngrep i sjø og auka menneskeleg aktivitet på land og i sjøen kan påverke fuglelivet negativt. Strandsone har ein viktig økologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt (sub- og litoralsone er bl.a. viktig matfat her). Tiltaket gjeld utviding av eksisterande kai med ytterlegare utfylling i sjø (ca. 25 meter strandsone utan eksisterande inngrep vert råka).</p>	-/--

<p>Naturressursar Tiltak i område utan særskilte naturressursar</p>	0
<p>Kulturarv Ingen registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området ligg ved viktig større friluftsområde i sjø Saltskoren-Færøy (naturbaseid: FK00020105). Det aktuelle utbyggingsarealet ligg på/inntil eksisterande båtkai (ingen kjente registreringar der) og tiltaket vil difor ikkje utpeke seg i stor grad. Ingen vesentleg påverknad på temaet.</p>	0

<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Havnivåstigning. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Lang veg til brannstasjon, og avhengig av båt.</p>	Svært sårbart
---	---------------

<p>Oppsummering Tiltaket har ubetydeleg konsekvens for dei fleste tema. For landskap og naturmangfald har tiltaket <i>liten</i> til <i>middels negativ konsekvens</i> med betydeleg miljøskade for dei to tema grunna terrenginngrepa og strandsona som viktig landskapsøkologisk funksjon.</p> <p>Tiltaket er <i>svært sårbart</i> mtp. samfunnstryggleik på grunn av lang veg til brannstasjon, og ein er avhengig av båt.</p> <p>Avbøtande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kaia må ikkje blir for dominant og utfylling i sjø bør avgrensast i størst mogleg grad. - Ein bør unngå ikkje heilt naudsynte bygg, utstyr, skilting, lys m.m. på kaia av omsyn til dei lokale landskapsverdiane. <p>Konklusjon: Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>
--

B31

Eigedom	60/22	Storleik omdisponert areal	0,8 daa
Gjeldande føremål	LNFB	Nytt føremål	Andre typar bygningar og anlegg (naust)
Beskriving	Ynskje å føre opp sjøhus/naust		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels til stor lokal verdi (B). Området ligg på innsida av vågen i Saltskoren, og ligg difor eksponert i landskapet ifrå sjøen. Tiltaksområdet er ikkje bebygd. Anlegget vil fjerne naturleg strandsone, men ferdig utbygde naust vil kunne ligge bra forankra i lokalt landskap.</p>	--
<p>Strandsone</p> <p>Frå land og ned til sjøen er det berg, og somme plassar bratt og utilgjengeleg. Tiltaket er allereie nært opp til eit bustadhus som kan verke som ein barriere for ferdsel/friluftsliv. Og utbygging av naust vil ikkje endre på dette då det er rekna som utmark.</p>	-
<p>Naturmangfald</p> <p>Det er gjort ein enkeltregistrering av lomvi (kritisk trua) ved tiltaksområdet. På same sted er det registrert ein enkeltregistrering av havørn, og fleire individ av toppskarv. Dei to sistnemnte artane har særleg stor forvaltingsinteresse. Dei er livskraftig, men arten er viktig å ta omsyn til. Tiltaksområdet ligg mellom to naturreservat som er viktige hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for sjøfugl og sjøarealet er registrert som særleg verdifullt og sårbart for sjøfugl (ei rekke raudlista artar). Utbygging medfører inngrep i sjø og auka menneskeleg aktivitet på land og i sjøen kan påverke fuglelivet negativt. Strandsone har ein viktig økologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt (sub- og litoralsone er bl.a. viktig matfat her). Tiltaket er lokalisert i inngrepsfri strandline, ca. 55 m. Auka menneskeleg aktivitet på land og i sjøen kan påverke fuglelivet negativt. Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona, særleg utfylling i sjø, vil difor vere negativt.</p>	-/--


<p>Naturressursar Heile området er registrert som innmarksbeite. Tiltaket vil legge beslag på dette.</p>	-
<p>Kulturarv Ingen registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området ligg ved viktig større friluftsområde i sjø Saltskoren-Færøy (naturbaseid: FK00020105). Ingen kjente registreringar på utbyggingsarealet. Strandline utan eksisterande inngrep lokalt vil bli ytterlegare bebygd av utbygginga, og vil bli utilgjengeleg for dei som bur i området.</p>	-

<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Området i aust er innanfor fare for havnivåstigning. Då tiltaket gjeld naust er noko risiko for materiell skade akseptabel. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Lang veg til brannstasjon, og avhengig av båt.</p>	Svært sårbart
--	---------------

<p>Oppsummering For landskap har tiltaket <i>middels negativ konsekvens</i>, medan for naturmangfald er det <i>liten</i> til <i>middels negativ konsekvens</i> grunna at ein fjernar naturleg strandsone, og at strandsona har ein viktig landskapsøkologisk funksjon. Tiltaket har <i>liten konsekvens</i> for naturressursar og friluftsliv pga. omdisponering av jordbruksareal, samt at strandlina vil bli utilgjengeleg. Tiltaket er <i>svært sårbart</i> mtp. samfunnstryggleik på grunn av lang veg til brannstasjon, og ein er avhengig av båt. Avbøtande tiltak: - Tiltaket bør ikkje medføre utfylling i sjø, bør også ev. reduserast i areal mot sjø. Konklusjon: Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>

B38

Eigedom	31/2	Storleik omdisponert areal	22,6 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF spreidd for bustad og hytte
Beskriving	Ynskjer å utvide spreidd-området for å få ei meir hensiktsmessig busetjing/bruk.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels til stor lokal verdi (B). Området ligg skjerna omgitt av holmar og øyer. Området er kupert, og er noko eksponert. Utbygging på høgdedraga i midtre del av områda i både vest og i aust vil gi uheldige silhuettverknader og bør takast ut.</p>	--
<p>Strandsone Utvidingsareala er lokalisert ca. 20 meter frå sjøen. Utanfor føremålgrensa mot sjø er det for begge utvidingsareala eit platå som er høgare enn 20 meter over havet. Områda er difor definert som å ikkje liggje i den funksjonelle strandsona då ein har kome såpass høgt at ein ikkje lenger kan sei at ein er i strandsona.</p>	0
<p>Naturmangfald Det er gjort ein enkeltregistrering av bergirisk og fiskemåke ved tiltaksområdet. Artane er lista som nært truga (NT) i raudlista. På same stad er det registrert ein enkeltregistrering av havørn. Denne arten har særleg stor forvaltingsinteresse. Den er livskraftig, men arten er viktig å ta omsyn til. Tiltaksområdet ligg i vest for naturtypen beitemark som inneheld ein uvanleg rik førekomst av beitemarksopp inkl. fleire sjeldne og raudlista artar. Denne har svært viktig verdi (A). Tiltaket vil ikkje ha negativ påverknad på naturverdien pga. avstanden. Auka menneskeleg aktivitet kan påverke fuglelivet negativt, men ei så beskjedne utbygging vil ikkje påverke dyrelivet nemneverdig.</p>	-
<p>Naturressursar Tiltak i område utan særskilte naturressursar</p>	0

<p>Kulturarv Det er fleire SEFRAK- registrerte bygg i området, men ingen andre registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	<p>0</p>
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området er innanfor svært viktig/viktig friluftsområde med stor potensiell/ middels bruk på sjø/land. Nokre av verdiane er at det er lite inngrep i landskapet og mange opplevingskvalitetar. Tiltaket gjeld utviding av allereie avsett areal til spreidd bustad og bruken og attraktiviteten av området er dermed allereie noko redusert.</p>	<p>-</p>
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Området er utanfor fare. <i>Beredskap ogulukkesrisiko:</i> Beredskap opptil 10 min.</p>	<p>Lite sårbart</p>

Oppsummering

Tiltaket har *ubetydeleg konsekvens* for tre tema. For landskap har tiltaket *middels negativ konsekvens* pga. eksponering og silhuettverknadane ei utbygging vil gje på dei høgste høgdepartia. For naturmangfald og friluftsliv har tiltaket *liten negativ konsekvens* grunna påverknad på fuglelivet, og tiltak innanfor friluftsområde.

Tiltaket er *lite sårbart* mtp. Samfunnstryggleik.

Avbøtande tiltak:


- Midtre del av områda i både i aust og i vest bør takast ut av utvidinga.

Konklusjon:

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med endringar som nemnt ovanfor.

C1

Eigedom	24/1 og 17-19	Storleik omdisponert areal	1,7 og 4,1 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	Næring og fritidsbebyggelse
Beskriving	Utvide hytteområdet til å få med heile eigedomen innanfor føremålet, og setje av til næringsområde på kaia. Det vil kunne vere høve for å sette opp næringsbygg ved kai.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor lokal verdi (A). Området er i eit kulturlandskap. Det er hytter innanfor området, og etablert hamn i sjøen aust for hyttene. Området har eksponering mot utfartsområde og er ein del av sørvestre avgrensing av området. Arealet er påverka frå før, men å leggje opp til meir utbygging av hamna vil vere av betydning.</p>	--
<p>Strandsone Tiltak i sjø. Areala er utbygd, så ei arealendring vil ikkje endre verdiane knytt til strandsona eller allmenta sine interesser til den.</p>	0

<p>Naturmangfald I vest er det registrert ein naturtype av kystlynghei av svært viktig verdi (A) og naturbeitemark med lokal viktig verdi (C). Men det er ikkje planlagt tiltak i lokalitetane (ingen påverknad). Sjøarealet er registrert som særleg verdifullt og sårbart for sjøfugl (ei rekke raudlista artar). Strandsone har ein viktig økologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt (sub- og litoralsone er bl.a. viktig matfat her). Tiltaket i sjø gjeld i område der det frå før er gjort inngrep i. Det er registrert gytefelt torsk (lokalt viktig) i Steinsundvika (Bjørnefjorden). Eventuell sprengingsarbeid og deponering av steinmassar i sjøen vil kunne medføre skade på marint naturmangfald, det same gjeld ytterlegare utfylling i sjø. Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt.</p>	<p style="text-align: center;">-/--</p>
<p>Naturressursar Litt overflatedyrka mark innanfor området. I konflikt med låsettingsplass i sjø, og innanfor gyteområde for torsk som er lokalt viktig. Lokaliteten og funksjonen til låsettjingsplassen og gyteområdet vert tilnærma uendra.</p>	<p style="text-align: center;">-</p>
<p>Kulturarv Det er to SEFRAK-registreringar innanfor tiltaksområdet, og fleire utanfor. Den eine registreringa innanfor tiltaksområdet er ruin etter sauefjøs, medan det andre er eit sjøhus. I fylgje SEFRAK-registeret er bygningen frå 1600-talet. Ståande bygningar eldre enn 1650 er automatisk freda. Vern bør vurderast. Framtidig tiltak kan kome i konflikt med sjøhuset.</p>	<p style="text-align: center;">--</p>
<p>Friluftsliv og bygdeliv Sjøarealet og strandsone er del av svært viktig friluftslivområde i Steinsund-Kråka-Hopsosen. Tiltaket gjeld mest sannsynleg ingen store endringar for tema ihht dagens arealbruk, I vest ligg viktig turområde på Steinsneset (ingen påverknad der).</p>	<p style="text-align: center;">0</p>
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Heile tiltaksområdet for næring er innanfor fare for havnivåstigning, og hytteområdet grensar til faren. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Beredskap opptil 10 min.</p>	<p style="text-align: center;">Svært sårbart</p>



Oppsummering

For miljøtema har arealbruken *middels negativ konsekvens* for landskap på grunn av eksponering mot utfartsområde. For naturmangfald og kulturarv er det frå *liten* til *middels negativ konsekvens*. Dette er knytt til at strandsona har ein viktig landskapsøkologisk funksjon, også er det konflikt med potensielt freda bygning.

Tiltaket er *svært sårbart* mtp. samfunnstryggleik då næringsområdet er innanfor fare for havnivå.

Avbøtande tiltak:


- Det må takast omsyn til fjernverknad tiltaket vil kunne ha, og unngå skjemmaende inngrep som lys, sterke fargar og anna industrielt preg.
- Den freda bygningen bør settast av som omsynssone.
- Krav om reguleringsplan for hamneområdet
- Utfylling i sjø bør avgrensast/unngåast (gytefelt i vika).

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

C2_1

Eigedom	24/25	Storleik omdisponert areal	3,9 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	Friområde
Beskriving	Sette av neset til friområde.		




Vurdering

Konsekvens

<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor regional verdi (B). Området ligg ved innseglinga til Hardbakke der det allereie er stor båtaktivitet. Neset ligg eksponert til, og er eit landemerke/knutepunkt i området. Det er bra at terreng på neset vert tatt vare på.</p>	<p>+++</p>
<p>Strandsone Området grensar til sjø og er lokalisert ytst på eit nes. Ei omdisponering på land er positivt for bruken av området då det tek omsyn til allmenta sin tilgang, og eventuelle tiltak skal fremje området sin verdi som fri- og rekreasjonsområde.</p>	<p>+++</p>
<p>Naturmangfald Sjø og landareal har ein viktig landskapsøkologisk funksjon. At eit større utbyggingsareal med natur ikkje vert bygd ned vert sett på som positivt. Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og omdisponering til mindre utbygging i strandsona vil difor vere positivt.</p>	<p>++</p>
<p>Naturressursar Tiltak i område utan særskilde naturressursar.</p>	<p>0</p>
<p>Kulturarv Ingen registreringar. Nærmaste kulturminne er busetjings- og aktivitetsområde frå steinalderen i sørvest.</p>	<p>0</p>
<p>Friluftsliv og bygdeliv Innanfor lokalt viktig friluftsområde registrert i FRIDA. Innanfor registrert friluftsområde i Indre Steinsund-Liasundet (naturbaseid: FK00020081), Sjø og strandsone med holmar og vikar brukt i stor grad, til sjørelatert aktivitet (padling, bading, fising, båtutfart osv.). Omdisponeringa er i tråd med eksisterande og ynskja bruk av området.</p>	<p>+++</p>
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Sidan det er snakk om friområde er dette lite aktuelt. Utsett for havnivåstigning. <i>Beredskap og ulukkestrisiko:</i> Umiddelbar nærleik til beredskap.</p>	<p>Lite sårbart</p>
<p>Oppsummering Tiltaket har <i>ubetydeleg</i> til <i>stor positiv konsekvens</i> for alle tem, og er <i>lite sårbart</i> mtp. Samfunnstryggleik då omdisponeringa gjeld friområde.</p> <p>Konklusjon Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>	

C2_2

Eigedom	-	Storleik omdisponert areal	2,6 daa
Gjeldande føremål	LNF-område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Småbåtanlegg
Beskriving	Utvide småbåthamna nordover.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor regional verdi (B). Området ligg ved innseglinga til Hardbakke der det allereie er stor båttaktivitet. Neset ligg eksponert til, og er eit landemerke/knutepunkt i området. Arealet lengst nord bør difor avgrensast.</p>	-
<p>Strandsone Tiltak i sjø. Ei utviding av småbåthamna er vurdert som positivt at det skjer i eit område som alt er utbygd til dette føremålet for å førebyggje utbyggingspress i andre (inngrepsfrie) område. Utviding av småbåthamn vil føre til ei meir utbygd strandsone.</p>	-
<p>Naturmangfald Gytefelt for torsk og sjøareal er registrert som særskilt verdifullt og sårbart for sjøfugl. Auke i aktivitet kan påverke fuglelivet negativt. Sjø og landareal har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt. Tiltak nær strandsone med eksisterande inngrep/båtplassar.</p>	-/-
<p>Naturressursar Det er registrert låssettingsplass i tiltaks- og influensområdet, og tiltaket vil kome i konflikt med dette. Området er også innanfor gyteområde for torsk som er lokalt viktig.</p>	-

Kulturarv Ingen registreringar. Nærmaste kulturminne er busetjings- og aktivitetsområde frå steinalderen i sørvest.	0
Friluftsliv og bygdeliv Innanfor lokalt viktig friluftsområde registrert i FRIDA. Innanfor registrert friluftsområde i Indre Steinsund-Liasundet (naturbaseid: FK00020081), Sjø og strandsoner med holmar og vikar brukt i stor grad, til sjørelatert aktivitet (padling, bading, fising, båtutfart osv.). Den største endringa er at det vert lagt opp til at småbåthamna kan utvidast, noko som kan gi ein positiv effekt for friluftaktivitet knytt til båtutfart. Utvidinga av småbåthamna gir fortsatt moglegheit for fri ferdsel, men vil gjere området mindre attraktivt og	0
Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Områda er innanfor fare for havnivåstigning <i>Beredskap ogulukkesrisiko:</i> Umiddelbar nærleik til beredskap.	Svært sårbart

Oppsummering

Tiltaket har *ubetydeleg konsekvens* for to tema. For landskap, strandsoner og naturressursar har tiltaket *liten negativ konsekvens* grunna at strandsona blir meir utbygd, strandsona sin landskapsøkologiske funksjon og noko beslag av gytefelt.

Tiltaket er *svært sårbart* mtp. samfunnstryggleik grunna havnivå.

Avbøtande tiltak:

- Ved utviding av småbåthamna bør inngrepa opp mot neset vere så små mogleg (reducere areal lengst nord).
- Fokus på å avgrense utfylling i sjø.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med endringar i nord.

C5

Eigedom	26/119	Storleik omdisponert areal	10,6 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd næring
Beskriving	Ynskjer utviding av næringsområde ved Solund leilegheitshotell mot sør/søraust.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor lokal verdi (B). Området er lokalisert bak etablert bebyggelse, dels lagt inn i eit høgdedrag. Tiltaket vil kunne bli svært eksponert i omgjevnadane rundt kommunesenteret, men då tiltaket er spreidd vil ei utbygging vere av eit mindre omfang.</p>	--
<p>Strandsone Ikkje relevant, utanfor 100- metersbeltet.</p>	0
<p>Naturmangfald Det er registrert eldre barskog/blandingsskog på arealet. Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i området. Tiltaket medfører arealtap av kvardagsnatur og fragmentering av økologisk forflytningskorridor vest for Hardbakkefjellet.</p>	-
<p>Naturressursar Ca. 3 daa skog av særst høg bonitet. Tiltaket legg beslag på skogen.</p>	-
<p>Kulturarv Ingen registreringar. Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg og kulturminne i området ved Solund kyrkjestad og mot Teigeneset.</p>	0

Friluftsliv og bygdeliv

Utbyggingsområdet er del av svært viktig leike- og rekreasjonsområde, med stor lokal bruksintensitet. Også del av viktig nærturterreng med sti opp til mast og idrettsbana, med middels bruksintensitet. Beslaglegger areal og i konflikt med tema. Grensar til lokalt viktig friluftsområde i FRIDA.

0

Samfunnstryggleik (sårbarheit)

Naturfare: Asplan Viak AS har kartlagt området for skredfare, og det er skredfare i store delar av området.

Beredskap og ulukkesrisiko: God beredskap.

Svært sårbart

Oppsummering

Tiltaket har *middels negativ konsekvens* for landskap pga. eksponeringa utbygginga kan kome til å gje. Tiltaket er også i konflikt med areal brukt til leik og rekreasjon. Det er skog i området som vert beslaglagt, noko som gjev *liten konsekvens* for naturressursar og naturmangfald.

For samfunnstryggleik er området *svært sårbart* for skred.

Avbøtande tiltak:



- Det må settast krav om utnyttingsgrad og mønehøgde
- Skredfaren må avklarast.

Konklusjon:

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

C6

Eigedom	27/1, 3, 10 og 11	Storleik omdisponert areal	55,5 daa
Gjeldande føremål	LNf og LNf-område for sjø og vassdrag	Nytt føremål	Næring
Beskriving	Ynskjer kontorlokale og produksjon av settefisk på land, og lukka anlegg for produksjon av postsmolt i sjø.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av liten til middels verdi. Området har eksponering mot Liasundet som er eit utfartsområde. Midtre delen av området er allereie prega av tiltak. Sjøområdet vil bli svært eksponert mot utfartsområde. Anlegg i sjø kan få negative landskapsverknader.</p>	-/-
<p>Strandsone Tiltak i sjø og på land. Området er prega av inngrep, spesielt på sørsida av vågen. Ei auka utbygging vil endre området sin karakter.</p>	---
<p>Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlistearter i området. Gytefelt torsk i Liasundet. Sjøarealet er registrert som særleg verdifullt og sårbart for sjøfugl (ei rekke raudlista artar). Strandsone har ein viktig økologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt (sub- og litoralsone er bl.a. viktig matfat her). Tiltaket gjeld stort sjøområde der det delvis frå før er gjort inngrep i. Lokaliteten i sjø kan vere forstyrrende på sjøfugl og marint naturmangfald som følgje av forstyringar knytt til etablering og drift av anlegget. Behov for nærare undersøkingar vedr. økologiske verdiar i Grunnevågen. Større omfang.</p>	--

<p>Naturressursar Ca. 2,5 daa innmarksbeite fordelt på tre areal. Innanfor gyteområde for torsk som er lokalt viktig. Utfyllinga vil føre til arealbeslag på delar av gytefeltet. Larvane kan bli påverka negativt av auka partikkelmengde i vassmassane</p>	-
<p>Kulturarv Det er to SEFRAK-registrerte bygg frå 1800-talet innanfor området, eit kvernhus og eit naust.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Sjøarealet del av friluftslivområde Hognefjorden-Lågøyfjorden, med ganske stor brukarfrekvens og med svært viktig verdi. Tiltaket vil avgrense moglegheit til aktivitet i Grunnevågen og delvis i strandsone der det ikkje er utbygd frå før.</p>	-
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Havnivåstigning og skredfare i delar av området. <i>Beredskap ogulukkesrisiko:</i> Opptil 5 min. beredskap.</p>	Svært sårbart

Oppsummering

Tiltaket har *liten* til *middels negativ konsekvens* for landskap pga. at lokaliteten i sjø vil gje eksponering mot utfartsområde. For naturmangfald har tiltaket *middels negativ konsekvens* på grunn av at sjøfugl og marint naturmangfald kan bli negativt påverka. Området har *liten konsekvens* for naturressursar, friluftsliv og kulturarv, og det er knytt til tiltaket er i eit gyteområde for torsk, registrert friluftsområde i sjø/strandline.

For samfunnstryggleik er området *svært sårbart* for skred og havnivåstigning i delar av området.

Avbøtande tiltak:


- Krav om reguleringsplan.
- Behov for nærare undersøkingar på kva effektar tiltaket har på fuglelivet, men også marint naturmangfald.

Konklusjon:

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

C7_1

Eigedom	24/8	Storleik omdisponert areal	6,4 daa
Gjeldande føremål	Bustad	Nytt føremål	LNF- spreidd for fritidsbebyggelse
Beskriving	Ynskjer å gjere om bustadfeltet om til spreidd fritidsbustad.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av lite lokal verdi (C). Området er skogkledd, er inngrepsfritt og er lite eksponert mot utbygde område, samt utfartsområde. Ei utbygging av spreidd fritidsbebyggelse kan gje mindre landskapsinngrep enn eit bustadfelt, og ei omdisponering kan difor vere positivt for landskapet.</p>	0
<p>Strandsone Tiltaksområdet grensar nesten til sjøen i sør, medan mot vest er avstanden ca. 15 meter. Tiltaksområdet er utanfor den funksjonelle strandsona mot vest pga. den offentlege vegen som går forbi. Arealet mot sjø i sør er det ikkje den mest attraktive strandsona pga. at området er kupert. Men tiltaket skjer i eit område utan inngrep.</p>	-
<p>Naturmangfald Det er registrert fiskemåke (nært truga, NT) utanfor tiltaksområdet. Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon, skogsareal med eldre barskog. Området er i dag disponert til bustad, ingen endring i påverknad.</p>	0

<p>Naturressursar Ca. 3 daa skog av høg bonitet. Området er i dag disponert til bustad, ingen endring i påverknad.</p>	0
<p>Kulturarv Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg ved området, elles ingen registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Del av viktig nærturterreng Langhaugen-Hardbakke (naturbaseid: FK00020115) med middels bruksintensitet. Grensar til lokalt viktig friluftsområde registrert i FRIDA.. Området er i dag disponert til bustad, ingen endring i påverknad.</p>	0


<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Havnivåstigning i sør og nordaust. <i>Beredskap og ulukkestrisiko:</i> God beredskap på opptil 5 min.</p>	Svært sårbart
--	---------------

<p>Oppsummering Området har <i>ubetydeleg konsekvens</i> for fire miljøtema ettersom arealet er avsett til bustad i gjeldande plan. Omdisponeringa er noko meir positivt for landskapstema. Tiltaket legg beslag på skogen i området, og ligg i nærturterreng. For strandsona har tiltaket <i>liten negativ konsekvens</i> då tiltaket skjer i eit område utan inngrep.</p> <p>Konklusjon: Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>



C7_2

Eigedom	24/8	Storleik omdisponert areal	2,7 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd for bustadbebyggelse
Beskriving	Ynskje om å setje av til spreidd bustadbebyggelse.		



	Vurdering	Konsekvens
Landskapsbilette Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av lite lokal verdi (C). Området er skogkledd, er inngrepsfritt, og er eksponert mot utbygde område, samt utfartsområde. Tiltaket er av eit lite omfang.		0
Strandsone Tiltaksområdet grensar nesten til sjø og er delvis utbygd av vegen i aust. Det er nokre naust utanfor tiltaksområdet i sør. Bustadene vil vere eit nytt element innanfor den funksjonelle strandsona, og ein vil miste noko av den funksjonelle strandsona ved å tillate utbygging nær sjøen.		-
Naturmangfald Det er registrert fiskemåke (nært truga, NT) utanfor tiltaksområdet. Noko arealtap av gamalskog av furu. Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt.		-
Naturressursar Det er registrert fiskemåke (nært truga, NT) utanfor tiltaksområdet. Noko arealtap av gamalskog av furu. Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt.		0

Kulturarv Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg ved området, elles ingen registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø	0
Friluftsliv og bygdeliv I nærleiken til eit lokalt viktig friluftsområde registrert i FRIDA. Området er del av nærsturterreng Langhaugen-Hardbakke registrert med viktig verdi og middels bruksintensitet, ingen kjente verdiar på utbyggingsarealet. Strandlina er del av friluftsområde i indre Steinsundet m.m. kartlagt med svært stor verdi. Tiltaket er av lite omfang.	-
Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Grensar til havnivåstigning. <i>Beredskap ogulukkesrisiko:</i> God beredskap på opptil 5 min.	Moderat sårbart

Oppsummering

Området har *liten negativ konsekvens* for strandsona, naturmangfald og friluftsliv. Det er knytt opp mot at strandsona har ein viktig landskapsøkologisk funksjon, samt at noko av den funksjonelle strandsona vil bli omdisponert som er del av friluftsområde.


For samfunnstryggleik er området *moderat sårbart* då området grensar til havnivåstigning.

Konklusjon:

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

C7_3

Eigedom	24/8	Storleik omdisponert areal	7 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd for fritidsbebyggelse
Beskriving	Ynskje om å setje av til spreidd fritidsbebyggelse.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av lite lokal verdi (C). Området er skogkledd, og er omgitt av sjø og skog. Tiltaksområdet er eksponert mot utbygde område, samt utfartsområde.</p>	--
<p>Strandsone Tiltaksområdet er lokalisert 11 meter frå sjøen i nord, og ca. 30 meter frå sjøen i vest. Området i nord er bebygd med naust. Ei utbygging av fritidsbustader vil auke kjensla av privatisering, men ei spreidd utbygging vil gje mindre utbygging enn om det var reint utbyggingsføremål til fritidsbustad. Ein vil miste noko av den funksjonelle strandsona ved å tillate utbygging nær sjøen, men det kan forsvarast å byggje opp til to fritidsbustader.</p>	--
<p>Naturmangfald Det er registrert fiskemåke (nært truga, NT) utanfor tiltaksområdet. Areal tap av eldre furuskog og ung lauvskog. Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt.</p>	-/--

<p>Naturressursar Ca. 0,2 daa overflatedyrka mark innanfor området. Tiltaket vil ikkje vere vesentleg negativt for ressursgrunnlaget då det er eit lite areal jordbruksareal som vert forringa av tiltaket.</p>	0
<p>Kulturarv Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg ved området, elles ingen registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv I nærleiken til eit lokalt viktig friluftsområde registrert i FRIDA. Området er del av nærturterreng Langhaugen-Hardbakke registrert med viktig verdi og middels bruksintensitet, ingen kjente verdiar på utbyggingsarealet. Strandlina er del av friluftsområde i indre Steinsundet m.m. kartlagt med svært stor verdi.</p>	-
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Grensar til havnivåstigning. <i>Beredskap ogulukkesrisiko:</i> God beredskap på opptil 5 min.</p>	Moderat sårbart

Oppsummering

Området har *liten negativ konsekvens* for landskap pga. at tiltaksområdet er eksponert mot utbygde område, samt utfartsområde. For strandsona, naturmangfald og friluftsliv har *liten negativ konsekvens*. Dette er knytt opp mot at strandsona har ein viktig landskapsøkologisk funksjon, funksjonell strandsone vert bygd ned og den er del av friluftsområde.

For samfunnstryggleik er området *moderat sårbart* då området grensar til havnivåstigning.

Avbøtande tiltak:


- Området bør få ei ny avgrensing slik at dei høgste kollene i nord kjem utanfor tiltaksområdet. Då vil det gje mindre negativ verknad for landskapet.

Konklusjon:

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

C13_1

Eigedom	17/1	Storleik omdisponert areal	1,2 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	Andre typar bebyggelse og anlegg (naust)
Beskriving	Ynskje om å setje av til naust.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor lokal verdi (B). Området er innanfor sone 2 (1-3 km frå inngrep) i inngrepsfrie område. Det er ein blanding av skog og bart fjell i området. Tiltaksområdet er inngrepsfritt og er eksponert mot Dalesundet. Naustområdet kan bli bra forankra i det lokale landskapet.</p>	-
<p>Strandsone Tiltaksområdet grensar til sjø. Steinfyllingane uti sjøen er prega av menneskeleg aktivitet, elles er området inngrepsfritt. Utbygging av naust vil ikkje føre til privatisering, men vil vere eit nytt element i området.</p>	-
<p>Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området. Sjøarealet er del av eit større marint areal registrert som særskilt verdifullt og sårbart for sjøfugl (fleire raudlisteartar). Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt.</p>	-

<p>Naturressursar Det er registrert ein teig på i overkant av 2 daa innmarksbeite, men mykje av dette er i dag gjengrodd. Tiltaket legg beslag på liten del av dette jordbruksområdet, ca. 0,5 daa.</p>	-
<p>Kulturarv Det er eit par SEFRAK-registrerte bygg like ved tiltaksområdet, to stk. i vest og nokre i sørvest. Dei fine oppmuringane i strandsona i det omsøkte arealet skal truleg sjåast i samband med desse, og er restane etter eit gammalt sjøbruksmiljø. Oppmuringane har imidlertid ikkje noko vernestatus</p>	-
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området er del av viktig utfartsområde i Dalesundet (NaturbaseID: FK00020176) og ligg tett opp til svært viktig turområde på Rånøyna med ganske stor brukafrekvens (område utan tilrettelegging). Utbyggingsarealet er lite, men ein vil miste noko av den funksjonelle strandsona ved å tillate utbygging der.</p>	-
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Havnivåstigning. Då tiltaket gjeld naust er noko risiko for materiell skade akseptabel. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Opptil 15 min.</p>	Lite sårbart
<p>Oppsummering Området har <i>liten negativ konsekvens</i> for alle miljøtema. Tiltaket er eksponert mot Dalesundet, det legg beslag på jordbruksområde og er i konflikt med restane etter oppmuringane i strandsona. Tiltaket er likevel av lite omfang. For samfunnstryggleik er området <i>lite sårbart</i>. Konklusjon: Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>	

C15

Eigedom	17/2 og 4	Storleik omdisponert areal	11,7 daa
Gjeldande føremål	LNf	Nytt føremål	LNf-spreidd for bustadbebyggelse
Beskriving	Ynskje om å setje av til spreidd bustadbygging.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels verdi. Området er innanfor sone 2 (1-3 km frå inngrep) i inngrepsfrie område. Området er lokalisert på eit nes vendt ut mot Tangenesosen, og er eksponert mot fjorden. Dagens bebyggelse er lokalisert i aust, nærmast sjøen. Her er det ein del fjell i dagen, elles er det ein del skog i området. Utbygging i midtre del av området vil medføre uheldige silhuettverknader/eksponering.</p>	--
<p>Strandsone Området grensar til sjø, men er elles trekt inn mot land for å unngå å leggje opp til utbygging nærast sjøen. Det vert lagt opp til ei beskjeden utbygging av maks to bustader til og vil dermed ikkje påverke strandsona negativt, men vil redusere strandsoneverdiane noko.</p>	-
<p>Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området. Sjøarealet er registrert som særskilt verdifullt og sårbart for sjøfugl (fleire raudlisteartar). Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt.</p>	-/--
<p>Naturressursar Tiltaket legg beslag på jordbruksområde; ca. 1,2 daa innmarksbeite (del av ein teig i overkant av 2 daa, der mykje er gjengrodd).</p>	-

<p>Kulturarv Det er eit SEFRAK-registrert bygg i vest, ei løe nord for denne verkar å vere fjerna, elles ingen registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne-/miljø.</p>	<p>0</p>
<p>Friluftsliv og bygdeliv Omkransande sjøareal er del av viktig utfartsområde i Dalesundet (NaturbaseID: FK00020176) og området på land ligg tett opp til/er del av svært viktig turområde på Rånøyna (FK00020180) med ganske stor brukafrekvens (område utan tilrettelegging). Delar av området er utbygd frå før, men ein vil miste del av den funksjonelle strandsona ved å tillate utbygging på særskilt kollen.</p>	<p>-</p>
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Havnivåstigning i aust og sør. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Beredskap på opptil 5 min.</p>	<p>Svært sårbart</p>

Oppsummering

Området har *middels konsekvens* for landskap pga. eksponering mot fjorden og utbygde område. For strandsona, naturmangfald, friluftsliv og naturressursar har tiltaket frå *liten* til *middels konsekvens*. Dette er knytt opp mot at strandsoneverdiane blir noko redusert, at strandsona har ein viktig landskapsøkologisk/funksjonell funksjon, og jordbruksområde vert beslaglagt.

For samfunnstryggleik er området *svært sårbart* då det er fare for havnivåstigning i aust og i sør.

Avbøtande tiltak:

- Den høgste kollen i midtre del av området bør ikkje bli omdisponert pga. silhuettverknadane/eksponering.
- Arealet på innmarka i aust bør ikkje bli med i omdisponeringa pga. at dette utløyser inngrep dit med infrastruktur.
- Viss vegetasjonen i størst mogleg grad blir ståande etter ny utbygging kan bustadane gje mindre eksponering mot fjorden. Då vil det gje mindre konsekvens for landskapet.

Konklusjon:

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med endringar i midtre del av området. Dette området med den høgste kollen takast ut, samt arealet på innmarka i aust.

C13_2

Eigedom	17/1	Storleik omdisponert areal	11,1 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd for bustadbebyggelse
Beskriving	Ynskje om å etablere «tiny house village». Sette opp mellom 5-10 små grindbygg i vestnorsk byggjestil i eit klyngetun.		



	Vurdering	Konsekvens
Landskapsbilete Landskapet er i [17] vurdert til stor regional verdi (B), og er innanfor sone 2 (1-3 km frå inngrep) i inngrepsfrie område. Området er inngrepsfritt og er vendt mot Dalesundet, som gir stor eksponering. Stor lokal verdi (B). Det vert vurdert som ein fordel at tiltaket er planlagt med «tiny house village» ved at grindbygga vert tilpassa terrenget, men med så eksponert plassering er det framleis ein viss risiko for at dei likevel kan bli noko skjemmaende i landskapet. Liten negativ konsekvens for landskapsbilete.		-
Strandsone Tiltaksområdet grensar nesten til sjø. Utbygginga vil vere eit nytt element i det inngrepsfrie området. Ein vil miste del av den funksjonelle strandsona ved å tillate utbygging.		--

<p>Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området. Sjøarealet er registrert som særskilt verdifullt og sårbart for sjøfugl (fleire raudlisteartar). Auka menneskeleg aktivitet i strandsona kan påverke fuglelivet negativt. Strandsona har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt. Arealet ligg inntil eksisterande tilkomstveg.</p>	-/-
<p>Naturressursar Tiltak i område utan naturressursar.</p>	0
<p>Kulturarv Ingen registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Ingen registrert. Området er ikkje nytta til friluftsliv eller rekreasjon. Ingen negativ innverknad for nærmiljø-/friluftsområde. Sjøarealet er del av viktig utfartsområde i Dalesundet (NaturbaselD: FK00020176) og området på land ligg tett opp til svært viktig turområde på Rånøyna (FK00020180) med ganske stor brukafrekvens (område utan tilrettelegging).</p>	-
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Grensar til havnivåstigning. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Beredskap på opptil 15 min.</p>	Moderat sårbart

Oppsummering

Området har liten negativ konsekvens for landskap og friluftsliv pga. risiko for at grindbygga kan bli noko skjemmande i landskapet, og ligg tett opp mot turområde. For strandsona har tiltaket *middels negativ konsekvens* knytt til den funksjonelle strandsona blir redusert. For naturmangfald har tiltaket *liten til middels negativ konsekvens* pga. at strandsona har ein viktig landskapsøkologisk funksjon.



For samfunnstryggleik er området *moderat sårbart* då området grensar til havnivåstigning.

Konklusjon:

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

C18

Eigedom	26/122	Storleik omdisponert areal	565,5 daa
Gjeldande føremål	LNF, friområde, bustad og fritidsbebyggelse	Nytt føremål	Friområde
Beskriving	Utvide friområdet nordover ved å omdisponere delar av bustad- og hytteområde som er sett av i gjeldande plan.		





Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor lokal verdi (B). Ca. halve området i sør er innanfor sone 2 (1-3 km frå inngrep) i inngrepsfrie område. Området er eit typisk kystlandskap med fjell i dagen med skrinn vegetasjon. Området har eksponering mot sundet. Området er lagt til rette med turstiar og liknande. Omdisponering frå fritidsbebyggelse til friområde gjer at verknadane blir betra i høve til 0-situasjonen - som er planlagt utbygd område her.</p>	++
<p>Strandsone</p> <p>Ei omdisponering er positivt for bruken av området då det tek omsyn til allmenta sin tilgang, og eventuelle tiltak skal fremje området sin verdi som fri- og rekreasjonsområde.</p>	+++

<p>Naturmangfald Stær (nært truga, NT) i nordaust. Fleire registreringar av kjempeslirekne (særs høg risiko, SE) i nord. Det er mykje menneskeleg turaktivitet i området i dag.. Pga. av all ferdsle og støy som aktiviteten medfører er tiltaket vurdert å ikkje få ei ekstra negativ belastning på naturmangfaldet. At eit større utbyggingsareal med natur ikkje vert bygd ned vert sett på som positivt. Omkransande sjøareal er registrert som særskilt verdifullt og sårbart for sjøfugl (fleire raudlisteartar). Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og omdisponering til mindre utbygging i strandsona vil difor vere positivt.</p>	<p>++</p>
<p>Naturressursar Tiltak i område utan særskilde naturressursar.</p>	<p>0</p>
<p>Kulturarv Det er eitt SEFRAK-registrert bygg ved området, elles ingen registreringar. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	<p>0</p>
<p>Friluftsliv og bygdeliv Mesteparten av området er registrert som svært viktig turområde, med høg frekvens av både regionale/nasjonale brukarar (Ramnenipa og Kråka, naturbaseid: FK00020074). Sør for idrettsbana er det tilrettelagt for fottur der stiane er grusa. I sør for området er dagsturhytta lokalisert, Sognesjøhytta. Omdisponeringa er i tråd med eksisterande og ynskja bruk av området.</p>	<p>+++</p>
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Sidan det er snakk om friområde er dette lite aktuelt. Grensar til havnivåstigning. <i>Beredskap ogulukkesrisiko:</i> God responstid.</p>	<p>Lite sårbart</p>
<p>Oppsummering Området har frå <i>stor positiv konsekvens</i> til <i>ubetydeleg konsekvens</i> for miljøtema. Omdisponering frå fritidsbebyggelse til friområde gjer at verknadane blir betra i høve til 0-situasjonen - som er planlagt utbygd område her. Og omdisponeringa er i tråd med eksisterande og ynskja bruk av området.</p> <p>Oppsummering: Forslaget takast inn i kommuneplanen utan endringar.</p>	

C24

Eigedom	26/122	Storleik omdisponert areal	4,1 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	Lufthamn
Beskriving	Ynskje om å setje av til landingsplass for redningshelikopter. Bruken er 1-2 gonger i mnd.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor lokal verdi (B). Området er i utkanten av eit sentrumsområde, ved jordbruksareal og bustadbebyggelse. Området har eksponering mot utbygde område. Tiltaket vil gje stort omfang lokalt (utsprenging).</p>	--
<p>Strandsone Ikkje aktuelt, utanfor 100-metersbeltet.</p>	0
<p>Naturmangfald Området grensar i vest til naturtypen naturbeitemark av viktig verdi (B). Lokaliteten med frisk fattigeng har brukbar førekomst av beitemarksopp, inkl. ein sårbar art. Lokaliteten er avhenging av beiting (utan særleg gjødsling). Turbulens m/støv frå helikopteret kan ha negativ verknad på soppen/naturtypen, men med sjeldan trafikk av helikopteret vil verknaden truleg vere liten</p>	-

<p>Naturressursar Tiltak i område utan særskilde naturressursar, men ligg tett opp til innmarksbeite. Usikkert i kor stor grad aktiviteten (støy, turbulens m/støv) vil påverke beitekvalitet.</p>	-
<p>Kulturarv Ingen registreringar. Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg og kulturminne i området ved Solund kyrkjestad og mot Teigeneset, men det er god avstand til desse. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området ligg inntil svært viktig friluftsområde «Holmenkollen (Naturbaseid: FK00020085) der jordbrukslandskapet har stor symbolverdi. Lokale brukarar. Tiltaket med utsprenging vil i noko grad påverke symbolverdien negativt.</p>	-/--
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Ingen fare registrert. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> God beredskap.</p>	Lite sårbart

Oppsummering

Området har *liten* til *middels negativ konsekvens* for landskap, friluftsliv/bygdeliv og naturressursar. ubetydeleg. Grunnen til *negativ konsekvens* er pga. at området har eksponering mot utbygde område og friluftslivområde, og vil gje stort omfang lokalt (utsprenging). Området grensar i vest til naturtypen naturbeitemark som har brukbar førekomst av beitemarksopp, inkl. ein sårbar art.

For samfunnstema er området *lite sårbart*.

Avbøtande tiltak:



- Verknadane på artsmangfaldet, naturressursar, friluftsliv og landskap må vurderast nærare.
- Bør vurderast annan lokalisering.

Oppsummering

Forslaget takast inn i kommuneplanen utan endringar.

C25

Eigedom	26/122	Storleik omdisponert areal	37,5 daa
Gjeldande føremål	LNF og fritidsbebyggelse	Nytt føremål	Bustad
Beskriving	Området ligg vest for Kystarboretet, og det er ynskje om å utvide dagens bustadføremål		





Vurdering		Konsekvens
Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av stor lokal verdi (B). Området er ein forlenging av bustadareal mot sør, og er ikkje bebygd. Området er eksponert mot rekreasjonsområde. Omdisponering til utbyggingsføremål er ikkje av stort omfang.		-
Strandsone Tiltaksområdet er lokalisert over 30 meter frå vassdraget Valsvatnet i vest som er på kote 4. Mellom tiltaksområdet og sjøen er dei eit platå på over 25 meter innanfor ein avstand på ca. 50-60 meter. Området kan difor definerast til å ikkje ligge i den funksjonelle strandsona då ein har kome såpass høgt at ein ikkje lenger kan påstå at ein er i strandsona. Tiltaket kan difor forsvarast, i tillegg til at tiltaket er lokalisert eit stykke unna vassdraget.		-
Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i det tiltaksområdet. Mykje av arealet er satt av til LNF område og vil verte bygd ned, mens delar av området er frå før planlagt til fritidsbustad. Nærleik til vatn i vest og at naturområdet i dag ikkje er utbygd har landskapsøkologiske kvalitetar. Ligg inntil framtidig bustadområde.		-/--
Naturressursar Tiltak i område utan naturressursar på land.		0

<p>Kulturarv Ingen registreringar. Det er eit SEFRAK-registrert bygg i vest. Fjell i dagen og høgt i terrenget. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø</p>	<p>0</p>
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området er registrert som del av svært viktig turområde, med høg frekvens av både regionale/nasjonale brukarar (Ramnenipa og Kråka, Naturbaseid: FK00020074). Størstedelen av området er i dag disponert til LNF-område og særleg del er disponert til fritidsbustad. Arealet grensar til område som er føreslått avsett til friområde (som i gjeldande plan er eit stort felt med fritidsbustader). Konsekvens avhengar av om naborarealet vert disponert til friområde i ny plan (0), eller om fritidsbustad vert vidareført (-).</p>	<p>0/-</p>
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Ingen fare. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> God beredskap.</p>	<p>Lite sårbart</p>
<p>Oppsummering Området har <i>liten negativ konsekvens</i> for landskap og strandsone, <i>liten-middels negativ konsekvens</i> for naturmangfald, og ev. <i>liten negativ konsekvens</i> for friluftsliv. For dei andre to miljøtema er konsekvensen <i>ubetydeleg</i>. Grunnen til <i>negativ konsekvens</i> er pga. at området er eksponert mot og er del av tur- og rekreasjonsområde. Vatnet i vest for tiltaksområdet kan ha landskapsøkologiske kvalitetar. Nedbygging av natur (LNF-område).</p> <p>For samfunnstema er området <i>lite sårbart</i>.</p> <p>Oppsummering: Forslaget takast inn i kommuneplanen utan endringar.</p>	

C26

Eigedom	26/4	Storleik omdisponert areal	44,3
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	Bustad
Beskriving	Området ligg sør for hovudvegen ved regulert bustadfelt i Sildevika, og det er ynskje om å utvide dagens bustadområde, samt bustadområdet som er avsett i gjeldande plan.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels lokal verdi. Området er lokalisert sør for fv. 606. Tiltaket er ein utviding av eksisterande bustadområde i gjeldande plan, men er ikkje bebygd. Området vil gje eksponering mot utbygde område, og mot rekreasjonsområde. Ei utbygging av området i vest vil medføre silhuettverknader, spesielt på den øvste delen.</p>	--

<p>Strandsone Tiltaksområdet er lokalisert ca. min. 15 meter frå vassdraget Klubbevatnet som er på kote 15. Mellom tiltaksområdet og vassdraget i vest er terrenget meir kupert, medan mellom tiltaksområdet og vassdraget i nord er det forholdsvis flatt. I nord er difor den funksjonelle strandsona definert til å vere breiare enn det 100-metersbeltet er. Ei avstand på 15 meter er ikkje nok til å bevare strandsoneverdiane her. Føremålgrensa bør avgrensast både mot vest og i nord. I nord bør den ikkje gå nærare vassdraget enn området som allereie er avsett til bustad i gjeldande plan, og i vest bør grensa leggst på min. kote 31. slik at ny bebyggelse ikkje blir lagt på det mest hellende terrenget mot vassdraget.</p>	<p>--/---</p>
<p>Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlistearter i området. Området er i dag avsett til LNF og litt nær mykje ubebygd natur. Vatnet i sør kan ha landskapsøkologiske kvalitetar. Konsekvens er tap av hverdagsnatur i vesentleg omfang.</p>	<p>--</p>
<p>Naturressursar Tiltak i område utan naturressursar på land.</p>	<p>0</p>
<p>Kulturarv Eit SEFRAK-registrert bygg i aust, og opptil fleire langs sjøkanten. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne-/miljø</p>	<p>0</p>
<p>Friluftsliv og bygdeliv Området er registrert som viktig nærturterreng Langhaugen-Hardbakke (Naturbaseid: FK00020115) med eit nettverk av stiar (middels brukt og stort potensiale). Badeplassar nær bustadområde. Ligg tett opptil område avsett til bustad (ikkje utbygt i dag) og forslaget er i den grad ei utviding av bustadformålet med ei omdisponering frå LNF område. Tap av nærturterreng.</p>	<p>--</p>
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Ingen fare. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> God beredskap.</p>	<p>Lite sårbart</p>



Oppsummering

Området har *middels negativ konsekvens* for landskap, friluftsliv og naturmangfald pga. at området vil gje eksponering mot utbygde område og mot rekreasjonsområde, samt tap av natur (LNF-areal) og nærleik til vatn som kan ha landskapsøkologiske verdiar. Ei utbygging av området i vest vil medføre silhuettverknader, spesielt på den øvste delen. Det er badeplassar nær tiltaksområdet. For strandsona har tiltaket *middels til stor negativ konsekvens* pga. utbygging nær vassdraget,

For samfunnstema er området *lite sårbart*.

Avbøtande tiltak:


- Under føresetnad av god tilpassing til landskap og friluftsliv vil ikkje tiltaket medføre vesentlege ulemper for naturmiljø og samfunnsinteresser.
- Det vert kravd reguleringsplan.
- Ved å ta ut sørvestre del frå utbyggingsføremålet vil ein redusere landskapsverknadane og tap av naturareal.
- Føremålsgransa bør avgrensast i nord.

Oppsummering:

Forslaget takast inn i kommuneplanen med endringar i sørvest og nord.

D1

Eigedom	48/1	Storleik omdisponert areal	10,9
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd for hytter
Beskriving	Området ligg på vestsida av vegen på Krakhella, mot Krakhellesundet.. Utviding av spreidd-området.		



Vurdering

Konsekvens

<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels lokal verdi (B). Området er i eit jordbrukslandskap vest for fv. 606 med ein del innslag av skog. Området har eksponering mot Krakhellesundet og fergekaia. Tiltaksområdet er ikkje bebygd, men det er ein del bebyggelse i området. Nedbygging av urørt landskap er ikkje av stort omfang.</p>	-
<p>Strandsone</p> <p>Tiltaksområdet er lokalisert ca. min. 80 meter frå sjø i søraust, elles er området utanfor 100-metersbeltet. Den funksjonelle strandsona er definert til å gå i nedkant av offentleg veg der dei ligger i 100- metersbeltet, og tiltaksområdet er i bakkant av vegen. Ei arealendring vil ikkje endre verdiane knytt til strandsona eller allmenta sine interesser til den.</p>	0
<p>Naturmangfald</p> <p>Like nord for tiltaksområdet ligg naturtypen er det rik boreonormal regnskog, av svært viktig verdi. Tiltaket kjem ikkje i direkte konflikt med naturtypar i området. Ved fergekaia er det registrert fleire raudlista fuglar; bergirisk, stær, fiskemåke, (nært truga, NT) og sjørorre, (sårbar, VU). På Krakhella er det også registrert artar av særleg stor forvaltingsinteresse; gullhårrose lengre sør for utbyggingsarelaet og kystgråmose (eksakt lokasjon usikker pga eldre registrering). Auka menneskeleg aktivitet på land kan påverke fuglelivet negativt, men dette vil ikkje ha betydning på bestandsnivå. Området er i dag avsett til LNF og består av overflatedyrka mark og skog. Konsekvens er nedbygging av kvardagsnatur (sett bort ifrå jordbruksareal med låg verdi for naturmangfald). Viktig med vegetasjonsbuffer tett opp til naturtypen i nord.</p>	-
<p>Naturressursar</p> <p>Omtrent halvparten av tiltaksområdet er registrert som overflatedyrka mark (<5 daa) og innmarksbeite (1 daa) og er del av jordbrukseigedom i LNF spreidd område. Tiltaket legg beslag på jordbruksområda, og reduserer verdi av eksisterande jordbrukseigedom.</p>	--
<p>Kulturarv</p> <p>Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg ved området. Veganlegget Krakhella-Hardbakke er registrert som kulturminne, og denne strekninga går forbi området. Det er registrert fleire kulturminne på øya i aust av bl.a. typen busetjings- og aktivitetsområde. Tiltaket vil ikkje verke inn på allereie registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv</p> <p>Ingen registrert. Området er i liten grad brukt til friluftsliv- og rekreasjonsområde. Ingen vesentlege konsekvensar for temaet.</p>	0
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit)</p> <p><i>Naturfare:</i> Ingen fare <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Opptil 30 min. beredskap.</p>	Lite sårbart

Oppsummering

Tiltaket har *middels negativ konsekvens* for landskap og naturmangfald grunna eksponering mot Krakhellesundet og fergekaia, samt nedbygging av kvardagsnatur. Det er *middels negativ konsekvens* i forhold til at tiltaket legg beslag på jordbruksareal.

Tiltaket er *lite sårbart* mtp. samfunnstryggleik.

Avbøtande tiltak:


- Unngå nedbygging av jordbruksareal i størst mogleg grad.
- Verknadar naturmiljø bør undersøkast vidare (kystgråmose registrert på Krakhella med usikker lokasjon).

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

D10

Eigedom	39/1-3	Storleik omdisponert areal	65,7
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd hytte
Beskriving	Området er mellom Eide og Kråkeneset, langs nyetablert veg.		




Vurdering	Konsekvens
-----------	------------

<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av låg til middels lokal verdi (B). Området ligg i eit lite kupert kystlandskap med fjell i dagen, og gir difor middels eksponering mot havet. Tiltak av spreidd karakter kan vere akseptabelt i landskapet.</p>	-
<p>Strandsone Tiltaksområdet grensar til sjø, og er inngrepsfritt med unntak av vegen som går forbi i aust (er ikkje vist på ortofoto). Strandsona her er ikkje av den mest attraktive, ei heller karakteristisk, men ei arealendring vil endre verdiane knytt til strandsona.</p>	--
<p>Naturmangfald Ingen registreringar. Område med alminnelege naturtypar og vanleg artar. Strandsona har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt.</p>	-
<p>Naturressursar Tiltak i område utan naturressursar på land.</p>	0
<p>Kulturarv Det er eitt kulturminne utanfor området i sør, Storhågen. Dette består av steinbrukande aktivitetsområde/hellarlokalitet frå steinalderen. Elles er det fleire kulturminne sør for Garnvika og eit SEFRAK-registrert bygg i Kvernhusvika. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Halve området er innanfor lokalt viktig friluftsområde. Det er vurdert til at tiltaket ikkje vil påverke allmenta sin ferdsel i strandsona då tiltaket vil føre til eit lite beslag av denne samanlikna med størrelsen av området. Tiltaksområdet er ikkje meir attraktiv for utøving av friluftsliv enn resterande område.</p>	-
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Delar av området er innanfor fare for havnivåstigning og flaum <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Opptil 30 min. beredskap.</p>	Moderat sårbart
<p>Oppsummering Tiltaket har <i>middels negativ konsekvens</i> for strandsona grunna verdiendring av strandsona. For landskap og naturmangfald har tiltaket <i>lite negativ konsekvens</i> grunna eksponering mot havet og strandsona sin landskapsøkologiske funksjon. Tiltaket er <i>lite sårbart</i> mtp. samfunnstryggleik. Konklusjon Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>	

D6

Eigedom	41/2	Storleik omdisponert areal	5,8 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	LNF-spreidd for bustad
Beskriving	Utviding av spreidd- bustadområde. .		




Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av låg til middels lokal verdi (B). Området ligg i eit lite jordbrukslandskap med innslag av skog og bebyggelse. Den eksisterande bebyggelsen er ikkje dominerande i terrenget. Pga. topografien i området blir ei utbygging på dei høgste areala eksponert mot vest og mot sjø.</p>	--
<p>Strandsone Utvidingsarealet i aust er nærare sjøen (40 meter) enn dagens arealdisponering, medan i vest er grensa i same avstand til sjø som den eksisterande. Innanfor utvidingsarealet i vest er det ikkje realistisk å leggje til rette for bebyggelse, medan innanfor området i aust er det eit platå som er høgare enn 20 meter over havet. Området i aust er difor definert som å ikkje liggje i den funksjonelle strandsona då ein har kome såpass høgt at ein ikkje lenger kan sei at ein er i strandsona.</p>	0

<p>Naturmangfald Nedbygging av skog (relativt ung blandings- og barskog). Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i tiltaksområdet. Arealet ligg tett opptil verdifullt og sårbart sjøområde for sjøfugl (fleire raudlista). Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak i strandsona vil difor vere negativt.</p>	-
<p>Naturressursar < 0,5 daa jordbruksareal, registrert som overflatedyrka, vert omdisponert. Tiltaket vil gje ubetydeleg endring på landbrukseigedomen ettersom resterande areal vil i stor grad kunne heldast i hevd. Viktig at naudsynt infrastruktur ikkje legg beslag på dei areala av størst verdi.</p>	0
<p>Kulturarv Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg i og ved området. Veganlegget Krakhella-Harbakke er registrert som kulturminne, og denne strekninga går forbi området. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Innanfor lokalt viktig friluftsområde registrert i FRIDA. Nedbygging av funksjonell strandsone. Omdisponeringa er av liten karakter og vil difor gje ubetydeleg konsekvens på temaet.</p>	0
<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Grensar til havnivåstigning. <i>Beredskap ogulukkesrisiko:</i> Opptil 10 min. beredskap.</p>	Moderat sårbart

<p>Oppsummering Tiltaket har <i>middels negativ konsekvens</i> for miljøtemaet landskap pga. at topografien i området vil medføre at utbygging på dei høgste areala vert eksponert mot vest og mot sjø. For naturmangfald er konsekvensen vurdert til <i>liten negativ konsekvens</i> grunna at strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon. Tiltaket er <i>moderat sårbart</i> mtp. samfunnstryggleik grunna havnivåstigning.</p> <p>Avbøtande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ved å unngå utbygging på dei høgste areala kan ein truleg redusere landskapskonsekvensen til liten. Dette pga. topografien i området, spesielt eksponering mot vest og mot sjø. - Sette maks tal på bustader i området. - Setje byggjegrænse mot sjø. <p>Konklusjon Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>
--

D5

Eigedom	41/2 og 4	Storleik omdisponert areal	4,4 daa
Gjeldande føremål	LNF	Nytt føremål	Næring
Beskriving	Ynskjer å vidareutvikle drifta av fiskeri ved å føre opp kaiar m.m.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels lokal verdi. Området er eksponert mot fjorden, og har mest naturleg strandsone. Strandsona er utbygd i sørvest. Med unntak av eit naust og bryggje er området lite omfatta av inngrep.</p>	--
<p>Strandsone Tiltak i sjø. Strandsona her er delvis bebygd med naust, veg, molo og bryggje. Sjørelatert næring veg i mange tilfelle tyngre enn omsynet til allmenta sine interesser, men vil endre verdiane knytt til strandsona.</p>	-
<p>Naturmangfald Det er ikkje registrert viktige naturtypar på land. Strandsona er frå før noko utbygd, men i liten grad. Strandsone har ein viktig landskapsøkologisk funksjon og tiltak her vil difor vere negativt. Grunt sjøareal rundt Bastøholmen i sør (verdi for marint naturmangfald). Sjøarealet er særleg verdifullt og sårbart for sjøfugl (fleire raudlista), og er eit viktig matfat for fuglane. Regionalt viktig gyteområde for torsk er registrert her (gytefelt i Nessefjorden). Utfylling og ei auke i næringsaktivitet kan påverke naturverdiar negativt.</p>	-/--

<p>Naturressursar Innanfor gyteområde for torsk som er regionalt viktig (B). Ei eventuell utfylling vil føre til noko arealbeslag på delar av gytefeltet, men dette er så lite at det vil ikkje få konsekvens for lokaliteten. Larvane kan bli påverka negativt av auka partikkelmengde i vassmassane.</p>	-
<p>Kulturarv Det er tre SEFRAK-registrerte naust like vest for området, elles ingen registreringar.</p>	0
<p>Friluftsliv og bygdeliv Del av svært viktig friluftsområde i sjø inkl. strandline, holmar og skjær; Nessefjorden (Naturbaseid: FK00020111) med ganske stor brukarfrekvens. Tiltaket utgjer svært liten del av arealet og vil ikkje ha vesentleg negativ påverknad på rekreasjonsområdet.</p>	0

<p>Samfunnstryggleik (sårbarheit) <i>Naturfare:</i> Havnivåstigning og stormflo. <i>Beredskap og ulukkesrisiko:</i> Opptil 10 min. beredskap.</p>	Svært sårbart
--	---------------

<p>Oppsummering Tiltaket har <i>middels negativ konsekvens</i> for miljøtemaet landskap pga. at området er eksponert mot fjorden. For naturmangfald har tiltaket <i>liten</i> til <i>middels negativ konsekvens</i> grunna at ei utfylling og ei auke i næringsaktivitet kan påverke naturverdiar negativt. For strandsone og naturressursar har tiltaket <i>liten negativ konsekvens</i> pga. at verdiane knytt til strandsona blir endra og at tiltaket er lokalisert i eit gyteområde for torsk.</p> <p>Tiltaket er <i>svært sårbart</i> mtp. samfunnstryggleik pga. havnivåstigning og stormflo.</p> <p>Avbøtande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det må takast omsyn til fjernverknad som tiltaket vil kunne ha, og ein bør unngå ikkje heilt naudsynte bygg, utstyr, skilting, lys m.m. på kaien av omsyn til dei lokale landskapsverdiane. - Det bør vere fokus på å unngå utfylling i sjø i størst mogleg grad, evt. sjå samanheng med utviding av dagens kai i øst som eit alternativ. <p>Konklusjon Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.</p>

4.2 Samletabell miljøkonsekvensar og sårbarheit

For å skaffe eit samla oversyn over konsekvensane for endra arealbruk er alle vurderingstema samla i ein tabell.

Samla vurdering for utgreiingstema er oppsummert nedanfor. Samla vurdering for arealføremåla med robustheit for usikkerheit er gjort til slutt i analysen for heile kommunen.

Areal	Land-skap	Strand-son	Natur-mangf.	Naturress.	Kultur-arv	Friluftsliv, bygdeliv	Samfunns-tryggleik
A1 LNF-spreidd for fritidsbebyggelse	-	-	-	--	-	--	
A2_1 Småbåthamn	0/-	-	-	0	0	-	
A2_2 LNF-spreidd for bustad	-	-	-	0	0	-	
A8 Molo	-	--	-/--	-	0	0	
A9 Fritidsbebyggelse	-	0	-	-	0	0	
A10 Næring	0	0	0	-	--	0	
A12 LNF-spreidd for bustad	-	0	-	0	0	0	
A20 Fritidsbebyggelse	0/-	0	0	-	0	0	
A14 Næring og hamn	--	0	-/--	0	0	0	
B2_3 LNF- spreidd for hytte	-	-	-	-	0	-	
B37 Fritids- og turistføremål	-	-/--	--	--	0	--	
B5_1 LNF-spreidd for bustad	-/--	-	-	0	0	-/--	
B33 Næring	-/--	0	--	0	0	-	
B13 LNF-spreidd for bustad	-/--	-	--	0	0	-/--	
B6 Fritids- og turistføremål	-/--	0	-	0	0	+	
B26 LNF-spreidd for bustad	-/--	0	-	-	0	0	
B30 Næring	--	0	-/--	0	0	0	
B31 Andre typar bygningar og anlegg (naust)	--	-	-/--	-	0	-	
B38 LNF spreidd for bustad og hytte	--	0	-	0	0	-	
C1 Næring og fritidsbebyggelse	--	0	-/--	-	--	0	

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Konsekvensutgreiing

Oppdragsnr.: 5190096 Dokumentnr.: Versjon: C02

C2_1 Friområde	+++	+++	++	0	0	+++	
C2_2 Småbåtanlegg	-	-	-/--	-			
C5 LNF-spreidd næring	---	0	-	-	0	-	
C6 Næring	-/--	--	--	-	0	-	
C7_1 LNF- spreidd for fritidsbebyggelse	0	-	0	0	0	0	
C7_2 LNF-spreidd for bustadbebyggelse	0	-	-	0	0	-	
C7_3 LNF-spreidd for fritidsbebyggelse	--	-	-/--	0	0	-	
C13_1 Andre typar bebyggelse og anlegg (naust)	-	-	-	-	-	-	
C 15 LNF-spreidd for bustadbebyggelse	--	-	-/--	-	0	-	
C13_2 LNF-spreidd for bustadbebyggelse	-	--	-/--	0	0	-	
C18 Friområde	++	+++	++	0	0	+++	
C24 Lufthamn	--	0	-	-	0	-/--	
C25 Bustad	-	-	-/--	0	0	0/-	
C26 Bustad	--	--/---	--	0	0	--	
D1 LNF-spreidd for bustad	-	0	-	--	0	0	
D10 LNF-spreidd hytte	-	--	-	0	0	-	
D6 LNF-spreidd for bustad	--	0	-	0	0	0	
D5 Næring	--	-	-/--	-	0	0	

Samla vurdering for utgreiingstema er oppsummert nedanfor.

Landskap

Fleire område har liten til middels konsekvens for tema landskap mest på grunn av eksponering mot sjø, men også mot utfartsområde eller bustadområde. Tre område har ubetydeleg konsekvens då dette er område som er ferdig utbygde eller har lite eksponering.

Strandsone

Nye inngrep i strandsona dreier seg for det meste om areal som byggjer opp om eksisterande arealbruk, og mange av dei gjeld utviding av utbyggings- og spreidd område som fritidsbustader, bustad, naust, småbåthamner og næring. Dei nye områda for omdisponering er for det meste lagt i tilknytning til område der det alt er teke hol på området, eller det er etablert liknande tiltak i nærleiken. Nokre tiltak opnar opp for utbygging i jomfruelege område, og vil medføre ein særskilt forringing av nettopp desse påverka verdiane

som ligg der i dag. Ei utbygging vil dermed vere eit nytt element i området, og ein vil også miste noko av den funksjonelle strandsona ved å tillate utbygging nærre sjøen.

Samla sett er verknadane for strandsona vurdert å vere små.

Naturmangfald

Fleire område har liten til middels konsekvens for naturmangfald, og det er i område som legg opp til utbygging i eller ved sjøareal. I ein landskapsøkologisk samanheng har sjø og strandsona stor verdi. Eventuelle sprengingsarbeid og deponering av steinmassar i sjøen vil kunne medføre skade på marint naturmangfald, og det same gjeld utfylling i sjø. Området som ein ynskjer å setje av til landingsplass for helikopter grensar til ein naturtype av naturbeitemark. Lokaliteten har brukbar førekomst av beitemarksopp, inkl. ein sårbar art. Turbulens frå helikopteret kan ha negativ verknad på soppen, men sidan helikoptertrafikken er sjeldan vil konsekvensen truleg vere minimal. Områder der det ikkje er gjort særskilt inngrep i frå før, har ein svært viktig verdi som inngrepsfri natur, og vil i dette planforslaget verte råka. Forslag som legg opp til utbygging i område utan eksisterande infrastruktur vil mest sannsynleg medføre ei ringverknad med ytterlegare påverknader for tilgrensande areal.

Naturressursar

Det er 20 område som har ubetydeleg konsekvens for dette tema, og grunnen er at det ikkje er naturressursar av betydeleg verdi i desse områda. For dei områda det er jordbruksområde eller skog av høg bonitet vert konsekvensen forverra. For fire av områda gjeld konsekvensen gyteområde for torsk, og tiltaket inneber tiltak i sjø. Området på Steinsund er i konflikt med ein låssetjingsplass.

Kulturarv

På Steinsund har tiltaket middels negativ konsekvens pga. visuell eller fysisk konflikt med bygning som er oppført som eldre enn 1650, og dermed er automatisk freda. På Kverhella er det to kulturminnelokalitetar som er i direkte konflikt med arealdisponeringa. For to område har tiltaket lite negativ konsekvens for å ta omsyn til kulturminne eller andre verdiar. Resterande område har ubetydeleg konsekvens.

Friluftsliv, by- og bygdeliv

15 område har liten negativ konsekvens då utbygging kan medføre redusert bruk og attraktiviteten til friluftsområde. Eitt område på Hardbakke får middels negativ konsekvens pga. nærleiken til badeplassar. Omdisponering til friområde på Hardbakke får positiv konsekvens som medfører auka tilgjenge og bruk av området.

Samfunnstryggleik

19 område ligg svært sårbart til i høve naturfarar. Det er for det meste knytt til havnivåstigning og stormflo, men også skred. Då er anten heile eller store delar av området innanfor faresone. Mange av områda har i tillegg responstid på utrykking over 30 minutt.

Naturfare må avklarast i neste planfase/byggesøknad.

4.3 Lokal utvikling

Solund har offentlege tenester kun på Hardbakke. For tema som folkehelse, bu- og oppvekstmiljø og sosial infrastruktur er ein i store delar av kommunen avhengig av lokale initiativ og aktivitetar, slik det tradisjonelt er på bygdene. For deltaking i større miljø og eit breiare aktivitetstilbod for barn og unge vil ein vere avhengig av å kome seg til Hardbakke.

Det er sett krav i føresegnene § 1.8.2 at tiltak skal tilfredsstillere retningsline T-1442

Framlegget til ny arealplan legg opp til ei viss fortetting og utviding av eksisterande areal. Det er sett av nokre nye område til fritids- og turistføremål, næringsområde og småbåthamner. Dette er tiltak som har positive bidrag til lokal utvikling.

Positivt

4.4 Universell utforming

I forslag til føresegnene er universell utforming ivareteke i punkt 1.3, 1.6 og 1.7.1.

Samla sett er det vurdert at planforslaget tek tilstrekkeleg omsyn til prinsippet om universell utforming.

4.5 Verneverdiar i vassdrag

I Solund er det eitt verna vassdrag, Engevikvassdraget.

Det er ingen av dei nye areala som er i nærleiken av vassdraget, og dermed er verknadane for vassdraget vurdert å vere ubetydeleg.

UTKAST

5 Konfliktpotensiale akvakultur i sjø

Dette kapittel omtalar tema som er konsekvensvurdert for sjøareala. Kvart tema beskriv korleis det er for akvakultur og eventuelle utfordringar. Konsekvensane for alle tema er oppsummert i kapittel 6.4, og i kapittel 7 er det gjort ei samanstilling av konsekvensane.

5.1 Landskap

Tradisjonelle akvakulturanlegg har synlege konstruksjonar i sjøoverflata, og dimensjonane på desse gjer at dei er synlege både i nærområdet og på avstand. Fôrflåten, fortøyingsramma med bur eller ringar er synleg. Anlegg av stålbur er generelt mindre arealkrevjande og såleis mindre synlege enn anlegg med plastringar der også fôrflåten ligg skilt frå fortøyingsramma. Fargebruken på ringane/stålbura og nettingen er ofte dempa, og frå lengre avstandar er desse tiltaka mindre synlege. Ut frå tryggleikssyn har bøyer som ligg i ytterkant av anlegget fargebruk og lyssetting som gjer anlegget synleg. Fôrflåten er den konstruksjonen som er mest synleg. Flåten sin funksjon som fôrlager, fôrhandteringsanlegg, lagring- og arbeidsplass, samt administrasjon/kontrollrom avgjer storleiken.

Nye anlegg eller arealutviding av eksisterande lokalitetar viser igjen i landskapet. Dei fleste endringane i planframlegget opnar for større anlegg og kan såleis vera meir visuelt eksponert.

5.2 Naturmangfald


Det er størst risiko for permanent skade på naturtypar og artar som har ein langsam vekst eller lavt spreingspotensial, og difor ein liten evne til å reetablere seg. For nokre naturtypar veit vi at dei har evne til rask reetablering, slik som for eksempel tareskog. For nokre naturtypar slik som korallskogbotn, ålegrasenger, lausliggande kalkalgar og grunne blautbotnsområde er desse antakeleg meir sårbare og kanskje bruker lang tid på å rehabilitere seg. Betre reinseteknologi for landbaserte anlegg er under utvikling og vil kunne redusere risikoen for påverking i grunne områder.

Forstyrning

Norsk Institutt for Naturforskning si litteraturstudie med fokus på forstyrningar på fugl og pattedyr i sjø ([18], viser at støy frå oppdrettsanlegg truleg har liten effekt på marin fauna. Det er ikkje funne forskning frå Noreg som omtalar effekt av forstyrning frå etablering og drift av akvakulturanlegg. Internasjonale studiar syner m.a. til at artar kan bli fortrent frå deira optimale område ved forstyrningar eller truslar, fordi det er ein vanleg reaksjon at individet bevegar seg vekk frå kjelda til forstyrning/støy til eit område der det kan føle seg tryggare, enten i lengre eller kortare periodar. Rapporten syner likevel at mange dyr og fuglar har evna til å venne seg til støy og aktivitetar som ikkje er retta mot dei, og som ikkje vert forbunde med direkte fare. Konkret viser rapporten til at andefugl kan bli forstyrra av aktivitetar opp mot 800 meter frå myteområde. Eit anna moment er at ein har normalt mykje bakgrunnsstøy i havet, særskilt i kystnære område med mykje skipstrafikk.

Ureining

Solund ligg midt i utløpet av Sognefjorden med fleire mindre fjordsystem som Dalsfjorden, Vilnesfjorden, Åfjorden i nord og Folafotsfjorden og Gulafjorden i sør. Det er mange godkjente oppdrettslokalitetar innanfor desse fjordsystema (fig. 2). I området er det godkjente lokalitetar knytt til matfisk, stamfisk, andre artar, settefisk, blautdyr/krepsdyr/pigghuder samt algar.



Figur 2: Godkjente oppdrettslokaliteter i Fjordsystema kring Solund. Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Oppdrettsanlegg har lokale verknader på naturmiljøet, særskilt gjeld dette organisk materiale og uorganiske nærings salt frå fiskefôr og fiskeavføring direkte under anlegget. Grunna fortyningseffekten i sjøvattn er effekten av utsleppa normalt avgrensa til nærleiken av anlegget, **men ha ein negativ** påverknad på omgjevnaden, avhengig av straumtilhøve og plassering av lokalitet.

Studiar frå Hardangerfjorden syner at det kan vere lokal miljøpåverknad frå organiske tilførsler (nærings salt/ partikulært materiale) i grunne område (0-30 m) når anlegget ligg sær sære nære land, i bukter og ved straumsvake lokalitetar. I ytre kystområde og ved straumsterke lokalitetar er vist lite påverknad. Lokalitetane i Solund kommune **variere** noko i forhold til kor straumsterke dei er.

Havforskningsinstituttet sin rapport [19] viser at utslepp frå akvakultur har størst risiko for permanent skade på naturtypar og artar som har liten evne for å reetablere seg (langsam vekst eller lågt spreingspotensiale). Nokre artar har rask reetablering, som t.d. tareskog, medan andre artar som korallskogbotn, ålegrasenger, lausliggande kalkalgar og grunne blautbotnområde, er meir sårbare og kanskje brukar lang tid på å reetablere seg. Rapporten syner til at det er påvist påverknad av utslepp frå akvakultur til naturtypar opptil 1000-1500 meter i frå anlegget.

I følgje Risikorapport norsk fiskeoppdrett frå 2019 [20] viser overvaking i område meget god og god miljøtilstand, også i område med høg produksjon av matfisk. Risikoen for regional påverknad er vurdert som lågt. Vidare vurderer rapporten at konsekvensen av den lokale påverknaden lokalt ved matfiskanlegga er låg, dersom anlegget held seg innan miljømåla og ligg i eit godt plassert område med god bereevne. Risikoen for at anlegga ikkje oppnår miljømåla som er sett for anleggssona er vurdert til å vera liten. Samstundes peikar rapporten på at fjordlokalitetar er meir utsett for overbelastning og har høgare risiko for å ikkje nå miljømåla som er bestemt for lokaliteten.

Det vert regelmessig gjennomført miljøundersøkingar kring eksisterande matfiskanlegg. MOM-B undersøkingar i Solund syner følgjande klassifisering (per 2020 frå fiskeridirektoratet sin database):

1 = Meget god	2= God	3 = Dårleg	4= Meget dårleg
---------------	--------	------------	-----------------

<ul style="list-style-type: none"> • Olderøy • Brattholmen • Bjørnholmen • Kvernhusvika • Guleskjeret • Skreda • Klubben • Kverhelleskjeret 	<ul style="list-style-type: none"> • Bukkeholmen • Kråkenes • Furuholmen S 		
---	---	--	--

Utslepp av legemiddel og framandstoff

For å sikre god fiskevelferd, behandling mot lakselus og sjukdomar, samt halde merdane reine, vert det nytta legemiddel og framandstoff (miljøgifter, som t.d. kopar) i produksjon av oppdrettsfisk. Dette er tilhøve som er knytt til det enkelte anlegget og vert regulert gjennom sektorlovverk og ikkje gjennom plan- og bygningslova.

Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2019 [20] viser at enkelte middel nytta mot parasitten lakselus er påvist å kunne ha negativ langtidsverknad på krepsdyr (skaldyr) som lever i nærleiken av oppdrettsanlegg. Sidan 2016 har det vore ei betydeleg nedgang i forbruk samanlikna med 2015, samstundes som totalforbruket framleis er høgt samanlikna med periode 2007-2013.

Bakgrunnen for nedgangen er at det er teke i bruk andre metodar. Miljøeffekten av lusemiddel nytta ved badehandsaming er avgrensa på grunn av nedbryting og fortyningseffekt. For lusemiddel brukt i fôr visar forskning at det kan vere høge verdiar av lusemiddel i sedimentet under anlegget. Om organismar utanfor anlegget vert eksponert er vanskeleg å vurdere nøyaktig. Dette vil variere ut i frå konsentrasjon dei vert utsett for og kor lenge dei vert utsett for stoffet. Dette vil også variere frå lokalitet til lokalitet ut frå dei naturgitte forholda som t.d. straumforhold [20].

Risikorapport for norsk fiskeoppdrett [20] viser at det er behov for betre kunnskap om utslepp av miljøgifter frå oppdrettsanlegg. Ut i frå kjent kunnskap er det likevel klart at utslepp av framandstoff frå fôrspel, fekalier⁵ eller frå impregnerte nøter kan påverke andre organismar som lever i vassøyla ved anlegget eller i sedimenta under anlegget negativt.

I Solund kommune vert det truleg også nytta legemiddel og framandstoff i drifta, som t.d. lusemiddel, vaksinasjonsmiddel og kopar. Ut frå kunnskap henta frå risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2019 er det vanskeleg å vurdere verknaden av planframlegget, men det er forventa at risiko for omgjevnaden ved bruk av desse stoffa vil vere middels, med bakgrunn i gjeldande lovverk samt normale driftsforhold og rutinar.

Villaks og sjøaure

Det er fleire forhold som har miljøeffekt på anadrom fisk (villaks og sjøaure) i fjordsystemet. Noreg har eit særskilt ansvar for, og har eit mål om, å ivareta og bygge opp igjen viltlevande bestandar av atlantisk laks. Det er mellom anna vedteke forskrift om kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks. Føremålet med kvalitetsnorma er å bidra til at viltlevande bestandar av atlantisk laks blir ivaretatt og vert gjenoppbygd til ein størrelse og samansetning som sikrar mangfald innanfor arten og utnyttar laksen sin produksjons- og haustingsmoglegheiter. Norma er retningsgivande for mynde sin forvaltning og skal klargjere kva som er god kvalitet for villaks og dermed gi mynde eit best mogleg grunnlag for forvaltninga av bestandane og faktorane som påverkar bestandane av atlantisk laks. Kvalitetsnorma fastset grenseverdiar for kvaliteten til villaksbestandar basert på bestandane sin reproduksjon, haustingspotensial og genetiske integritet.

I følgje Vitenskaplig råd for lakseforvaltning [21] er det verknader av oppdrettsaktivitet som fører til størst trussel for anadrom fisk. Det er effektar av rømt oppdrettslaks og lakselus som utgjør dei to største truslane

⁵ Mellom ein fjerdedel og ein tredjedel av fôret som laksen får kjem ut som hard avføring = fekalier, som samlast opp under merdane

og er faktorar som påverkar bestandane så sterkt at dei kan medverke til at bestandar av villaks og sjøaure kan bli kritisk trua eller gå tapt.

Havforskningsinstituttet har publisert årlege risikovurderingar av miljøverknader av norsk fiskeoppdrett sidan 2011. Det er lagt vekt på overordna problemstillingar knytt til lakselus, smittespreiing, genetisk påverknad, eutrofiering, organisk belastning og utslepp av legemidlar. Dette er ei kjelde som er nytta aktivt i vår vurdering.

Eit grovt vandringsmønster til laksen

Straumen langs kysten går i utgangspunktet inn på sørsida og ut på nordsida av fjordane, men lokale forhold kan påverke dette. Laksen vil i utgangspunktet følgje straumen for minste motstandsveg. Dette gjer at laksen som er på veg inn i elvane på sommaren og hausten i stor grad vil følgje Sognefjorden, Vilnesfjorden og Dalsfjorden, m.fl. si sørside. Når smolten skal ut på våren, vil den følgje nordsida av fjordane. Frå Sognefjorden, og kanskje også fjordar lenger sør, kan det bety å følgje Tollesundet nordover, eller å følgje Solund si sørside og gå nordover i eit av sunda i Solund. Før laksen kjem ut i kyststraumen og ope hav.

For lakselus har alle lokalitetar som er i drift ei grense for kor mange vaksne holus det kan vere i snitt per fisk i anlegget. I fastsette periodar skal det også gjennomførast koordinerte avlusingar i forhold til bestemte grenseverdier. Mengda lakselus i fjordbassenga varierer i tid og er ein funksjon av kor stor grad dei enkelte anlegga er i drift, produksjonsmengd og om dei har kontroll på lusesituasjonen i anlegga sine.

Årleg vert det gjennomført undersøking av lakselus på vill laksefisk basert på fangst av sjøaure og sjørøye med garn og ruse på 3-6 stasjoner i kvar av dei 13 produksjonsområda. Havforskningsinstituttet sin rapport «En vurdering av lakselusinfestasjonen i produksjonsområdene i 2018 og 2019» [22] seier at «*infestasjonen på sjøaure i Nordhordland både i 2018 og 2019 indikerer høy risiko for dødelighet under utvandringen av smolt. Infestasjonen på sjørret i ytre deler av Sognefjorden (2018 og 2019) og midtre (2019) indikerer moderat lakselusrelatert dødelighet i 2018 og høy i 2019.*»

Påverknad av lakselus for omgjevnaden er i stor grad relatert til driftsopplegget på kvart enkelt anlegg, og plan- og bygningslova har ikkje høve til å regulere eller legge restriksjonar for drift på anlegga. Vurdering etter naturmangfaldlova vert gjort i samband med løyvehandsaming, basert på oppdatert kunnskapsgrunnlag og situasjonen på søknadstidspunktet.

Påverknaden av rømt oppdrettsfisk på anadrom fisk er knytt til genetisk innblanding og såleis utvatning av genane til villfisk. Forsking viser at oppdrettslaks er kryssa inn i eit stort tal elvar i Noreg og at det ut frå dagens kunnskap er lite rom for tvil om at rømt oppdrettslaks representerer ein trussel mot genetisk integritet til ville laksebestandar i Norge.

Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2019 viser at produksjonsområde 4 er vurdert til å ha mykje rømming. Det er til dels mykje rømt oppdrettslaks i elvane i området (16 og 9 % med moderat og høgt innslag) og andel rømt oppdrettslaks i elv vurderast som moderat. Andel elver som vert overvåka er låg, og sjølv om dekning av gytebestandsmålet er høgt i området, er kunnskapsstyrken vurdert som moderat.

Oppdrettsnæringa har dei siste åra gjennomført omfattande tiltak som har redusert tal på laks som rømmer. Auken i produksjon av oppdrettslaks medfører likevel at tal oppdrettslaks som rømmer framleis er høgt, sjølv om ein mindre prosentdel av oppdrettslaksen rømmer.

Plan- og bygningslova har ikkje heimel til å regulere eller legge restriksjonar på akvakulturføremål som vil forhindre hendingar med rømming. Samstundes har lokalisering og omfang av akvakulturføremål i kommuneplanen ein tyding for verknad av slike hendingar.

Smittsame sjukdommar er ein av dei viktigaste biologiske og økonomiske tapsfaktorane i oppdrettsnæringa. Det er også ein indikator på fiskevelferd. I tillegg til at sjukdom har negativ verknad for oppdrettsnæringa, er fleire av patogena (virus eller bakteriar) også påvist i villfisk. Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2018 har ei risikovurdering for virus, bakteriar og parasittar. Risiko for bestandsreducerande

effekt som følgje av spreining av patogen frå opprett til villaks og sjøaure er vurdert som låg. Det er usikkerheit i desse vurderingane som følgje av manglande datagrunnlag og kunnskapshol.

Bestandane av villaks og sjøaure. I følgje risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2019 blir gytebestandsmålet nådd for dei fleste vassdraga i produksjonsområdet. Nokon av dei større vassdraga (Lærdalselva, Vosso, Stryneelva) har lågt hausbart overskot, noko som trekkjer vurderingane ned dersom vi vektar med gytebestandsmål. Den forenkla vurderinga tyder også på at fleire av småvassdraga i produksjonsområdet har dårleg tilstand. Samla vurdering for området blir derfor moderat kvalitet. Vassdraga med full vurdering utgjer 92 % av det samla gytebestandsmålet i produksjonsområdet.

5.3 Friluftsliv i sjø og strandsone

Folk opplever og reagerer ulikt på akvakulturverksemd og det er individuelt om bruken av friluftsområda vert endra som følgje av realisering av planframlegget.

Ferdsl på sjø og fritidsfiske er ein viktig del av friluftsverdiane. Det er generelt eit 20 meters ferdselsforbod og 100 meters fiskeforbod kring akvakulturanlegg. I dag ligg anlegga med varierende avstand til kystlinja. For ein del av anlegga er det passasje for båttrafikk mellom anlegga og land. Fortøyinganlegg og ankring ligg så djupt at dei ikkje er til hinder for ferdsel.

På grunn av fiskeforbodet på 100 meter kring oppdrettsanlegg, vert moglegheita for fiske redusert med større og nye anlegg. Endra og fleire fortøyingliner vil også auke barrierane for fritidsfiske med fiskereiskap som kan henge seg i fortøyingane. Oppdrettsselskap har plikt til å rapportere inn koordinatfesta plassering av fortøyingane med ankringsfesta i digitale kartverk til m.a. Fiskeridirektoratet og Kystverket. Dette gjer at ålmenta eller andre interesserte kan sjekke for leidningar eller fortøyingar i områda dei skal fiske i.

Rapportane Risikovurdering norsk fiskeoppdrett frå 2016-2019 viser til fleire undersøkingar knytt til effekten av oppdrettsaktivitet på kvalitet hos kvit villfisk. Desse studia viser at fiskearten sei som vert fanga ved oppdrettsanlegg har ein annan diett enn sei fanga på lokalitetar eit stykke unna anlegga, men at det ikkje er funne at fisk som oppheld seg ved oppdrettsanlegg er av vesentleg dårlegare kvalitet enn annan fisk. Risikovurderinga viser til førebels resultat frå eit prosjekt der det er indikert at fiskereiskap og handtering også forklarar ein del av kvalitetsvariasjonen. Generelt er det ein mangel på detaljerte studiar som ser på mogleg biologiske eller helsemessige langtidseffektar, som gjer at ein ikkje kan trekke generelle slutningar.

Dagleg tilsyn og ulike arbeidsoperasjonar er naudsynt for dei fleste matfiskanlegga i sjø og dette gjev eit behov for landbase med kai/hamn for båt og utstyr. I tillegg til tilgjenge til landbase kan det vere aktørar som ønskjer å etablere landstraum ut til anlegga. Dette for å redusere dagleg bruk av aggregat på anlegga som vil redusere lyd frå anlegget, samt at det også er positivt for driftstryggleiken på anlegga. Dette inneber behov for inngrep på land og på sjøbotn for å føre fram høgspenlinje.

5.4 Kulturarv

Solund kommune har fleire kulturminne i sjøareala i form av skipsfunn. Desse er spreidd over kommunen. Men mange av funna er konsentrerte i Fedjefjorden. Nokre av skipa er automatisk freda, medan andre er ikkje blitt avklart. Funna er daterte frå 1800 til 1900- talet.


Det er ikkje registrert andre kulturminne i sjøareala.

5.5 Marine ressursar

Det er kartfesta 7 gyteområde i Solund kommune; Utvær, Stokkevågosen, sør i Dalesundet, Bjørnefjorden, Liasundet, Nessefjorden og Grunnosen. For gytefelt er det i Solund kartfesta 5 område; Austrefjorden, Grunnosen, Nessefjorden, Bjørnefjorden og Liasundet. I dag er det etablert seks oppdrettsanlegg innanfor gytefelt, og ein lokalitet innanfor gyteområde.

Typiske gytelokalitetar er beskytta område, ofte inst i fjordarmar, i pollar, vågar eller bukter, der gytinga skjer på 20-60 meter djupne.

I følgje risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2018 er det indikasjonar på at oppdrett potensielt kan påverke rekruttering hos torsk på fleire måtar: ved å endre torsken sin gytevandring, ved at anlegg sin fysiske konstruksjon hindrar gyteåtferd, ved habitatendringar av gyte- og oppvekstområde, eller ved endring av torsken sine opphaldsstadar utanom sjølvge gytinga.



Figur 3 Registrerte gytefelt/-område, samt eksisterande akvakulturlokalitetar

5.6 Skipstrafikk og arealbruk

Farleiene er transportårar for sjøtransporten langs kysten og for inn- og utsegling til havområda utanfor kysten. Leiene er som oftast bestemt av naturgjevne tilhøve som øyar, holmar, skjer, grunner og liknande. Desse tilhøva avgrensar leia både i djupne og breidde og med omsyn til retningsendringar. Ulike typar fartøy eller installasjonar har varierende manøvreringsmoglegheit, og ut frå dette ulikt krav til djupne, breidde og areal. Det er kartfesta 13 fiskerihamner, 1 nødhamn, men ingen ISPS hamneanlegg. Det er ikkje kartfesta ankringsområde i Solund kommune.

5.7 Lokal utvikling

Arealbruk - nærmiljø på landsida / Folkehelse

Det er krav i Akvakulturlova om å nytte best tilgjengeleg teknologi, noko som vil gi minst sjenanse for omgivnaden. Det er forureiningslova med tilhøyrande forskrifter som regulerer utslepp generelt, også til sjø, og det er Fylkesmannen som er ansvarleg mynde. I dei fleste konsesjonsløyva til eksisterande lokalitetar er det sett generelle krav om m.a. at aktivitet ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at dei ikkje medfører luktulempar for naboar og lokalmiljø. Lukt frå produksjon på matfiskanlegg kan førekome av og til, men er i hovudsak avgrensa til område ved sjølve anlegget. Kjelder som kan skape lukt er mellom anna fôrbruk/- lagring, spyling, reingjering og tørking av nøter, samt handtering av avfall. Oppbevaring av avfall må gjerast på ein slik måte at det vert minst mogleg lukt til omgjevnadane, og det er krav til at anlegga skal ha akutt beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.

Lyd kan ha verknad for bebuarar og brukarar av nærområdet til akvakulturlokalitetar. Det er fleire kjelder som skaper lyd frå akvakulturanlegg i form av m.a. aggregat, fôringsanlegg, fôr som går i slangar og spreining av fôr. I tillegg er det aktivitetar knytt til drifta som båttrafikk til og frå anlegga for den daglege drifta, ulike arbeidsoperasjonar med lasting/lossing/ behandlingar og leveranse av fisk med brønnbåtar med meir. Lyd frå aktiviteten vil vera høyrbar over lengre avstandar og såleis vera til sjenanse for nokon. Fylkesmannen kan, som forureiningsmynde, pålegge støykartlegging for å dokumentere dei faktiske tilhøva.

Fylkesmannen i Vestland har erfaringar frå støymålingar og støyberekningar og dei syner til at i ein normalsituasjon for plassering av matfiskanlegg er det tilstrekkeleg med 500-600 meter mellom anlegg og busetnad ifht. støygrensene. Det er fleire lokale tilhøve som kan spele inn som t.d. topografi og vindtilhøve, type fôrflåte, komponentar osv.

Det er forureiningslova med tilhøyrande forskrifter som regulerer støyutslepp, og det er Fylkesmannen som er ansvarleg mynde. I konsesjonsløyva til eksisterande lokalitetar er det mellom anna sett krav om at anlegget skal uføre verksemda og drive slik at det ikkje oppstår urimelege støyplagar for omgjevnaden. Det er sett spesifikke krav i desse løyva til at utandørs støy frå verksemda ikkje skal overskride grenser i alle driftsdøgn. I tillegg er støyretningsline T1442 gjeldande for næringsverksemd, og denne skal følgjast.

Akvakulturnæringa har gjennom si relativt korte historie blitt viktig for sysselsetjing og verdiskaping, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Næringa har bidrege til å oppretthalda og vidareutvikla mange større og mindre kystsamfunn. Samstundes har næringa fått ei aukande og til dels stor rolle for nasjonal verdiskaping og eksportinntekter.

I følgje rapporten Nøkkeltal Vestlandet 2018 var det i 2016 om lag 15.000 årsverk knytt til marine næringar og ei omsetning på om lag 90 milliardar kroner i dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal (marine næringar = fôrproduksjon, fiske, oppdrett, foredling, tenesteleverandør og utstyrsleverandør). I Hordland fylke var det sysselsett om lag 5.500 årsverk i marin næringar, der dei fleste er knytt til oppdrett og foredling. Over halvparten av dei sysselsette innanfor oppdrett på Vestlandet hadde sin arbeidsplass i Hordland, og om lag 27% av dei sysselsette innanfor foredling. Vestlandet hadde 2,3 gonger høgare andel sysselsette i marin næring samanlikna med Noreg for øvrig, og størst avvik var det innan oppdrett der Vestlandet har 3,4 gonger høgare andel årsverk sysselsett. Solund kommune er nemnt i rapporten fordi kommunen er ein av dei 22 kommunane på Vestlandet som har ein relativ høg andel sysselsette årsverk innanfor fiskeri samanlikna med landet utanom Vestlandet i 2016.


I følgje SSB var det 73 personar som jobba innan kategorien jordbruk, skogbruk og fiske i 2018. I Solund kommune er det 15 konsesjonsløyver for akvakulturverksemd. Desse konsesjonsløyva er fordelt på 13 til matfisk og 2 til settefisk. Det er 24 løyve til algar, men mange av desse er ikkje aktive.

Det er viktig for oppdrettsbransjen at det til ei kvar tid er gode oppdaterte kommuneplanar med føreseielege og tydelege ramar for arealbruken deira. Dagens kommuneplan er ikkje i tilstrekkeleg grad oppdatert for sjødelen. Det er ei målsetnad at planlegging og forvaltning av akvakulturaktivitet i hovudsak skal forankrast i overordna kommunale planar, og ikkje gjennom dispensasjonar og enkeltsakshandsaming. Det er heller

ikkje ønskeleg med generelle plankrav for tiltak i sjø. Akvakultur er ei næring i rask utvikling med omsyn til drift og teknologi. Det er ei utfordring at kommuneplanrevisjonar ofte ikkje har same fart som behovet bransjen har for arealavklaring. I dette ligg det eit stort ansvar for kommunane i god arealplanlegging i sjø for å sikre dei beste lokalitetane og tilstrekkeleg fleksibilitet og utviklingsmogleik innanfor desse.

5.8 Fiskeriinteresser

Det er store areal som er registrert som fiskeplassar for aktive og passive reiskapar. I tillegg er det registrert fleire område for låssettingsplassar.



Figur 4 Registrerte fiskeriinteresser, samt eksisterande akvakulturlokalitetar

6 Konsekvensvurdering – akvakultur i sjø

6.1 Avgrensing av tiltaks- og influensområde for akvakultur



Tiltaksområdet er definert som området som avgrensar sjølve tiltaket/ingrepet. For oppdrettsanlegg vil dette inkludere sjølve oppdrettsanlegget samt fortøyingar, dvs. det direkte arealbeslaget til anlegget.

Influensområdet omfattar område rundt tiltaksområdet der tiltaket vil kunne ha ein effekt, og vil i samband med oppdrettsverksemd vere området rundt anlegget kor ein kan ha påverknad frå drifta, med hovudvekt på spreiring av næringsstoff, kjemikaliar og sjukdom/parasitter i vassmassane. Spreiring av næringsstoff er avhengig av straumtilhøva ved lokaliteten, men vil generelt vere avgrensa til maksimalt 1000 – 1500 meter frå eit oppdrettsanlegg [19]. Spreiring av kjemiske middel vil i hovudsak avgrensast til ca. 1000 meter frå eit anlegg [23], medan spreiring av partikulært organisk materiale i form av spillfôr og fiskeavføring normalt er avgrensa til rundt 500 meter frå eit anlegg avhengig av straumtilhøve.

6.2 Konsekvensutgreiing – enkeltareal for akvakultur (frimerkeområde)

A3 - Kverhelleskjeret

Eigedom		Storleik omdisponert areal	66,2 daa
Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Utviding av eksisterande areal, ca. 160 meter i sørvestleg retning for å kunne søkje om anleggsendring eller mindre justeringar i framtida. Oppdrett av laks/tare		



Vurdering

Konsekvens

<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av låg til middels verdi. Tiltaket er eksponert i høve utbygde område på Kverhella og for dei som ferdast på Sognesjøen. Fjernverknadane av tiltaket vil vere avgrensa. Landskapspåverknaden vil gje ei liten auke i forhold til 0-situasjonen.</p>	0
<p>Naturmangfald Lokaliteten ligg meir enn 5 km frå næraste lakseførande vassdrag. Det føreligg ingen registreringar i tiltaksområdet, men det er registrering av lunde (VU) og fiskemåke (NT) i influensområdet, på Kverhella. Det er ingen registreringar av viktige naturtypar i sjø. Aust for Kolgrov er det registrert kystlynghei, men dette vil ikkje bli påverka av tiltaket. Av marine naturtypar er det innanfor influensområdet i nordaust registrert tareskog av svært viktig verdi (A). Førekomsten ligger på ca. 1 til 32 meter djup. Førekomsten er Tiltaket grensar også til ein tareskogførekomst i vest av svært viktig verdi (A), og ligger på ca. 1 til 32 meter djup. Utslepp av næringssalter og fine partikler kan ha lokal negativ påverknad på tareskogen.</p>	-
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone Det er registrert eit svært viktig friluftsområde i og i nærleiken av tiltaket. Båtturfart i området vil ikkje verta hindra av fortøyingane, men arealutvidinga kan ha negativ verknad for rekreasjonsoppleving. Området er påverka frå før, og påverknaden vil vere liten.</p>	-
<p>Kulturarv Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området.</p>	0
<p>Marine ressursar Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde i nærleiken av tiltaket. Det er usikkert om oppdrett påverkar gyteåtfærd.</p>	-
<p>Skipstrafikk og arealbruk Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området, og det same gjeld farleiar.</p>	0
<p>Lokal utvikling Eksisterande og utviding av lokaliteten er nærmare enn 600 meter til bustad og fritidsbustad. Tiltaket vil dermed vere av noko meir sjenanse enn i dag.</p>	-
<p>Fiskeriinteresser Det er ikkje registrert fiskeplassar for aktive eller passive reiskapar i tiltaksområdet eller i influensområdet, og det same gjeld kaste- og låssettingsplassar.</p>	0

Oppsummering

Tiltaket har *liten negativ konsekvens* for naturmangfald, friluftsliv, marine ressursar og lokal utvikling pga. at tiltaket kan ha negativ påverknad på taeskogen og rekreasjon, samt at området er innanfor gyteområde for torsk. For dei andre miljøtema medfører tiltaket *ubetydeleg konsekvens*.

Avbøtande tiltak:


- Føresegn for miljøkvalitet

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

A13 – Seiskjeret

Eigedom		Storleik omdisponert areal	172,2 daa
Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Utviding av eksisterande lokalitet. Det er ikkje ynskjeleg å ta inn innspelet i si heilheit av omsyn til eksisterande bebyggelse. Det er akvakultur på begge sider av Tungodden.		



	Vurdering	Konsekvens
Landskapsbilete		
Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av låg til middels verdi. Landareala kring tiltaksområdet er registrert som inngrepsfrie område (INON) av middels verdi. Større anlegg vil ikkje endre INON-klasifiseringa. Tiltaket er noko skjerma og har avgrensa eksponering.		-

<p>Naturmangfald Det er to terrestriske naturtypar i nærleiken. Oddeholmane sør for tiltaksområdet er eit sjøfuglreservat som er lokalisert ca. 1560 meter frå tiltaket. Det er også eit naturreservat, på Gjerdneset, av typen kystlynghei, men dette vil ikkje bli påverka av tiltaket. Det er ikkje registrert raudlistearter i eller i nærleiken av tiltaket. Av marine naturtypar er det innanfor tiltaket i nord registrert tareskog av svært viktig verdi (A), og ligger på ca. 1 til 28 meter djup. Utslepp av næringssalt og fine partiklar kan ha lokal negativ påverking på tareskogen.</p>	-
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone Det er ikkje registrert friluftsområde i sjø, men på land (Steinsundøyna) er eit svært viktig friluftsområde. Tiltaket vil ikkje avgrense aktivitet og friluftsliv på land ytterlegare enn i dag.</p>	0
<p>Kulturarv Det er ingen kulturminne i nærleiken. Det er ein steinalderlokalitet på Gjerdneset, nord for tiltaksområdet, men dette vil ikkje bli påverka av tiltaket.</p>	0
<p>Marine ressursar Det er registrert gyteområde for torsk innanfor store delar av tiltaksområdet. Det er usikkert om oppdrett påverkar gyteåferd.</p>	--
<p>Skipstrafikk og arealbruk Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området, og det same gjeld farleiar.</p>	0
<p>Lokal utvikling Det er ca. 900 meter til næraste bebyggelse. I ein normalsituasjon for plassering av matfiskanlegg er det tilstrekkeleg med 500-600 meter mellom anlegg og busetnad ifht. støygrensene.</p>	0
<p>Fiskeriinteressar Det er ikkje registrert fiskeplassar for aktive eller passive reiskapar i tiltaksområdet eller i influensområdet, og det same gjeld kaste- og låsettingsplassar.</p>	0

Oppsummering


Tiltaket har *ubetydeleg konsekvens* for dei feste tema. For landskap og naturmangfald har *tiltaket liten negativ konsekvens* pga. nærleik til inngrepsfri natur og nærleik til sjøfuglreservat. For marine ressursar får tiltaket *middels negativ konsekvens* pga. at tiltaket er innanfor gyteområde for torsk.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

B3 - Drivøyosen

Eigedom		Storleik omdisponert areal	497,6 daa
Gjeldande føremål	Friluftsområde i sjø og vassdrag og LNF område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Fjordbruk ønskjer å etablere ein produksjonslinje frå settefisk på land, postsmoltproduksjon i lukka anlegg i sjø og vidare matfiskanlegg i sjø basert på tubenot teknologi.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels verdi. Det er ikkje busetnad på Ospa og det er relativt lang avstand til næraste busetnad. Deler av Ospa er klassifisert som inngrepsfri natur (INON) der nordre del ligg 3-5 km frå tyngre tekniske inngrep, og den søndre delen 1-3 km frå slike inngrep. Oppdrettsanlegg vert ikkje rekna som tyngre tekniske inngrep sidan desse kan flyttast/fjernast. For areala nærmast planområdet vil nytt oppdrettsanlegg vera godt synleg.</p> <p>Akvakulturlokalitetane har synlege komponentar som ligg i sjøoverflata, og dimensjonane på desse gjer at dei er synlege også for fjernare område. Det er spesielt fôrflåten som vil kunne vera synleg frå lengre avstandar, medan ringane vert mindre synleg dess lengre unna ein kjem i avstand. Tiltaket ligg i eit storskala landskapsrom med store landformasjonar som Ospa og store opne sjøområde i kring. Ut frå dette vil ikkje anlegget dominere i same grad som i ein mindre og smalare fjord. Anlegget vil ikkje vera synleg for næraste busetnad på Færøyna, og busetnad lengre frå vil truleg ikkje sjå anlegget pga. landformasjonar som skjermar anlegget.</p>	-

Naturmangfald

Det er registrert to blautbotnsområde i nordvest og i søraust. Begge er vurdert til å vera lokal viktig (C), og er middels store område som ligg innimellom øyar/holmar. Rådgivande Biologer har avgrensa to viktige naturtypar etter DN-handbok 19 i samband med førehandsgransking av lokaliteten. Desse to er ein lokalitet med tareskogførekomst og ein med skjelsand. Tareskogen er lokalisert aust for Ospa, består av stortare, har eit samla areal på ca. 900 daa, og er vurdert til å ha svært viktig verdi (A). Skjelsandførekomsten er spreidd lokalisert i dei grunne delane på austsida av Ospa, har eit samla areal på ca. 100daa og er vurdert til å ha viktig verdi (B). Vidare vurderer Rådgivende biologer at det høgst truleg finst førekomst av tareskog og skjelsand innanfor planområdet sitt influensområde. Desse to naturtypene er spesielt viktig beite og oppvekstområde for fisk, krepsdyr og andre marine organismar.

Det er ein del truga sjøfuglartar i området der dei fleste av desse er nært truga (NT); ærfugl, tyvjo, fiskemåke, bergirisk, havelle og svartand. Teist er sårbar (VU), vipe og makrellterne er truga (EN), medan lomvi er kritisk truga (CR). Leveområde for raudlista artar i kategoriane NT har middels verdi, medan område for artar som er VU, EN eller CR har stor verdi. I tillegg er det registrert artar av særleg forvaltingsinteresse. Sjøfuglane hekker i sjøfuglreservata der alle tre reservata ligg 4 km frå tiltaket. Basert på desse observasjonane vurderer Rådgivende biologer at funksjonsområdet Ospa er eit viktig hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for vanleg og raudlista sjøfugl, samt for ansvarsartar for Norge. Ut frå området sin karakter og artar ein finn her, har Rådgivende biologer vurdert Ospa med øyar og holmar som eit økologisk funksjonsområde for artar med svært stor verdi.

I forbindelse med reguleringsplanarbeidet blitt gjort merksam på at det er registrert art unntatt offentlegheit med høg raudlistestatus i influensområdet. Arten har i dei siste 100 åra vert i stadig tilbakegang, og er i dag på den norske raudlista og klassifisert som sterkt trua (EN). Fylkesmannen vestland har i eit prosjekt for perioden 2015-19 undersøkt lokalitetar i Sogn og Fjordane, der det er funne ein del aktive lokalitetar og registreringane av einslege individ. Arten er registrert reproduserande ved tiltaket og krev store areal med natur tilgjengeleg. Rådgivende biologer vurderer all natur på land innanfor influensområdet inngår i potensielt funksjonsområde for arten, og er vurdert til å ha svært stor verdi.

Skjelsandførekomst er naturtypen som er mest utsett for tilførsel av organiske partiklar, som vil kunne endre artssamansetnad på botn. For den registrerte skjelsandførekomsten i sør vurderer Rådgivende biologer at denne i mindre grad vert påverka pga. førekomsten ligg ned til 30m slik at store deler av parikalen ikkje vil nå førekomsten. Vidare vil dei sterke straumtilhøva sørge for høg spreining og fortyning av partiklar. Rådgivende biologer vurderer at planframlegget vil medføre ubetydeleg til noko forringing lokalt. Tareskog er mest utsett for oppløyste næringssalt i dei øvre vassmassane, men straumretning saman med sterke straumtilhøve vil truleg i mindre grad påverke lokaliteten. I ytre kystområde og ved straumsterke lokalitetar er det generelt vist til lite påverknad på tarevegetasjon frå oppdrett. Rådgivende biologer vurderer at organiske tilførsel vil medføre ubetydeleg til noko forringing for tareskogsførekomsten som er kartfesta. Blautbotnområda er vurdert til å ikkje verta negativt påverka grunn av avstand og dei sterke straumtilhøva i området.

Sjøfuglane toler generelt støy og ferdsel, og det er betydelig ferdsel i det aktuelle sjøområdet. Grunna store tilgjengelege areal for fugl i området er det venta at tiltaket berre lokalt vil kunne forstyrre eller fortrenge fugl, som er sensitive ovanfor båttrafikk og menneskeleg aktivitet.

--

<p>Tiltaket sitt influensområde overlappar til dels med funksjonsområde, men ligg utanfor tilrådd omsynssone på 750 meter til art unntatt offentlegheit. Rådgivende biologer skriv: Generelt er arten sky og reproduserar i område med lite menneskeleg ferdsel og har eit stort arealbehov for næringssøk, spesielt i reproduksjonsperioden. Nokre stader har arten vist ei aukande toleranse for menneskeleg aktivitet og støy, spesielt når topografien er skjermende. Dette tyder på at toleranseterskelen for forstyrring varierer individuelt. Det er mogleg at arten ikkje vil bli særleg påverka av støy frå anlegget innanfor avsett areal. Eit anna problem for arten som kan oppstå i samband med oppdrett er at daud fisk frå anlegget kan auke førekomsten av havørn. Havørn kan være predator for artens ungar og true den lokale bestanden. Sjølv om dei topografiske tilhøva er til fordel for arten i dette tilfellet, kan det likevel ikkje utelukkast at auka aktivitet ved planlagt oppdrettslokalitet vil ha ein negativ påverknad på arten. Det er mogleg at arten vil sky influensområdet grunna forstyrningar frå båttrafikk og at funksjonsområde vert forringa. Førre-var-prinsippet jf. § 9 i naturmangfaldloven er tatt i bruk i denne vurderinga.</p>	
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone Det er registrert eit friluftsområde dels innanfor tiltaket. Anlegget vil beslaglegge areal på sjøoverflata og fortøyingslinjene areal i vassøyla og på sjøbotn. Det er ikkje kjent at området i og ved tiltaket er særleg nytta i friluftssamanheng. Tiltaket vil medføre redusert bruksmoglegheit for areala ved anlegget og fritidsfiske der fortøyingslinjene vert lagt. Potensiale for utøving av friluftsliv vert noko redusert av tiltaket.</p>	-
<p>Kulturarv Ingen registreringar i eller i nærleiken av området. Det er gjort eit skipsfunn sør for tiltaksområdet frå 1918, men dette er ikkje freda kulturminne. Grunna topografi og avstand er ikkje planområdet synleg frå dei to automatisk freda kulturminna på Ospa. Tiltaket er såleis vurdert å ikkje ha påverknad på desse. Planframlegget vil ikkje røre ved skipsvraket sør for planområdet. Verkar ikkje inn på registrerte kulturminne/-miljø.</p>	0
<p>Marine ressursar Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde i nærleiken av tiltaket.</p>	0
<p>Skipstrafikk og arealbruk Det går både hovud- og bilei i nærleiken av tiltaket. Hovudleia i området er Ytre Steinsund og andre bileier er Hamneosen-Drivøyosen. Akvakulturføremålet går ikkje inn i kvitsektor frå fyrlykta på Ospa. Det er om lag 60 meter frå plangrensa til kvitsektor frå Ospa. Tiltaket vil ikkje gi hindringar innanfor sektoren. Det er forventa at tiltaket vil føre til meir trafikk i sjøområdet då ein i stor grad er avhengig av å vera på lokaliteten for den daglege drifta. Nytt akvakulturanlegg er ikkje i konflikt med kvit sektor eller dei områda som er mykje nytta som ferdselskorridor, ref. AIS data. Nye fortøyningar vil ikkje vera til hinder for ferdsel på sjø då dei vil ligge så djupar at dei ikkje er til hinder for sjøvertsferdsel.</p>	0
<p>Lokal utvikling Tiltaket fremjar etablering av nytt oppdrettsanlegg som vil medføre ny støy- og lyskjelde for området. Avstandane mellom anlegget og busetnad er relativt lang, ca. 3 km. Lyd frå aktiviteten ved oppdrettsanlegget vil vera høyrbar over lengre avstandar og kan opplevast som ein sjenanse for nokon. I ein normalsituasjon for plassering av matfiskanlegg er det tilstrekkeleg med 500-600 meter mellom anlegg og busetnad ifht. støygrensene. Det er fleire lokale tilhøve som kan spele inn som t.d. topografi og vindtilhøve, type forflåte, komponentar osv.. Topografi og vegetasjon vil dempe lyd og lys frå aktivitetane på anlegget.</p>	0

Fiskeriinteresser

Det er fiskeriinteresser i fjordsystemet ved tiltaket, der interessene i hovudsak er knytt til fiskeplassar for aktive reiskap inkl. rekefelt og passive reiskap. Det er ikkje registrert fiskeriinteresser tett på tiltaket. Det er om lag 700-1000 meter frå ytterkant av tiltaket til registrert rekefelt, og rett i underkant av 1000 km frå akvakulturføremålet til rekefeltet. Ut frå djupneforhold og avstandar vil nye fortøyingar og ankerfeste til framtidig akvakulturanlegg ikkje gå inn i det registrerte fiskeområdet. Tiltaket er ikkje i direkte konflikt med registrerte fiskeriinteresser. Bruk og tømning av bademiddel (lusemiddel) ved lokaliteten er vurdert til å kunne påverke rekefeltet nord for planområdet. Ein vurderer likevel at verknadane for fiskeri er avgrensa.

0/-

Oppsummering

Tiltaket gir *middels negativ konsekvens* for naturmangfald pga. nærleik til raudlista artar, samt artar av stor nasjonal interesse. For landskap og friluftsliv har tiltaket *liten negativ konsekvens* pga. synlige komponentar som vil vere synlege, samt at friluftslivet vert noko redusert. For fiskeriinteresser har tiltaket *ubetydeleg til liten negativ konsekvens* pga. tiltaket kan påverke rekefeltet i nord.

Utan avbøtande tiltak av omsyn til naturmangfald vil tiltaket ha negativ konsekvens sett opp mot referansesituasjonen, dagens situasjon, som er at det ikkje vert etablert oppdrettsanlegg i området. Eide Fjordbruk har intensjonar om god drift og tekniske løysingar, men alle desse er ikkje juridisk bindande og kan såleis ikkje vektast i konsekvensutgreiinga. Med bakgrunn i at planframlegget er i strid med verdiane som finst i området er det regulert miljømål i føresegnene, for slik å regulere arealbruken for å ta i vare naturmangfald i området og å gjera Eide Fjordbruk sine intensjonar for etableringa juridisk bindande. Tiltaket vil, med avbøtande tiltak regulert i føresegnene, vurdert til å ha negativ konsekvens for naturmangfald inkl. villfisk.

Avbøtande tiltak:

I reguleringsføresegnene vert det sett følgjande miljømål:


- Det skal ikkje tillast arealbruk som kan ha vesentleg negativ innverknad for bestandstilstanden til vill-laks eller sjøaure i det funksjonsområdet som aktivitet i planområdet påverkar. jf. lakse- og innlandsfiskelova § 1 og kap. III, naturmangfaldslova §§ 4-5 og plan- og bygningslova § 12-7 nr. 2.
- Under anleggsarbeid eller anna verksemd skal det visast aktsemd for å unngå mogleg skade på artar, naturtypar og økosystem, jf. plan- og bygningslova § 12-7 nr. 2.
- Anleggsarbeid definert som etablering av anlegget eller skifte av større komponentar som varar over noko tid, skal ikkje skje i perioden mars-juni.
- Det skal nyttast løysingar som gir minst mogleg støy til omgjevnadane for å redusere mogleg påverknad på fugleliv, t.d. hybridløysing, landstraum, lukka førsystem, undervassføring.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar, men ved å ha inn miljømåla i føresegnene.

B28 – Bjørnholmen og Klippenesvika

Eigedom		Storleik omdisponert areal	354,7 daa
Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Eksisterande lokalitet er for liten i forhold til drifta. Flåten ligg innanfor område som er gitt med dispensasjon.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av låg til middels verdi. Landareala er klassifisert som inngrepsfri natur (INON). Oppdrettsanlegg vert ikkje rekna som tyngre tekniske inngrep sidan desse kan flyttast/fjernast. Tiltaket har ikkje eksponering til bebygde område pga. topografi. Men området gir noko eksponering frå sjøen då det ligg ved eit ope sjøområde og i innløpet til ein fjordarm. Landskapet er prega av eksisterande oppdrettsanlegg og vil ikkje føre til store endringar i landskapet.</p>	-
<p>Naturmangfald</p> <p>Det er registrert fleire raudlisteartar av fugl i og ved tiltaket. Teist (VU), havelle (NT), fiskemåke (NT), ærfugl (NT), i tillegg til artar av særleg stor forvaltingsinteresse. Leveområde for raudlista artar i kategoriane NT har middels verdi, medan område for artar som er VU, EN eller CR har stor verdi. Dei raudlista artane hekker i sjøfuglreservata der det næraste reservatet ligg ca. 2 km frå tiltaket. Sjøfuglane toler generelt støy og ferdsel, og det er betydelig ferdsel i det aktuelle sjøområdet. Grunna store tilgjengelege areal for fugl i området, samt at området gjeld ei utviding av eksisterande aktivitet er det venta at tiltaket ikkje vil medføre ytterlegare konsekvens for mangfaldet.</p>	-
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone</p> <p>Det er ikkje registrert friluftsområde i eller i nærleiken av tiltaket.</p>	0

<p>Kulturarv Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området.</p>	0
<p>Marine ressursar Delar av området i sør er innanfor lokalt viktig gytefelt for torsk. Anlegget kan føre til ureining i gyteområde for torsk.</p>	-
<p>Skipstrafikk og arealbruk Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området.</p>	0
<p>Lokal utvikling Det er over 1000 meter til nærmaste bebyggelse. I ein normalsituasjon for plassering av matfiskanlegg er det tilstrekkeleg med 500-600 meter mellom anlegg og busetnad ifht. støygrensene. Topografien mot bebyggelsen vil dempe lyd og lys frå aktivitetane på anlegget.</p>	0
<p>Fiskeriinteresser Det er ikkje registrert kaste- og låssettingsplassari eller i nærleiken av tiltaket. Det er registrert fiskeplassar for aktive reiskapar i heile tiltaksområdet. Tiltaket vil føre til arealbeslag på fiskeplassane.</p>	-/--

Oppsummering



Tiltaket gir *middels negativ konsekvens* for landskap pga. eksponering til sjø. For naturmangfald og marine ressursar har tiltaket *liten negativ konsekvens* pga. raudlisteartar og artar av forvaltingsinteresse i og ved tiltaket, samt lokalisert i eit gyteområde for torsk.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

C11_2 – Fureholmen S

Eigedom		Storleik omdisponert areal	124,9 daa
Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Ønsker utviding av det eksisterande anlegget nordover. Oppdrett av laksefiske/tare		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av låg til middels verdi. Landareala kring tiltaket er klassifisert som inngrepsfri natur (INON). Oppdrettsanlegg vert ikkje rekna som tyngre tekniske inngrep sidan desse kan flyttast/fjernast. Tiltaket har ikkje eksponering til bebygde område, og ligg skjerma til inni ein smal fjord.</p>	-
<p>Naturmangfald Av marine naturtypar er det innanfor tiltaksområdet i sør registrert tareskog av viktig verdi (B). Førekomsten grensar også til tiltaket i aust, og ligger ca. 1 til 19 meter djup. Elles ingen spesielle registrerte artar eller naturtypar i eller i nærleiken av området. Utslepp av næringssalter og fine partikler kan ha lokal negativ påverknig på tareskogen.</p>	-
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone Tiltaket er lokalisert innanfor svært viktig friluftslivområde. Ei arealutvidinga kan ha negativ verknad for rekreasjonsoppleving. Området bør justerast sørover.</p>	--
<p>Kulturarv Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området.</p>	0

<p>Marine ressursar Gytefelt for torsk i området. Anlegget kan føre til ureining i gyteområde for torsk.</p>	-
<p>Skipstrafikk og arealbruk Tiltaket ligg innanfor arealavgrensing for hovud- og bilei. Arealendringa gjer at akvakulturanlegget kjem noko nærmare farleia. Fjorden er smal her og det kan ventast at tiltaket er til hinder for trafikken. Tiltaksgrensa bør difor setjast lenger aust.</p>	--
<p>Lokal utvikling Avstandane mellom anlegget og busetnad er relativt lang, ca. 1,5 km. Lyd frå aktiviteten ved oppdrettsanlegget vil vera høyrbar over lengre avstandar og kan opplevast som ein sjenanse for nokon. I ein normalsituasjon for plassering av matfiskanlegg er det tilstrekkeleg med 500-600 meter mellom anlegg og busetnad ifht. støygrensene. Det er fleire lokale tilhøve som kan spele inn som t.d. topografi og vindtilhøve, type fôrflåte, komponentar osv.. Topografi vil dempe lyd og lys frå aktivitetane på anlegget.</p>	0/-
<p>Fiskeriinteresser Det er ikkje registrert fiskeplassar for aktive eller passive reiskapar i tiltaksområdet eller i influensområdet. Men det er registrert ein låssettingsplass aust for tiltaket, og så vidt innanfor tiltaksområdet.</p>	0

Oppsummering

Tiltaket har *liten negativ konsekvens* for landskap, naturmangfald, marine ressursar og lokal utvikling på grunnlag av eksponering, kan ha negativ påverknad på tareskog og er innanfor gyteområde for torsk. For friluftsliv og skipstrafikk har tiltaket *middels negativ konsekvens* pga. påverknad på friluftsområde og konflikt med farlei.

Avbøtande tiltak:

- Flytte grensa i nord, vest og aust av omsyn til rekreasjon, farlei og låssettingsplass.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med ny avgrensing i aust og vest for å hindre at tiltaket kjem for nært farlei og låssettingsplass.

C11_3 - Bukkeholmen

Eigedom		Storleik omdisponert areal	128,5 daa
Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Ynskjer å utvide eksisterande lokalitet nordover.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av låg til middels verdi. Landskapet er prega av eksisterande oppdrettsanlegg, men utviding vil gje meir eksponering mot bebygde område.</p>	--
<p>Naturmangfald Det er observert fiskemåke (NT) ca. 600 meter nord for tiltaket, elles ingen andre registreringar.</p>	0
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone Det er registrert eit svært viktig friluftsområde i og utanfor tiltaket. Båtutfart i området vil ikkje verta hindra av fortøyingane, men arealutvidinga kan ha negativ verknad for rekreasjonsoppleving, og medføre at området vert noko forringa. Området bør reduserast mot aust for å sørge for at det er god plass for båtar å kome forbi tiltaket.</p>	-
<p>Kulturarv Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området.</p>	0
<p>Marine ressursar Tiltaket er innanfor gyteområde for torsk. Anlegget kan føre til ureining i gyteområde for torsk.</p>	-

<p>Skipstrafikk og arealbruk Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området, og det same gjeld farleiar.</p>	0
<p>Lokal utvikling Avstandane mellom anlegget og busetnad er kort, ca. 150 meter. Lyd, lys og lukt frå aktiviteten ved oppdrettsanlegget vil dermed vera til sjenanse. Ei utviding av verksemda kan gi negativ verknad og oppleving i nærmiljøet</p>	--
<p>Fiskeriinteresser Det er ikkje registrert fiskeplassar for aktive eller passive reiskapar i tiltaksområdet eller i influensområdet, og det same gjeld kaste- og låssettingsplassar.</p>	0

Oppsummering

Tiltaket har *middels negativ konsekvens* for landskap og lokal utvikling grunna auka eksponering mot bebyggelse, og at ei utviding vil gje auka negativ verknad for nærmiljøet. For friluftsliv og marine ressursar har tiltaket *liten negativ konsekvens* pga. at ei arealutvidinga kan ha negativ verknad for rekreasjonsoppleving og gyteområde for torsk.

Avbøtande tiltak:


- Området bør reduserast til midtlinja i fjorden for å sørge for at det er god plass for båtar å kome forbi tiltaket.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med ny avgrensing.

C11_4 - Juvika

Eigedom		Storleik omdisponert areal	204,9 daa
Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Ynskjer å utvide eksisterande lokalitet austover		



Vurdering

Konsekvens

<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels verdi. Landskapet er til dels prega av eksisterande oppdrettsanlegg. Tilgrensande landareal er registrert som inngrepsfrie område (INON) av middels verdi. Større anlegg vil ikkje endre INON-klasifiseringa. Tiltaket har ikkje eksponering til bebygde område. Landskapet er prega av eksisterande oppdrettsanlegg og vil ikkje føre til store endringar i landskapet.</p>	-
<p>Naturmangfald Det er observert svartand (NT) innanfor tiltaksområdet. Det er over 2 km til naturreservatet for sjøfugl i aust. Grunna store tilgjengelege areal for fugl i området er det venta at tiltaket berre lokalt vil kunne forstyrre eller fortrenge fugl. I følge NINA-rapport [18] viser at regelmessig båttrafikk ved myteområde for andefuglar har negativ effekt på mytande andefuglar, og at det bør vera buffersone på ca. 800 meter. Dei negative effektane kan reduserast gjennom god planlegging av aktivitet av t.d. val av båtruter.</p>	-
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone Det er ikkje registrert friluftsområde i eller i nærleiken av tiltaket.</p>	0
<p>Kulturarv Ingen automatisk freda kulturminne i sjø eller på land i nærleiken av området.</p>	0
<p>Marine ressursar Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde i nærleiken av tiltaket.</p>	0
<p>Skipstrafikk og arealbruk Tiltaket er innanfor farleisavgrensing i aust. Men fjorden her er brei, og akvakulturområdet er dermed ikkje til hinder for skipstrafikken.</p>	0/-
<p>Lokal utvikling Ingen bustader eller hytter i nærleiken. Det er ca. 3,5 km til nærmaste bebyggelse. I ein normalsituasjon for plassering av matfiskanlegg er det tilstrekkeleg med 500-600 meter mellom anlegg og busetnad ifht. støygrensene.</p>	0
<p>Fiskeriinteresser Det er ikkje registrert fiskeplassar for aktive eller passive reiskapar i tiltaksområdet eller i influensområdet, og det same gjeld kaste- og låssettingsplassar.</p>	0

Oppsummering


For landskap, naturmangfald og skipstrafikk har tiltaket *liten* til *middels negativ konsekvens* pga. liten endring i landskapet, kan forstyrre sjøfugl og innanfor farleisavgrensing i aust. For dei andre tema har tiltaket *ubetydeleg konsekvens*.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

C11_5 – Kråkenes S

Eigedom		Storleik omdisponert areal	312,7 daa
Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Ynskjer å utvide eksisterande lokalitet		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av middels verdi. Landskapet er prega av eksisterande oppdrettsanlegg. Landskapet er til dels prega av eksisterande oppdrettsanlegg. Tilgrensande landareal i vest og nordaust er registrert som inngrepsfrie område (INON) av middels verdi. Større anlegg vil ikkje endre INON-klasifiseringa. Tiltaket har ikkje eksponering til bebygde område då det er holmar og skjær som gjer at tiltaket vert noko skjerma, men får noko auka eksponering mot fjorden.</p>	-
<p>Naturmangfald Ingen spesielle registrerte artar eller naturtypar i eller i nærleiken av området.</p>	0
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone Tiltaket er innanfor svært viktig friluftsområde. Arealutvidinga vil ha noko større negativ verknad for rekreasjonsoppleving.</p>	--
<p>Kulturarv Ingen registreringar i sjøen, men det er fleire på land i aust. Tiltaket vil ikkje påverke desse.</p>	0
<p>Marine ressursar Gytefelt utanfor tiltaksområdet i nord, elles ingen registreringar. Området bør reduserast mot aust for å sørge for at det er god plass for båtar å kome forbi tiltaket.</p>	-

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Konsekvensutgreiing

Oppdragsnr.: 5190096 Dokumentnr.: Versjon: C02

Skipstrafikk og arealbruk Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området, og det same gjeld farleiar.	0
Lokal utvikling Bustader og hytter på Kråkeneset innanfor 600 meter frå tiltaksområdet. Tiltaket vil dermed vere av noko meir sjenanse enn i dag.	-
Fiskeriinteressar Passive og aktive reiskapar ca. 500 meter sør for tiltaksområdet. Tiltaket vil ikkje gje negativ påverknad på desse.	0

Oppsummering

For friluftsliv har tiltaket *middels negativ konsekvens* pga. beslag av svært viktig friluftslivsområde. For naturmangfald, marine ressursar og lokal utvikling har tiltaket *liten negativ konsekvens* pga. noko auka eksponering frå fjorden, nærleik til gytefelt, samt at tiltaket kan føre til noko meir sjenanse enn i dag.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med ny avgrensing i det nordvestre hjørnet for å sikre farlei.

B18_1 - Saltskåren

Eigedom		Storleik omdisponert areal	244,2 daa
Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Ny lokalitet i Lågøyfjorden.		



Vurdering

Konsekvens

<p>Landskapsbilete Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av låg til middels verdi. Det er lite infrastruktur og tiltak nær lokaliteten, og nærmaste busetnad er på Saltskoren, ca. 560 meter frå tiltaket, samt Meholmen, ca. 520 meter frå tiltaket. Tiltaket ligg i eit relativt ope kystlandskap som er sårbart for inngrep, og ligg innanfor landskapstypen Låggøyfjorden som er eit fjordbasseng og er vurdert til å vera eit representativt/vanleg førekommande landskap. Tiltaket ligg i eit område med store opne sjøområde i kring, og vil dermed føre til auka eksponering, spesielt i forhold til rekreasjonsområde. Anlegget vil vera synleg frå busetnaden på Saltskår, medan busetnaden frå Meholmen og nordover til Saltskorvågen vil ikkje sjå anlegget pga. landformasjonar som skjermar anlegget. Anlegget sin fjernverknad er også avgrensa med omsyn til terrengformasjonane.</p>	<p>--</p>
<p>Naturmangfald Marin naturtype - tareskog og skjellsand av svært viktig verdi (A) overlappar delvis i nord. Førekomsten av tareskog består av fleire område som ligger nærare kvarandre enn 400 meter, og ligger på ca. 1 til 35 meter djup. Førekomsten av skjellsand ligger på ca. 16 til 94 meter djup. Desse to naturtypene er spesielt viktig beite og oppvekstområde for fisk, krepsdyr og andre marine organismar. Det er sannsynlegvis god vassutskifting i området og påverknaden på naturtypene blir sannsynlegvis liten.</p>	<p>-</p>
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone Tiltaket grensar til viktig friluftslivsområde i nord, eit område som strekkjer seg frå heile Saltskoren og nordaustover, til sør og sørvest på Færøy. Det er ein del øyer og holmer i området som gjer det populært som båtutfart, fising og padling. Det er ca. 60 meter mellom tiltaket og land så det vil framleis vere moglegheit for ferdsel her. Friluftaktivitetar/turisme knytt til området vil få endra forhold ved at naturopplevinga vert endra, og vil ikkje vere like attraktivt å ferdist i.</p>	<p>-</p>
<p>Kulturarv Næraste kulturminne er på Kjeringsholmen. Ingen registrerte i sjø.</p>	<p>0</p>
<p>Marine ressursar Det er ikkje registrert gyteområde i eller i nærleiken av tiltaket.</p>	<p>0</p>
<p>Skipstrafikk og arealbruk Det går både hovud- og bilei i nærleiken av tiltaket. Hovudleia i området er Ytre Steinsund og andre bileier er Hamneosen-Drivøyosen. Lokaliteten ligg utanfor hovudfarleia Ytre Steinsund. Tiltaket ligg utanfor og aust for arealavgrensing til farlei.</p>	<p>0</p>
<p>Lokal utvikling Det er klart at tiltaket vil medføre auka påverknad for nærmiljøet for lyd, lys og lukt sett i høve til 0-alternativet, som er ingen anlegg i området. Det er område med utsyn til området. Busetnad som potensielt kan bli påverka av oppdrettsanlegget og aktiviteten der vil vera avgrensa pga. topografiske forhold mellom tiltaket og nærmast busetnad.</p>	<p>-</p>
<p>Fiskeriinteresser Delar av tiltaket er innanfor område for aktive reiskap i sørvest. Tiltaket vil føre til eit lite arealbeslag.</p>	<p>-</p>

Oppsummering


For landskap, friluftsliv og lokal utvikling har tiltaket *middels negativ konsekvens* då tiltaket er nytt i området og vil føre til eksponering, samt endre naturopplevinga. Tiltaket grensar til viktig friluftslivsområde. For naturmangfald har tiltaket *liten negativ konsekvens* pga. at det er to marine naturtypar som overlappar tiltaket delvis i nord.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

B18_2 - Ospa

Eigedom		Storleik omdisponert areal	483,6 daa
Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Ny lokalitet i Lågøyfjorden.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av låg til middels verdi.</p> <p>Det er lite infrastruktur og tiltak nær lokaliteten, og nærmaste busetnad er på Gåsvær. Tiltaket ligg i eit relativt ope kystlandskap som er sårbart for inngrep, og ligg innanfor landskapstypen Lågøyfjorden som er eit fjordbasseng og er vurdert til å vera eit representativt/vanleg førekommande landskap. Tiltaket ligg i eit område med store opne sjøområde i kring, og vil dermed føre til auka eksponering. Anlegget vil vera synleg om ein beveger seg på austsida av øya der ein frå toppen har utsikt mot aust, medan busetnad som ligg ved hamna i vest på Gåsvær og lengre frå vil ikkje sjå anlegget pga. landformasjonar som skjermar anlegget.</p>	-

<p>Naturmangfald Av marine naturtypar er det innanfor influensområdet registrert tareskog av svært viktig verdi (A) i aust, og i nordvest er det registrert skjellsand av svært viktig verdi (A). Førekomsten av tareskog består av fleire område som ligger nærare kvarandre enn 400 meter, og ligger på ca. 1 til 35 meter djup. Førekomsten av skjellsand ligger på ca. 16 til 94 meter djup. Desse to naturtypene er spesielt viktig beite og oppvekstområde for fisk, krepsdyr og andre marine organismar. Det er sannsynlegvis god vassutskifting i området og påverknaden på naturtypene blir sannsynlegvis liten.</p>	-
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone I nordre del av området er innanfor lokalt viktig friluftsområde, og grensar til eit svært viktig friluftsområde. Området er eit padleeldorado og vert også nytta til båtutfart og dykking. Friluftaktivitetar/turisme knytt til området vil få endra forhold ved at naturopplevinga vert endra, og vil ikkje vere like attraktivt å ferdast i.</p>	-/-
<p>Kulturarv Næraste kulturminne er på Værøyna, og det er elles steinalderfunn i Ospekyrkja. Ingen registreringar i sjø.</p>	0
<p>Marine ressursar Det er ikkje registrert gyteområde i eller i nærleiken av tiltaket.</p>	0
<p>Skipstrafikk og arealbruk Det går både hovud- og bilei i nærleiken av tiltaket. Hovudleia i området er Ytre Steinsund og andre bileier er Hamneosen-Drivøyosen. Lokaliteten ligg utanfor hovudfarleia Ytre Steinsund. Tiltaket ligg utanfor og aust for arealavgrensing til farlei.</p>	0
<p>Lokal utvikling Det er ingen byggelse med utsyn til området. Friluftaktivitetar/turisme knytt til Ospa vil få endra forhold ved at naturopplevinga vert endra. Det er område med utsyn til området. Busetnad som potensielt kan bli påverka av oppdrettsanlegget og aktiviteten der vil vera avgrensa pga. topografiske forhold mellom tiltaket og nærmast busetnad.</p>	-
<p>Fiskeriinteresser Delvis innanfor aktive reiskap i sør. Tiltaket vil føre til eit lite arealbeslag.</p>	-

Oppsummering



For friluftsliv har tiltaket *middels negativ konsekvens* knytt til endra naturopplevingar i friluftslivsområdet. For landskap, naturmangfald, lokal utvikling og fiskeri har tiltaket *liten negativ konsekvens* pga. lite eksponering, i nærleik til to marine naturtypar, busetnaden kan potensielt bli påverka av anlegget, samt at tiltaket vil føre til eit lite beslag på aktive reiskap.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

B18_3 - Gåsvær

Eigedom		Storleik omdisponert areal	333,6 daa
Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Ny lokalitet i Lågøyfjorden.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av låg til middels verdi.</p> <p>Det er lite infrastruktur og tiltak nær lokaliteten, og nærmaste busetnad er på Gåsvær. Tiltaket ligg i eit relativt ope kystlandskap som er sårbart for inngrep, og ligg innanfor landskapstypen Lågøyfjorden som er eit fjordbasseng og er vurdert til å vera eit representativt/vanleg førekommande landskap. Tiltaket ligg i eit område med store opne sjøområde i kring, og vil dermed føre til auka eksponering.</p> <p>Anlegget vil vera synleg om ein beveger seg på austsida av øya der ein frå toppen har utsikt mot aust, medan busetnad som ligg ved hamna i vest på Gåsvær og lengre frå vil ikkje sjå anlegget pga. landformasjonar som skjermar anlegget.</p>	-

<p>Naturmangfald</p> <p>Det er ingen anadrome vassdrag tett på planområdet. Store delar av øygruppa er freda sjøfuglreservat med unntak av hovudøya. Det er ingen naturreservat eller verna marine området innanfor planområdet, men grensar i sørvest til Gåsvær sjøfuglreservat. Reservatet omfattar ei samling av øyer, holmar og skjær som er verna for å gi sjøfuglane gode og trygge livsvilkår og for å ta vare på viktig hekke- og overvintringslokalitet for sjøfugl. Gåsværet er skildra som eit av dei største og viktigaste sjøfuglreservata i fylket og er ein viktig hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for vanlege og raudlista sjøfugl, samt ansvarsartar for Noreg. Toppskarv, grågås, ærfugl (NT), siland, tjeld, steinvendar, småspove, raudstilk, tjuvjo (NT), fiskemåse (NT), sildemåse, gråmåse, svartbak, raudnebbterne, makrellterne (EN) og teist (VU) er nokre av artane som har blitt observert hekkande her. Det finnast rik fuglegjødsla vegetasjon på dei fleste landområda ved Gåsvær. Gåsvær/Ytrøy er eit oppvekst- og beiteområde for sei, hummar og haiarten pigghå. Pigghå er klassifisert som sterkt trua på raudlista. På øyane kring planområdet er det registrert naturtypar på land. Landareal på både Lyngøyna, Lambholmen og Gåsvær er klassifisert som naturtype naturbeitemark som er halde i god hevd.</p> <p>Per i dag er mange av bestandane av vill laksefisk i regionen, spesielt i Sognefjorden, sterkt negativt påverka av lakselus og innblanding av rømt oppdrettslaks. Tiltaket vil auke samla belastning på villfiskbestandane. Ein vurderer at tiltaket samla sett vil ha negativ konsekvens for villaks og sjøaure utan avbøtande tiltak. Med bakgrunn at planframlegget er i strid med verdiane som finst i området bør det regulerast miljømål i føresegnene, for slik ta i vare naturmangfald i området og å gjera Eide Fjordbruk sine intensjonar for etableringa juridisk bindande.</p>	<p>--</p>
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone</p> <p>Det er ingen statleg sikra friluftsområde i nærleiken av tiltaket. Nærmaste registrerte friluftsområde er område kring Gåsvær i vest og Ospa i aust. Lokalbefolkninga nyttar både strandsone og sjøområdet til båtutfart, fritidsfiske og rekreasjon. Områda kring tiltaket vert nytta til båtutfart og fritidsaktivetar. Den nye arealbruken vil medføre redusert bruksmoglegheit for ålmenta i høve til dagens arealbruk, og vil vera ein barriere som gir redusert bruksmoglegheit for ferdsel og fiske, samt vil vera godt synleg i området. Påverknad for friluftslivet i strandsona vil vera knytt til det visuelle landskapsbiletet, samt lyd frå næringsaktiviteten. Tiltaket vil medføre redusert bruksmoglegheit for areala ved anlegget og fritidsfiske der fortøyingslinjene vert lagt. Potensiale for utøving av friluftsliv vert noko redusert med grunnlag i arealbeslag. Ein forventar ikkje at turisme og potensiale for turisme i området vert verken redusert eller auka grunna av tiltaket.</p>	<p>-</p>
<p>Kulturarv</p> <p>Gåsvær har eit aktivt samfunn med fiskeri og landbruk, og gamalt sjøhusmiljø. Gåsvær er identifisert som kulturmiljø som er viktige for forvaltning av kystareala i kommunen og kulturhistoria. Gåsvær har i mange hundre år vore eit utgangspunkt for fisket, der det har vore fiskevær lenge før borgarane tok til med å driva handel. Etter 1850 var det ein kombinasjon av jordbruk og fiskeri som livnærte folka på øya, og Gåsvær har vore ein sjølvstendig gard med to til tre husmannsplassar. Det er fleire SEFRAK- registrerte bygg på Gåsvær, men det er ingen registrerte kulturminne i eller på land i nærleiken av tiltaket. Grunna topografi og avstand er ikkje akvakulturføremålet synleg frå kulturmiljøet ved hamna i Gåsvær.</p>	<p>0</p>

<p>Marine ressursar</p> <p>Det er registrert gyteområde for sild, oppsigsplass for sei, samt oppvekstområde/beiteområde for fleire marine artar innanfor og nær tiltaket. Gåsvær/Ytrøy er eit oppvekst- og beiteområde for sei, hummar og haiarten pigghå. Pigghå er klassifisert som sterkt trua på raudlista. Funksjonsområdet er i overkant av 75.000 daa og strekk seg frå Ytre Sula til Gåsvær. Gåsværosen er eit avgrensa område på om la 10.000 daa, som er registrert som beiteområde for pigghå og brosmme. Begge funksjonsområda for oppvekst og beite er av Rådgivende biologer vurdert til å ha svært stor verdi. På grunn av at bruk av kjemiske lusemiddel er regulert i forskrifter, vil rekefeltet Lågøysen eller gyteområdet Utvær ikkje verta påverka negativt.</p>	<p>0</p>
<p>Skipstrafikk og arealbruk</p> <p>Tiltaket ligg utanfor og vest for farleia, og er utanfor farleiarealet, og dermed i minst grad i arealkonflikt med ferdsel på sjø. Nordaustre del av tiltaket går inn i kvitsektor frå fyrlykta på Lygnøyana, og vil såleis kunne legge hindringar innanfor sektoren. I følge AIS data er det få båtar med AIS-tracker som går i området planlagt for nytt akvakulturanlegg. Det ser ut som dei fleste går dels aust for kvitsektor frå Lyngøyana, og peiker seg inn mot kvitsektor frå Iso (Bulandet) og andre kvitesektorar i området (Ospøyta og Lyngøyana aust). Tiltaket vil ut frå desse forholda ikkje skape store hindringar i området, men det vil vera behov for å justere kvitsektor nord på Lyngøyana dersom det skal etablerast anlegg innanfor kvitsektor. Kystverket vil avgjere om dette er akseptabelt som del av søknad om konsesjon etter akvakulturlova. Brukarar av Gåsvær er oppteke av at tilkomst frå aust vert oppretthalde og lokalisering av akvakultur ikkje vil hindre tilkomst og hamn frå austsida av Gåsvær.</p>	<p>0-/</p>
<p>Lokal utvikling</p> <p>Det er klart at tiltaket vil medføre auka påverknad for nærmiljøet for lyd, lys og lukt sett i høve til 0-alternativet, som er ingen anlegg i området. Det er område med ingen til lite utsyn til området. Busetnad som potensielt kan bli påverka av oppdretsanlegget og aktiviteten der vil vera avgrensa pga. topografiske forhold og at det er over 1 kilometer til nærmaste busetnad. Friluftaktivitetar/turisme knytt til området vil få endra forhold ved at naturopplevinga vert endra.</p>	<p>0</p>
<p>Fiskeriinteresser</p> <p>Det er fiskeriinteresser i fjordsystemet innanfor og nær tiltaket, der interessene i hovudsak er knytt til fiskeplassar for aktive reiskap inkl. rekefelt og passive reiskap. Dei registrerte fiskeriinteressene er knytt til fiskeplassar for både aktive og passive reiskap.</p> <p>Det er registrert fleire kaste- og låssettingsplassar i fjordsystemet, men ingen i nærleiken av tiltaket.</p> <p>Tiltaket fremjar direkte arealbeslag og hinder for fiskeri der akvakulturføremålet inkl. fortøyningar overlappar med fiskeriinteressene.</p> <p>Rådgivende biologer har i sin rapport vurdert at arealbeslag vil utgjere mindre enn 10% av fiskefelta, og at det difor er vurdert at tiltaket vil ha uvesentleg påverknad for fiskefelta.</p>	<p>-</p>

Oppsummering


For landskap og naturmangfald har tiltaket *middels negativ konsekvens* pga. auka eksponering og nærleik til to marine naturtypar. For friluftsliv, skipstrafikk og fiskeriinteresser har tiltaket *liten negativ konsekvens* pga. at utøving av friluftsliv vert noko redusert med grunnlag i arealbeslag, det kan bli behov for å justere kvit sektor nord på Lyngøyna, samt direkte arealbeslag og hinder for fiskeri.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

B35- Risholmen

Eigedom		Storleik omdisponert areal	407,7 daa
Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Akvakultur
Beskriving	Ny lokalitet i Lågøyfjorden.		



Vurdering	Konsekvens
<p>Landskapsbilete</p> <p>Landskapet er i fylket sin landskapsrapport vurdert til stor regional verdi (B) [17]. På lokalt nivå er den vurdert til å vere av låg til middels verdi. Det er lite infrastruktur og tiltak nær lokaliteten, og nærmaste busetnad er på Gåsvær. Tiltaket ligg i eit relativt ope kystlandskap som er sårbart for inngrep, og ligg innanfor landskapstypen Lågøyfjorden som er eit fjordbasseng og er vurdert til å vera eit representativt/vanleg førekommande landskap. Tiltaket ligg i eit område med store opne sjøområde i kring, og vil dermed føre til auka eksponering. Anlegget vil vera synleg om ein beveger seg på austsida av øya der ein frå toppen har utsikt mot aust, medan busetnad som ligg ved hamna i vest på Gåsvær og lengre frå vil ikkje sjå anlegget pga. landformasjonar som skjermar anlegget.</p>	-
<p>Naturmangfald</p> <p>Store delar av øygruppa er freda sjøfuglreservat med unntak av hovudøya. Av marine naturtypar er det innanfor tiltaket registrert to førekomstar av tareskog i vest. Den eine er av viktig verdi (B), medan den andre er av svært viktig verdi (A). Denne naturtypen er spesielt viktig beite og oppvekstområde for fisk, krepsdyr og andre marine organismar. Lokaliteten er upåverka av organiske tilførslar og tekniske inngrep. Fysiske inngrep kan ha negativ påverknad på lokaliteten.</p>	--
<p>Friluftsliv i sjø og strandsone</p> <p>Det er ingen statleg sikra friluftsområde i nærleiken av tiltaket. Nærmaste registrerte friluftsområde er område kring Gåsvær i vest og Ospa i aust. Lokalbefolkninga nyttar både strandsone og sjøområdet til båtutfart, fritidsfiske og rekreasjon. Områda kring tiltaket vert nytta til båtutfart og fritidsaktivetar.</p> <p>Den nye arealbruken vil medføre redusert bruksmoglegheit for ålmenta i høve til dagens arealbruk, og vil vera ein barriere som gir redusert bruksmoglegheit for ferdsel og fiske, samt vil vera godt synleg i området.</p> <p>Påverknad for friluftslivet i strandsona vil vera knytt til det visuelle landskapsbiletet, samt lyd frå næringsaktiviteten. Tiltaket vil medføre redusert bruksmoglegheit for areala ved anlegget og fritidsfiske der fortøyingslinjene vert lagt. Potensiale for utøving av friluftsliv vert noko redusert med grunnlag i arealbeslag. Ein forventar ikkje at turisme og potensiale for turisme i området vert verken redusert eller auka grunna av tiltaket.</p>	-

<p>Kulturarv Gåsvær har eit aktivt samfunn med fiskeri og landbruk, og gammalt sjøhusmiljø. Gåsvær er identifisert som kulturmiljø som er viktige for forvaltning av kystareala i kommunen og kulturhistoria. Gåsvær har i mange hundre år vore eit utgangspunkt for fisket, der det har vore fiskevær lenge før borgarane tok til med å driva handel. Etter 1850 var det ein kombinasjon av jordbruk og fiskeri som livnærte folka på øya, og Gåsvær har vore ein sjølvstendig gard med to til tre husmannsplassar. Det er fleire SEFRAK- registrerte bygg på Gåsvær, men det er ingen registrerte kulturminne i eller på land i nærleiken av tiltaket.</p>	0
<p>Marine ressursar Det er registrert gyteområde for sild, oppsigsplass for sei, samt oppvekstområde/beiteområde for fleire marine artar innanfor og nær tiltaket. Gåsvær/Ytrøy er eit oppvekst- og beiteområde for sei, hummar og haiarten pigghå. Pigghå er klassifisert som sterkt trua på raudlista. Funksjonsområdet er i overkant av 75.000 daa og strekk seg frå Ytre Sula til Gåsvær. Gåsværosen er eit avgrensa område på om la 10.000 daa, som er registrert som beiteområde for pigghå og brosme. Begge funksjonsområda for oppvekst og beite er av Rådgivende biologer vurdert til å ha svært stor verdi. På grunn av at bruk av kjemiske lusemiddel er regulert i forskrifter, vil rekefeltet Lågøysen eller gyteområdet Utvær ikkje verta påverka negativt.</p>	0/-
<p>Skipstrafikk og arealbruk Det går både hovud- og bilei i og i nærleiken av tiltaket, og tiltaket strekk seg noko ut i Gåsværosen. Hovudleia i området er Ytre Steinsund og andre bileier er Hamneosen-Drivøyosen. Lokaliteten ligg like utanfor hovudfarleia Ytre Steinsund, og i raud sektor for Lyngøyna lykt mot nordvest. Leia inn til og hamna på Gåsvær er på vestsida av øya, medan austsida vert nytta på dagar med dårleg vêrforhold og behov for skjerma innsegling. Tiltaket ligg innanfor arealavgrensing til farlei. Kystverket har uttalt at hovudleia er viktig og at sjøfartsdata viser at det høg trafikk av dei fleste fartøystyper. Dei viser også til at fartøy som seglar i dette området er eksponert for tung sjø og bølger når det er sterk vind frå vest, noko som gjer at det er behov for stort ferdselsareal for å ta i vare sjøtryggleiken. Tiltaket sin lokalisering vil ut frå desse forholda vil skape hindringar i området.</p>	---
<p>Lokal utvikling Det er klart at tiltaket vil medføre auka påverknad for nærmiljøet for lyd, lys og lukt sett i høve til 0-alternativet, som er ingen anlegg i området. Det er område med utsyn til området. Busetnad som potensielt kan bli påverka av oppdrettsanlegget og aktiviteten der vil vera avgrensa pga. topografiske forhold mellom tiltaket og nærmast busetnad.</p>	-
<p>Fiskeriinteresser Det er fiskeriinteresser i fjordsystemet innanfor og nær tiltaket, der interessene i hovudsak er knytt til fiskeplassar for aktive reiskap inkl. rekefelt og passive reiskap. Dei registrerte fiskeriinteressene er knytt til fiskeplassar for både aktive og passive reiskap for breiflab, brosme, lange, pigghå, torsk, sei, lyr, krabbetaske, hummer, samt reke, sei og sild. I tillegg inngår gruntområda ved Lyngøyna og Risholmen som taretrålfelt (< 20m djupne). Det er ingen kaste- og låssettingsplassar i nærleiken av tiltaket. Store deler av tiltaksområdet ligg innanfor område registrert som beiteområde for brosme, hummer og pigghå, samt oppsigsplass for pale og nordsjøsil. Det er kartfesta gyteområde for sild vest for Gåsvær. Ein er ikkje kjent med at det er registrert naturressursar knytt til skjelsand eller liknande innanfor eller nær tiltaket. Tiltaket fremjar direkte arealbeslag og hinder for fiskeri der akvakulturføremålet inkl. fortøyingar overlappar med fiskeriinteressene. Tiltaket har ein slik lokalisering at det vil gje ei auka konflikt med nærliggande rekefelt, og vil legge større avgrensingar for framtidig utnytting/bruk av ressursane i området.</p>	---

Oppsummering

Tiltaket har *stor negativ konsekvens* for tema skipstrafikk og fiskeriinteresser knytt til hindringar for skipstrafikken og gje ei auka konflikt med nærliggande rekkefelt. Det vil dermed legge større avgrensingar for framtidig utnytting/bruk av ressursane i området. For naturmangfald har tiltaket *medium negativ konsekvens* då det er to førekomstar av taeskog innanfor området som kan få negativ påverknad av tiltaket. For resterande tema, med unntak av kulturarv som har ubetydeleg konsekvens, har tiltaket *liten negativ konsekvens* då tiltaket vil gje noko eksponering, og potensiale for utøving av friluftsliv vert noko redusert med grunnlag i arealbeslag. Tiltaket er også i nærleiken av gyteområde og friluftaktivitetar/turisme knytt til austsida av Gåsvær vil få endra forhold ved at naturopplevinga vert endra.


Konklusjon

Forslaget bør ikkje takast med i kommuneplanen pga. stor negativ konsekvens for fleire tema, spesielt for skipstrafikken.

UTKAST

6.3 Område for fleirbruk akvakultur

På grunn av dei sterke samfunnsinteressene knytt til å auke arealtilgangen for havbruksnæringa er det vurdert å setje av større område for fleirbruksområde med akvakultur i heile Solund. Det er difor føreslått å setje av omtrent heile havflata i Solund til fleirbruksområde med akvakultur, som vist i figur 5. Desse blå områda er det som er blitt igjen eter at ein har tatt omsyn til farleiar og friområde. Det er nokre areal innanfor dei blå områda som ein umiddelbart ser ikkje er eigna til akvakulturområde, då bl.a. i form av arronderinga av desse areala. Desse areala som ein umiddelbart ser ikkje er eigna til akvakultur er med på utsnittet nedanfor, men dei er ikkje tatt med vidare i planforslaget som fleirbruksområde for akvakultur. Fleirbruksområda er ikkje meint å erstatte dei konkrete akvakulturlokalitetane.



Figur 5 Illustrasjon av heile det blå området som er føreslått avsett til fleirbruksområde med inndeling i fem delområde.

Delområde 1

Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag og ingenting (arealet lengst vest er ikkje med i gjeldande kommuneplan)	Nytt føremål	Kombinert føremål
Beskriving	Området er lokalisert i opent hav heilt vest i kommunen		
Vurdering			Konsekvens
Landskapsbilete	<p>Akvakulturlokalitetane har synlege komponentar som ligg i sjøoverflata, og dimensjonane på desse gjer at dei er synlege for nærområdet og fjernare område. Fortøyingsramma med ringane er store i omkrans, og er godt synleg i nærområdet, og frå lengre avstandar er desse tiltaka mindre synlege. Området er såpass langt vest at nye akvakulturlokalitetar vil ikkje gje eksponering for bebyggelse eller andre område.</p>		0
Naturmangfald	<p>Det er observert fleire artar av særleg stor forvaltingsinteresse innanfor tiltaksområdet; makrell, sild, sei og kolmule. Av raudlisteartar er det observert pigghå som er registrert som sterkt truga (EN). Utover det er det ingen registreringar. Sjøfuglane toler generelt støy og ferdsel, og grunna store tilgjengelege areal for fugl i området er det venta at tiltaket berre lokalt vil kunne forstyrre eller fortrenge fugl, som er sensitive ovanfor båttrafikk og menneskeleg aktivitet.</p>		-
Friluftsliv i sjø og strandsone	<p>Området er såpass langt ute til havs, langt frå øyer og holmar at det er ikkje registrert friluftslivs- eller rekreasjonsområde i eller i nærleiken av tiltaksområdet.</p>		0
Kulturarv	<p>Innanfor tiltaksområdet er det registrert eit skipsvrak som ikkje har avklart vernestatus. Ca. 3 kilometer utanfor tiltaksområdet i sør er det registrert eit kulturminne som er automatisk freda, eit skipsfunn frå 1900- talet. Ca. 6,5 kilometer utanfor tiltaksområdet i søraust er det registrert enda eit kulturminne som ikkje er freda. Dette er også eit skipsvrak frå 1900- talet. Fortøyingar og andre botnaktivitetar som kan kome i konflikt med kulturminna kan ikkje skje i nærleiken av skipsfunna.</p>		-
Marine ressursar	<p>Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde i nærleiken av tiltaket.</p>		0
Skipstrafikk og arealbruk	<p>Det er ikkje registrert ankrings-, rigg- eller opplagsområde i eller nær området, og det same gjeld farleiar.</p>		0
Lokal utvikling	<p>Sidan det er fleire kilometer til nærmaste bebyggelse vil ikkje nye lokalitetar gje påverknad for nærmiljøet for lyd, lys og lukt sett.</p>		0
Fiskeriinteresser	<p>Det er ingen registrerte fiskeriinteresser i tiltaks- eller influensområdet.</p>		0

Oppsummering

Tiltaket har *ubetydeleg konsekvens* for dei aller fleste tema. For naturmangfald og kulturarv har tiltaket *liten negativ konsekvens* knytt til at det er sårbare artar i området, og pga. potensiell konflikt med kulturminna.

Avbøtande tiltak:

- Det må takast omsyn til registrerte kulturminne.

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen utan endringar.

Delområde 2

Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Kombinert føremål
Beskriving	Området er lokalisert frå Buefjorden og sørover til Lågøyfjorden, samt austover til og med Leknessundet.		
Vurdering			Konsekvens
Landskapsbilete Området ligg i eit relativt ope kystlandskap som er sårbart for inngrep og landskapet er vurdert til å vera eit representativt/vanleg førekommande landskap. Med unntak av Ospa er det busetnad på alle øyane i området, der dei fleste er vendt mot Lågøyfjorden. Å leggje opp til akvakulturlokalitetar i nord for Leknessunder og enkelte plassar i Lågøyfjorden vil gje mest eksponering mot busetnad og friområde. Områda med minst eksponering mot busetnad er området i vest og vidare mot aust til Færøyna i dei opne sjøområda i Buefjorden. Generelt vurderer ein området til å ha ein noko negativ nær- og fjernverknad, men den er noko avgrensa med omsyn til kvar ein plasserer tiltaket med tanke på avstandar til busetnad og friluftsområde, samt omfang av planlagt anlegg.			-

Naturmangfald

Området grensar til fleire blautbotnsområde og tareskogførekomstar og skjelsand. Dei to sistnemnte er spesielt viktig beite og oppvekstområde for fisk, krepsdyr og andre marine organismar.

Det er ein del truga sjøfuglartar i området der dei fleste av desse er nært truga (NT); ærfugl, tyvjo, fiskemåke, bergirisk, havelle og svartand. Teist er sårbar (VU), vipe og makrellterne er truga (EN), medan lomvi er kritisk truga (CR). Leveområde for raudlista artar i kategoriane NT har middels verdi, medan område for artar som er VU, EN eller CR har stor verdi. I tillegg er det registrert artar av særleg forvaltingsinteresse innanfor området. Sjøfuglane hekker i dei tre sjøfuglreservata i området. Området er eit viktig hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for vanleg og raudlista sjøfugl, samt for ansvarsartar for Norge. Ut frå området sin karakter og artar ein finn her, er store delar av området eit økologisk funksjonsområde for artar med svært stor verdi.

Innanfor området er det også registrert ein art som er unntatt offentlegheit med høg raudlistestatus. Rådgivende biologer vurderer all natur på land innanfor influensområdet inngår i potensielt funksjonsområde for arten, og er vurdert til å ha svært stor verdi.

I ytre kystområde og ved straumsterke lokalitetar er det generelt vist til lite påverknad på tarevegetasjon frå oppdrett. For at blautbotnområda ikkje skal verta negativt påverka av nye tiltak må lokalitetane ha ein viss avstand til desse førekomstane, men dei sterke straumtilhøva i området vil hjelpe på at dei ikkje vert særleg påverka.

Sjøfuglane toler generelt støy og ferdsel, og det er betydelig ferdsel i det aktuelle sjøområdet. Grunna store tilgjengelege areal for fugl i området er det venta at tiltaket berre lokalt vil kunne forstyrre eller fortrenge fugl, som er sensitive ovanfor båttrafikk og menneskeleg aktivitet. Dette vil avhenge av mengde tiltak som det vert gjeve løyve til.

Det føreslåtte kombinertføremålet er over 750 meter til arten som er unntatt offentlegheit. Rådgivende biologer skriv: Generelt er arten sky og reproduserar i område med lite menneskeleg ferdsel og har eit stort arealbehov for næringssøk, spesielt i reproduksjonsperioden. Nokre stader har arten vist ei aukande toleranse for menneskeleg aktivitet og støy, spesielt når topografien er skjermende. Dette tyder på at toleranseterskelen for forstyrring varierer individuelt. Det er mogleg at arten ikkje vil bli særleg påverka av støy frå anlegget innanfor avsett areal. Eit anna problem for arten som kan oppstå i samband med oppdrett er at død fisk frå anlegga kan auke førekomsten av havørn. Havørn kan være predator for artens ungar og true den lokale bestanden. Sjølv om dei topografiske tilhøva er til fordel for arten i dette tilfellet, kan det likevel ikkje utelukkast at auka aktivitet ved at det blir etablert oppdrettslokalitet vil ha ein negativ påverknad på arten. Det er mogleg at arten vil sky influensområdet grunna forstyrringar frå båttrafikk og at funksjonsområde vert forringa. Føre-var-prinsippet jf. § 9 i naturmangfaldlova er tatt i bruk i denne vurderinga.

--

<p>Friluftsliv i sjø og strandsone</p> <p>Det er to svært viktige friluftslivsområde som grensar til tiltaksområdet, det er Gåsvær og Ospa. Lokalbefolkninga nyttar både strandsone og sjøområdet til båtutfart, fritidsfiske og rekreasjon. Områda vert nytta til båtutfart og fritidsaktivetar.</p> <p>Lokalisering av fleire akvakulturlokalitetar vil medføre redusert bruksmoglegheit for ålmenta i høve til dagens arealbruk, og vil vera ein barriere som gir redusert bruksmoglegheit for ferdsel og fiske, samt vil vera godt synleg i området.</p> <p>Påverknad for friluftslivet i strandsona vil vera knytt til det visuelle landskapsbiletet, samt lyd frå næringsaktiviteten. Tiltaket vil medføre redusert bruksmoglegheit for areala ved anlegget og fritidsfiske der fortøyingslinjene vert lagt. Potensiale for utøving av friluftsliv vert ikkje redusert då føremålsavklaringa ikkje inneberer i arealbeslag.</p> <p>Friluftaktivitetar/turisme knytt til området vil få endra forhold ved at naturopplevinga vert endra, og vil ikkje vere like attraktivt å ferdast i. Nye tiltak vil ikkje gripe direkte inn i område som er avsett til viktig friluftsområde.</p>	-
<p>Kulturarv</p> <p>Det er tre registrerte kulturminne i sjø innanfor området, av typen skipsvrak. Det eine er i Lågøyfjorden, det andre er aust for Leknessundet. Og det tredje er aust for Ospa, og dette vil ligge utanfor det kombinert føremålet. Det er fleire kulturminne på land og SEFRAK. Registrerte bygningar. Bl.a. ved Ospa er det ein del kulturminneverdiar, og steinalderfunn i Ospekyrkja..</p> <p>Gåsvær er identifisert som kulturmiljø som er viktige for forvaltning av kystareala i kommunen og kulturhistoria.</p> <p>Lokalisering av dei nye akvakulturlokalitetane vil vere avhengig av om tiltaka vert synleg frå kulturminna på land. Tiltaka må ta omsyn til skipsvrak i sjø.</p>	-
<p>Marine ressursar</p> <p>Det er registrert eit rekefelt i Lågøyosen og eit gytefelt i vest for Gåsvær, Utvær. Også er det registrert gyteområde for torsk i Hersviksundet og rundt Færøyyna. I følgje regelverk skal badebehandling i anlegg nærmare enn 500 meter frå gytefelt føregå i brønnbåt, jf. §15b. Forskrift om transport av akvakulturdyr § 22a gir at vatn tilsett bademiddel ikkje skal tømmast i sjø nærmare enn 500 meter frå rekefelt eller gyteområde. Eventuelle nye anlegg i og ved gytefelt vil verta omfatta av desse forskriftene.</p>	-
<p>Skipstrafikk og arealbruk</p> <p>Det går fleire hovud- og bilei i området; Ytre Steinsund, Hamneosen – Drivøyosen, Skomakeren – Tvibyrgesundet og Indre Steinsund. Av desse er det Ytre Steinsund som har flateavgrensing, men kombinertføremålet held seg utanfor denne avgrensinga til farlei. Sjøfartsdata viser at det er høg trafikk av dei fleste fartøystyper. Dei viser også til at fartøy som seglar i dette området er eksponert for tung sjø og bølger når det er sterk vind frå vest, noko som gjer at det er behov for stort ferdselsareal for å ta i vare sjøtryggleiken. Fleire akvakulturlokalitetar kan skape hindringar i området. Lokalisering av akvakultur må ikkje hindre tilkomst.</p>	-
<p>Lokal utvikling</p> <p>Tiltaket fremjar etablering av nye oppdrettsanlegg som vil medføre ny støy- og lyskjelde for området. Avstandane mellom anlegget og busetnad vil avhenge av kvar tiltaka vert plassert. Lyd frå aktiviteten ved oppdrettsanlegget vil vera høyrbar over lengre avstandar og kan opplevast som ein sjenanse for nokon. I ein normalsituasjon for plassering av maffiskanlegg er det tilstrekkeleg med 500-600 meter mellom anlegg og busetnad ifht. støygrensene. Det er fleire lokale tilhøve som kan spele inn som t.d. topografi og vindtilhøve, type forflåte, komponentar osv. Topografi og vegetasjon vil dempe lyd og lys frå aktivitetane på anlegget.</p>	-

Fiskeriinteresser

Det er fiskeriinteresser i fjordsystemet innanfor området, der interessene i hovudsak er knytt til fiskeplassar for aktive reiskap inkl. rekefelt og passive reiskap. I Lågøyfjorden er det eit større rekefelt, og det same gjeld eit større område nord for Ospa der størsteparten av arealet er i Askvoll kommune, samt austlege delar av området. Tiltak innanfor desse områda er i direkte konflikt med registrerte fiskeriinteresser. Bruk og tømning av bademiddel (lusemiddel) ved og i reketrålfelta er vurdert til å kunne påverke rekefelta. Det er registrert seks låssettingsplassar i området, men desse vert heldt utanfor kombinert føremålet.

--

Oppsummering

Området har *middels negativ konsekvens* for tema landskap og fiskeriinteresser pga. at lokalisering av akvakultur vil gje auka eksponering mot busetnad innanfor nokre delar av området. For fiskeriinteresser er det direkte konflikt med akvakultur og registrerte fiskeplassar. For naturmangfald har området *middels negativ konsekvens* pga. at store delar av området er økologisk funksjonsområde for artar med svært stor verdi. Og det er moglegheit for at arten som er unntatt offentlegheit vil kome til å sky delar av området grunna forstyrringar frå båttrafikk, samt at funksjonsområdet vert forringa.

For resterande miljøtema har området *liten negativ konsekvens* då området held seg unna friområda, men det kan likevel bidra til at friluft- og rekreasjonsopplevinga blir svekka. For kulturarv er det registrert eit skipsfunn i området som kan kome i konflikt med nye tiltak. For lokal utvikling vil avstandane mellom nye tiltak og busetnad vere avhengig av kvar tiltaka vert plassert av omsyn til støy, lukt, lyd og lys. Fleire akvakulturlokalitetar kan skape hindringar for skipstrafikk og ferdsel. Lokalisering av akvakultur må ikkje hindre tilkomst. For etablering av anlegg er Kystverket høyringspart vedrørende etablering av anlegg i sjø som kan kome i konflikt med farleiar.

Avbøtande tiltak:

- Det må unngåast å omdisponere så lite som mogleg av dei registrerte fiskeplassane.
- Det må takast omsyn til kulturminna i sjø.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med endringar der ein unngår å ha med fiskeplassane innanfor kombinertområdet.

Delområde 3

Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Kombinert føremål
Beskriving	Området er lokalisert i Ytre Sula.		
Vurdering			Konsekvens
Landskapsbilete Området ligg i eit ope kystlandskap. Lokalisering av tiltaka i området langs land vil gje eksponering mot busetnaden då det stort sett er busetnad langs kyststrekninga på øyane, spesielt i sørlege delar. Området med minst eksponering mot busetnad er i nordvest. Generelt vurderer ein området til å ha ein noko negativ nær- og fjernverknad, men den er noko avgrensa med omsyn til kvar ein plasserer tiltaket med tanke på topografiske tilhøve, avstandar til busetnad, samt omfang av planlagte anlegg.			--
Naturmangfald Området grensar til fleire blautbotnsområde og tareskogførekomstar og skjelsand. Dei to sistnemnte er spesielt viktige beite og oppvekstområde for fisk, krepsdyr og andre marine organismar. Området grensar også til fire naturreservat for sjøfugl. Det er ein del truga sjøfuglartar i området der dei fleste av desse er nær truga (NT); ærfugl, tyvjo, fiskemåke, bergirisk, havelle og svartand. Teist er sårbar (VU), vipe og makrellterne er truga (EN), medan lomvi er kritisk truga (CR). Leveområde for raudlista artar i kategoriane NT har middels verdi, medan område for artar som er VU, EN eller CR har stor verdi. I tillegg er det registrert artar av særleg forvaltingsinteresse innanfor området. Sjøfuglane hekker i sjøfuglreservata i området. Området er eit viktig hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for vanleg og raudlista sjøfugl, samt for ansvarsartar for Norge. Ut frå området sin karakter og artar ein finn her, er store delar av området eit økologisk funksjonsområde for artar med svært stor verdi. I ytre kystområde og ved straumsterke lokalitetar er det generelt vist til lite påverknad på tarevegetasjon frå oppdrett. For at blautbotnområda ikkje skal verta negativt påverka av nye tiltak må lokalitetane ha ein viss avstand til desse førekomstane. Sjøfuglane toler generelt støy og ferdsel, og det er betydelig ferdsel i sør der det er farleier og eksisterande akvakulturområde. Grunna store tilgjengelege areal for fugl i området er det venta at tiltaket berre lokalt vil kunne forstyrre eller fortregne fugl, som er sensitive ovanfor båttrafikk og menneskeleg aktivitet. Dette vil avhenge av mengde tiltak som det vert gjeve løyve til.			--
Friluftsliv i sjø og strandsone Det er fleire svært viktige friluftslivsområde som grensar til området. Områda er på Utvær, Indrøyna, Nautøyna og kring heile ytre Sula. Lokalbefolkninga nyttar både strandsone og sjøområdet til båtutfart, fritidsfiske og rekreasjon. Områda vert nytta til båtutfart og fritidsaktivitetar. Lokalisering av fleire akvakulturlokalitetar vil medføre redusert bruksmoglegheit for ålmenta i høve til dagens arealbruk, og vil vera ein barriere som gir redusert bruksmoglegheit for ferdsel og fiske, samt vil vera godt synleg i området. Påverknad for friluftslivet i strandsona vil vera knytt til det visuelle landskapsbiletet, samt lyd frå næringsaktiviteten. Tiltaket vil medføre redusert bruksmoglegheit for areala ved anlegga og fritidsfiske der fortøyingslinjene vert lagt. Potensiale for utøving av friluftsliv vert ikkje redusert då føremålsavklaringa ikkje inneberer i arealbeslag. Friluftaktivitetar/turisme knytt til området vil få endra forhold ved at naturopplevinga vert endra, og vil ikkje vere like attraktivt å ferdist i.			-

<p>Kulturarv Det er fire registrerte kulturminne i sjø innanfor området, av typen skipsvrak. Det eine er mellom Sandholmane og Brattholmen, det andre er vest for Lundøyyna, det tredje ved Kjeholmen og det fjerde nord for Utvær. Det er fleire kulturminne på land og SEFRAK-registrerte bygningar. Lokalisering av dei nye akvakulturlokalitetane vil vere avhengig av om tiltaka vert synleg frå kulturminna på land. Tiltaka må ta omsyn til skipsvrak i sjø.</p>	-
<p>Marine ressursar Det er registrert to gytefelt for torsk i området, sør for Gjerdeneset og eit større område frå Nautøyyna og nordover. I følgje regelverk skal badebehandling i anlegg nærmare enn 500 meter frå gytefelt føregå i brønnbåt, jf. §15b. Forskrift om transport av akvakulturdyr § 22a gir at vatn tilsett bademidlar ikkje skal tømmast i sjø nærmare enn 500 meter frå rekefelt eller gyteområde. Eventuelle nye anlegg i og ved gytefelta vil verta omfatta av desse forskriftene.</p>	-
<p>Skipstrafikk og arealbruk Det går både hovud- og bilei i området, Ytre Steinsund. Sjøfartsdata viser at det er høg trafikk av dei fleste fartøystyper. Fleire akvakulturlokalitetar langs Ytre Steinsund kan kome til å skape hindringar i området. For resterande område vil det ikkje vere utfordringar knytt til ferdsel.</p>	--
<p>Lokal utvikling Det er klart at tiltaket vil medføre auka påverknad for nærmiljøet for lyd, lys og lukt. Det er område med utsyn til området, spesielt busetnaden i sør vil få mest sjenanse mot anlegga. Lokalisering av akvakulturlokalitet i nordvest vil gje minst sjenanse då det er lengre avstand busetnaden.</p>	-
<p>Fiskeriinteressar Det er fleire store område for fiskeriinteressar i området. Det er fleire lokalitetar for kaste- og låssettingsplassar i området, men desse vil ikkje bli innlemma i fleirbruksområdet. Lokalisering av akvakultur fremjar direkte arealbeslag og hinder for fiskeri der akvakulturføremålet overlappar med fiskeriinteressene. Rekefelta bør haldast utanfor fleirbruksområdet.</p>	--



Oppsummering

Området har *middels negativ konsekvens* for tema landskap og fiskeriinteresser pga. at lokalisering av akvakultur vil gje auka eksponering mot busetnad innanfor nokre delar av området. For fiskeriinteresser er det direkte konflikt med akvakultur og registrerte fiskeplassar. For naturmangfald har området *middels negativ konsekvens* pga. at store delar av området er økologisk funksjonsområde for artar med svært stor verdi. For skipstrafikk har området *middels negativ konsekvens* då fleire lokalitetar i Ytre Steinsund kan skape hindringar for ferdsel. For etablering av anlegg er Kystverket høyringspart vedrørende etablering av anlegg i sjø som kan kome i konflikt med farleiar.

For resterande miljøtema har området *liten negativ konsekvens* då området held seg unna friområda, men det kan likevel bidra til at friluft- og rekreasjonsopplevinga blir svekka. For kulturarv er det registrert skipsfunn i området som kan kome i konflikt med nye tiltak. For lokal utvikling vil avstandane mellom nye tiltak og busetnad vere avhengig av kvar tiltaka vert plassert av omsyn til støy, lukt, lyd og lys.

Avbøtande tiltak:

- Det må unngåast å omdisponere så lite som mogleg av rekegråla.
- Det må takast omsyn til kulturminna i sjø.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med endringar der ein unngår å ha med rekefelt i kombinertområdet.

Delområde 4

Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Kombinert føremål
Beskriving	Området er lokalisert i midtre delar av Solund		
Vurdering			Konsekvens
Landskapsbilete Området ligg i inngangen til ein fjordarm, er lite eksponert mot bebyggelse. Lokalisering av tiltaka i området langs land vil gje noko eksponering mot busetnaden på Nesøyna, Odden og Kråkeneset, avhengig av lokalisering av tiltaka. Generelt vurderer ein området til å ha ein noko negativ nær- og fjernverknad, men den er noko avgrensa med omsyn til kvar ein plasserer tiltaket med tanke på topografiske tilhøve, avstandar til busetnad, samt omfang av planlagte anlegg.			--
Naturmangfald Området grensar til naturreservat for sjøfugl, Oddeholmane. Det er observert fleire raudlisteartar innanfor tiltaksområdet. makrellterne (CR), vipe (EN), sanglerke (VU), teist (VU), storspove (VU), lirype (VU), stær (NT), bergirisk (NT), ærfugl (NT), fiskemåke (NT) og gjøk (NT). Det er også observert artar av statleg forvaltingsinteresse. Området grensar til marine naturtyper; tareskog og skjellsand. Utslepp av næringssalter og fine partikler kan ha lokal negativ påverking på tareskogen. Sjøfuglane hekker i sjøfuglreservata. Sjøfuglane toler generelt støy og ferdsel, og det er betydeleg ferdsel i det aktuelle sjøområdet med skipstrafikk og trafikk til dei etablerte akvakulturlokalitetane. Grunna store tilgjengelege areal for fugl i området er det venta at tiltaket berre lokalt vil kunne forstyrre eller fortrenge fugl, som er sensitive ovanfor båttrafikk og menneskeleg aktivitet.			--
Friluftsliv i sjø og strandsone Området grensar til friluftsområde, og vil ikkje ha vesentleg negativ påverknad på rekreasjonsområdet.			0
Kulturarv Det er ikkje kjente kulturminne innanfor området. Det er eit kulturminne av skipsfunn i nord, men dette vil ikkje bli påverka av fleirbruksområdet.			0
Marine ressursar Det er registrert eit mindre område for gyteområde for torsk vest for Steinsund, og området overlappar delar av dette. På grunn av at bruk av kjemiske lusemiddel er regulert i forskrifter, vil gyteområdet ikkje verta påverka negativt. Det er usikkert om oppdrett påverkar gyteåtfærd.			0/-
Skipstrafikk og arealbruk Det går både hovud- og bilei i området, Indre Steinsund, Hopsosen og Holmengrå – Årdalstangen. Området er ikkje innanfor avgrensinga til farlei, men grensar til denne. Sjøfartsdata viser at det er høg trafikk av dei fleste fartøystyper. Lokalitetane vil ikkje skape hindringar for ferdsel i området.			0
Lokal utvikling Nye tiltak vil medføre negativt påverknad i form av lyd, lys og lukt for nærmiljøet. Det er større avstandar mellom busetnaden her så det går an å få til lokalisering av tiltak utan at det skal gje særleg negativ påverknad på busetnaden i form av lyd, lys og lukt. Topografiske forhold vil også spele ei rolle.			-

Fiskeriinteresser

Det er fleire store område for fiskeriinteresser i området.

Det er fleire lokalitetar for kaste- og låssettingsplassar i området, men desse vil ikkje bli innlemma i fleirbruksområdet.

Lokalisering av akvakultur fremjar direkte arealbeslag og hinder for fiskeri der akvakulturføremålet overlappar med fiskeriinteressene. Rekefelta bør haldast utanfor fleirbruksområdet.

--

Oppsummering

Området har *middels negativ konsekvens* for tema landskap og fiskeriinteresser pga. at lokalisering av akvakultur vil gje auka eksponering mot busetnad innanfor nokre delar av området. For fiskeriinteresser er det direkte konflikt med akvakultur og registrerte fiskeplassar. For naturmangfald har området *middels negativ konsekvens* pga. at store delar av området er økologisk funksjonsområde for artar med svært stor verdi.

For marine ressursar og lokal utvikling har tiltaket *liten negativ konsekvens* då det er usikkert om oppdrett påverkar gyteområde. For lokal utvikling kan nye tiltak føre til sjenanse for nærmiljøet, men det er avhengig av kvar tiltaka vert plassert.

Avbøtande tiltak:

- Det må unngåast å omdisponere så lite som mogleg av dei registrerte fiskeplassane.
- Gyteområdet for torsk bør ikkje innlemmast i kombinertføremålet

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med endringar der ein unngår å ha med gyteområdet for torsk.

Delområde 5

Gjeldande føremål	LNF- område i sjø og vassdrag	Nytt føremål	Kombinert føremål
Beskriving	Området er lokalisert i austre delar av Solund.		
Vurdering			Konsekvens
Landskapsbilete Området ligg i fjordarm og i sund. Akvakulturlokalitetane har synlege komponentar som ligg i sjøoverflata, og dimensjonane på desse gjer at dei er synlege for nærområdet og fjernare område. Fortøyingsramma med ringane er store i omkrans, og er godt synleg i nærområdet, og frå lengre avstandar er desse tiltaka mindre synlege. Nye tiltak vil gje minst eksponering i nordaustlege delar av Tollesundet, heilt nord i området, samt sør for Vetefjellet då det for desse områda er størst avstand til nærmaste bebyggelse.			-
Naturmangfald Området grensar til naturreservat for sjøfugl, Torsholmane. Det er observert fleire raudlisteartar innanfor tiltaksområdet. Det er bl.a. lomvi (CR), svartand (NT), sjørørre (VU), alke (EN), sanglerke (VU), teist (VU), storspove (VU), lirype (VU), stær (NT), bergirisk (NT), fiskemåke (NT), hettemålte (VU) og gjøk (NT). Det er også observert fleire artar av statleg forvaltingsinteresse. Området grensar til marine naturtyper; taeskog, blautbotnsområde og skjellsand. Utslepp av næringssalter og fine partiklar kan ha lokal negativ påverking på taeskogen. Sjøfuglane hekker i sjøfuglreservata. Sjøfuglane toler generelt støy og ferdsel, og det er betydeleg ferdsel i det aktuelle sjøområdet med skipstrafikk og trafikk til dei etablerte akvakulturlokalitetane. Grunna store tilgjengelege areal for fugl i området er det venta at tiltaket berre lokalt vil kunne forstyrre eller fortrenge fugl, som er sensitive ovanfor båttrafikk og menneskeleg aktivitet.			--
Friluftsliv i sjø og strandsone Området grensar til friluftsområde på land. Landarealet ned mot sjøen er bratt og utilgjengeleg for utøving av friluftsliv, og nye tiltak vil dermed ikkje medføre redusert bruksmogleikheit for ålmenta i høve til dagens arealbruk.			0
Kulturarv Det er tre kulturminne i området, skipsfunn. To av desse er i sundet mellom Mefjellet og Grønevika, og det tredje er lengst nord i området. Nye tiltak med fortøyingsliner må ta omsyn til desse.			-
Marine ressursar Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde i nærleiken av tiltaket.			0
Skipstrafikk og arealbruk Det går både hovud- og bilei i området, Losnosen – Tollesund og Sognesjøen - Krakhellesund. Og ferja frå fastlandet til Krakhella går gjennom området. Det bør ikkje leggast opp til fleirbruksområde i sundet mellom øyane Losna og Sula for å unngå å forringe ferdselen.			-
Lokal utvikling Det er klart at tiltaket vil medføre auka påverknad for nærmiljøet med tanke på lyd, lys og lukt. Tiltak i nordaustlege delar av Tollesundet, heilt nord i området, samt sør for Vetefjellet vil vere til minst sjenanse for folk i området då det er over 600 meter til nærmaste busetnad til desse områda. Topografiske forhold vil også spele ei rolle.			-

Fiskeriinteresser

Det er fiskeriinteresser i sørlege og nordlege delar av området.

Det er fleire lokalitetar for kaste- og låssettingsplassar i området, men desse vert ikkje innlemma i kombinertføremålet.

Lokalisering av akvakultur fremjar direkte arealbeslag av rekefelta då eventuelle nye tiltak vil overlappe med fiskeriinteressene.

--

Oppsummering

Området har *middels negativ konsekvens* for tema landskap og fiskeriinteresser pga. at lokalisering av akvakultur vil gje auka eksponering mot busetnad innanfor nokre delar av området. For fiskeriinteresser er det direkte konflikt med akvakultur og registrerte fiskeplassar. For naturmangfald har området *middels negativ konsekvens* pga. at store delar av området er økologisk funksjonsområde for artar med svært stor verdi.

For kulturarv og lokal utvikling har området *liten negativ konsekvens* då det er skipsfunn i området, og nye tiltak kan føre til sjenanse for nærmiljøet.

Avbøtande tiltak:

- Området i sundet mellom Losna og Sula må ikkje innlemmast i kombinertføremålet for å oppretthalde ferdselsmoglegheitene i området.

Konklusjon

Forslaget vert tilrådd tatt inn i kommuneplanen med endringar der ein unngår å ha sundet i kombinertføremålet.

6.4 Samletabell miljøkonsekvensar

For å skaffe eit samla oversyn over konsekvensane for endra arealbruk er alle vurderingstema samla i ein tabell.

Samla vurdering for utgreiingstema er oppsummert nedanfor. Samla vurdering for arealføremåla med robustheit for usikkerheit er gjort til slutt i analysen for heile kommunen.

Areal	Land- skap	Natur- mangf.	Friluftsliv	Kulturarv	Marine ressursar	Skipstrafikk	Lokal utvikling	Fiskeri- int.
A3 Kverhelleskjeret	0	-	-	0	-	0	-	0
A13 Seiskjeret	-	-	0	0	--	0	0	0
B3 Drivøyosen	-	--	-	0	0	0	0	0/-
B28 Bjørnholmen og Klippenesvika	-	-	0	0	-	0	0	-
C11_2 Fureholmen S	-	-	--	0	-	--	0/-	0
C11_3 Bukkeholmen	--	0	-	0	-	0	--	0
C11_4 Juvika	-	-	0	0	0	0/-	0	0
C11_5 Kråkenes S	0/-	0	0	-	0	0	-	0
B18_1 Saltskåren	--	-	-	0	0	0	-	-
B18_2 Ospa	-	-	-/--	0	0	0	-	-
B18_3 Gåsvær	-	--	-	0	0	0/-	0	-
B35 Risholmen	-	--	-	0	0/-	---	-	--
Del 1 Del av fleirbruksområde for akvakultur	0	-	0	-	0	0	0	0
Del 2 Del av fleirbruksområde for akvakultur	-	--	-	-	-	-	-	--
Del 3 Del av fleirbruksområde for akvakultur	--	--	-	-	-	--	-	--
Del 4 Del av fleirbruksområde for akvakultur	--	--	0	0	0/-	0	-	--
Del 5 Del av fleirbruksområde for akvakultur	--	--	0	-	0	--	-	--

Samla vurdering for utgreiingstema er oppsummert nedanfor.

Landskap

For nokre vil planframlegget gi negativ visuell verknad og oppleving. For andre vil det representere næringsaktivitet og arbeidsplassar. Med bakgrunn i gjeldande kommuneplan og eksisterande anlegg er endringa samla sett for heile planframlegget av eit mindre omfang.

Areal og tal område avsett til akvakulturføremål er auka i dette planframlegget, sett i høve til gjeldande kommuneplan. Areala kring eksisterande anlegg er i fleire område gjort større enn i gjeldande kommuneplan. Slik sett opnar planframlegget for større arealbeslag av anlegg på sjøoverflata, fortøyingar og forankringar på havbotnen i dei avsette områda.

Det er avsett store kombinerte føremål med akvakultur. Eksponeeringsgraden til busetnad og friområda vil avhenge av kvar tiltaka vert lokalisert. Kommunen og ålmenta har moglegheit for å påverke konkret plassering av anlegget som del av konsesjonsprosessen.

Naturmangfald

Arealkonflikt mellom planframlegget og registrerte naturverdiar er avgrensa, gjennom følgjande tilpassingar:

- Det er tre akvakulturlokalitetar som grensar til naturreservat. I tidlegare saker er det vurdert eit influensområde på 1000 meter frå oppdrettsanlegget til naturreservatet, ut frå føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova. Dei verna naturområda er ikkje i direkte arealkonflikt med akvakulturføremål eller sikringssone for fortøying og ankerfeste.
- Registrerte marine naturtypar eller naturtypepunkt er ikkje i direkte konflikt med nokon akvakulturområde. Konfliktgraden vil likevel vere avhengig av kor stort omfang naturtypeane vert utsett for tilførsel av organiske partiklar, då dette vil kunne endre artssamansetnad på botn. Vidare vil straumtilhøva spele ei rolle der gode straumtilhøve vil sørge for høg spreiding og fortynning av partiklar.
- Fleire registrerte funksjonsområde for artar⁶ knytt til sjøområda er i konflikt med akvakulturføremål, og det gjeld i stor grad sjøfuglane. Sjøfuglane toler generelt støy og ferdsel.
- Funksjonsområdet til ein art som er unntatt offentlegheit er også potensielt sett i konflikt med akvakulturlokalitetar. Generelt er denne arten sky og reproduserar i område med lite menneskeleg ferdsel og har eit stort arealbehov for næringsøk, spesielt i reproduksjonsperioden. Nokre stader har arten vist ei aukande toleranse for menneskeleg aktivitet og støy, spesielt når topografien er skjermende.
- Fleire registrerte artar av nasjonal interesse i kommunen har førekomst som er i konflikt med akvakulturføremålet.
- ingen anadrome vassdrag er i direkte arealkonflikt med akvakulturføremål eller sikringssone.
- Det er ikkje registrert førekomst av ålegraseng eller korallførekomst/-rev i kommunen.

Samla vurdering er at planen kan medføre auka aktivitet med transport til og frå anlegga, og aktivitet på anlegga. Det er likevel grunn til å forvente at fuglar og pattedyr i influensområdet til eksisterande anlegg i stor grad har tilpassa seg dagens situasjon, og at endring som følgje av planen samla sett er avgrensa. For nokre område er dette usikkert, spesielt når det kjem til arten som er unntatt offentlegheit. Føre-var-prinsippet jf. § 9 i naturmangfaldloven er tatt i bruk i desse vurderingane.

Ureining

21 område for einbruk akvakultur i gjeldande plan er vidareført til ny kommuneplan og 17 område er fjerna. Det er tilført 4 nye små område. I tillegg er det avsett større fleirbruksområde for akvakultur. Dette inneber at det er eit teoretisk grunnlaget for at utslepp er endra i høve 0-alternativet. For dei eksisterande lokalitetane som blir vidareført og som det ikkje er produksjonsområde i ynskjer ein nullutslepp på. Nullutslepp vil sei null utslepp av lusegifter, pellets og fiskemøkk til sjø. Samla kan planen medføre noko auka utslepp i enkelte

⁶ Funksjonsområde for artar er område som oppfyller ein økologisk funksjon for artar, bl.a. beiteområde, leveområde og hekkeområde.

delområde med omsyn til at areala kring eksisterande anlegg vert større enn det dagens kommuneplan tillèt. Ein vurderer at endringar som følgje av planen samla er avgrensa og akseptable for tema organisk utslepp.

Utslepp

Det er avsett meir areal til akvakultur i forslag til ny kommuneplan enn i gjeldande plan. Dette inneber at det teoretiske grunnlaget for bruk og utslepp av desse stoffa er om lag likt med 0-alternativet. Samla sett kan planen likevel medføre noko teoretisk auka bruk og utslepp i enkelte delområde med omsyn til at areala kring eksisterande anlegg vert større enn det dagens kommuneplan tillèt.

Endringane som følgje av planen samla vert vurdert som avgrensa og akseptable for tema legemiddel og framandstoff. Plan- og bygningslova regulerer ikkje bruk av legemiddel og framandstoff då dette er tilhøve knytt til drift og produksjon. Ein legg til grunn at dei som driftar anlegga føl gjeldande regelverk og løyve knytt til dei enkelte lokalitetane.

Lakselus

Sidan det er avsett meir areal til akvakultur i forslag til ny kommuneplan vil dette innebere at sannsyn for luseoppblomstringar er noko auka i forhold til 0-alternativet. Samla kan planen medføre ein auka risiko for hendingar med luseoppblomstring over nasjonale grenseverdier i enkelte delområde, sett i lys av at areala kring eksisterande anlegg vert større enn det dagens kommuneplan tillèt. Dette mellom anna fordi sannsyn for internsmitte er høgare dess fleire ringar eit anlegg består av. Dette kan potensielt kunne gi fleire tilhøve av «luseoppblomstring» i anlegga, og såleis ein auke i produksjon av og spreing av luselarvar til omgivnadene. Omfanget av dette er vanskeleg å talfeste og vurdere verknaden av då det avheng av mange faktorar som t.d. drift, type anlegg/teknologi og straumforhold. Smittepress frå enkeltareala med akvakulturføremål vil teoretisk sett kunne ha auka med planframlegget. Sidan planframlegget legg opp til å utvide eksisterande akvakulturområde kan dette gje betre driftsvilkår, betre fiskehelse og dermed auka motstandskraft mot lakselus. Ved å auke areala på eksisterande lokalitetar kan difor smittepresset bli redusert dersom ikkje MTB-en⁷ aukar. Utvida eksisterande Akvakulturområde og betre driftsvilkår kan også kunne bidra til mindre rømming. Men dette er avhengig av at aktørane grip høvet til å legge opp drifta og nytte teknologien til å betre vilkåra for fisken og drifta. Endringar som følgje av planen kan samla sett ha positive konsekvensar for tema spreing av lakselus.

Smitte- og lusproblematikken er sentrale tema når det vert søkt om auka produksjonen.

Rømming

Sidan det er avsett meir areal til akvakultur i forslag til ny kommuneplan inneberer dette at sannsyn for hendingar knytt til rømming er noko auka i høve til 0-alternativet. Endringar som følgje av planen samla vert vurdert som avgrensa og akseptabel for tema rømming og genetisk innblanding.

Smittsame sjukdomar

Ut frå kjent kunnskap frå offentlege kjelder er det ikkje grunn til å tru at planframlegget vil ha verknad for sjukdom og smittepress på villfisk, då smittepress mellom oppdrett og villfisk er vurdert som lågt.

Friluftsliv

Sett i høve til friluftslivsinteresser har planframlegget eit direkte arealbeslag med anlegg på sjøflata, samt fortøyningar. Av dei 12 nye føremåla med einbruk akvakultur er ein av desse som er etablert innanfor regionalt friluftsområde der verdiane er knytt til sjø og vassdrag. Ein annan er delvis innanfor regionalt friluftsområde. Nokre av akvakulturområda i gjeldande plan som er innanfor kartlagde friluftsområda er tatt ut slik at samla potensial for akvakulturverksemd innanfor desse områda er redusert.

⁷ Den gitte MTB (maksimalt tillat biomasse) bestemmer kor mykje levande fisk innehavaren av løyvet kan ha ståande i sjøen til ein kvar tid.

Det er i dag åtte akvakulturanlegg inne i friluftslivsområde. Ut frå dagens situasjon er det grunn til å tru at planframlegget i liten grad vil påverke friluftsområda sin attraktivitet, bruksmoglegheit eller skapa ein barriere for ferdsel eller oppleving. Det er også grunn til å tru at bruken av dei regionale friluftsområda vert uendra som følgje av planframlegget.

Det er teke omsyn til statleg sikra friluftsområde og friluftsområde i sjø regulert i kommuneplanen når sone for fortøying og ankerfeste er sett.

Ein av intensjonane for dei kombinerte føremåla med akvakultur er m.a. å leggje til rette for framtidige areal for akvakultur som på grunn av teknologi og driftsmetodar kan kombinerast med andre føremål. Fordi ein ikkje veit kva endra smittesituasjon og ny teknologi kan medføre av moglegheiter, er det ikkje teke stilling til konfliktpotensiale, men sett vilkår om vurdering av vesentleg ulempe i desse områda.

I kommuneplanen er det opna for å legge sjøleidningar. Naudsynte tiltak på land i t.d. LNF- område må søkast om etter pbl. og ev. med dispensasjonssøknad. Den samla verknad er såleis vanskeleg å vurdere.

Kulturarv

Det er eitt av arealføremåla til akvakultur i gjeldande plan som er i direkte arealkonflikt med registrerte automatisk freda kulturminne. Også er det kulturminne som grensar til to andre akvakulturføremål i gjeldande plan, eitt av desse er ikkje freda. Det må takast omsyn til kulturminna ved utlegging av fortøying.

Dei generelle føringane i gjeldande kommuneplan om kulturminne er vidareført, jf. forslag til føresegner til kommuneplan akvakultur. I tillegg vil kulturminnelova sine føringar gjelde parallelt med kommuneplanen.

Marine ressursar

Vel halvparten av eksisterande oppdrettsanlegg med tilhøyrande fortøying og ankerfeste innanfor og i nærleiken av dei registrerte fiskeriinteressene i Solund kommune:

- 5 av arealføremåla i gjeldande kommuneplan avsett til akvakultur overlappar med fiskeriinteresser (aktive eller passive reiskap eller låssettingsplass).
- Av eksisterande oppdrettsanlegg er det 4 anlegg der anlegget på sjøflata overlappar med fiskeriinteresser (aktive eller passive reiskap).
- I planframlegget er det 4 av akvakulturareala som er heilt eller delvis i arealkonflikt med registrerte fiskeriplassar (aktive og passive reiskap)
- I planframlegget er det teke ut eitt akvakulturareal som er i direkte arealkonflikt med fiskeriinteresser

Av areal avsett til akvakultur ligg fire av dei innanfor kartfesta gyteområde/gytefelt.

Studiar som har sett på verknadar av oppdrett på gytefelt/gyteområdet er ikkje eintydige, og sett i lys av dette vurderer ein at planframlegget samla vil ha liten negativ verknad for marine ressursar knytt til gyteområde og gytefelt, samt for oppvekst-/beiteområde.

Skipstrafikk og arealbruk

Planframlegget opnar i all hovudsak for utvikling av eksisterande lokalitetar med aktiv drift, samt vidareføring av 36 areal frå gjeldande kommuneplan, også i område der det ikkje er etablert akvakulturverksemd. I samanheng med skipstrafikk og arealbruk på sjø har planframlegget direkte arealbeslag knytt til anleggskonfigurasjonen på sjøflata, samt fortøyingar.

Fleire av akvakulturføremåla er utvida ut mot farlei, dvs. lengre ut i fjorden, for å skapa moglegheit for å endre anleggstype frå stålbur til plastringar, tilstrekkeleg djupne og gode straumforhold for oppdrettsanlegga. Dei er også utvida for å sikre betre miljøforhold og leggje til rette for ny teknologi. Dette kan medføre utfordringar for manøvrering av større skip inn til viktige hamner/målpunkt.

Arealendringa gjer at akvakulturanlegga kan kome nærmare farleia. Nye anlegg heilt ut til føremålgrensa kan vera til hinder for ferdsel på sjø i dette området. Tilhøve knytt til dette vil også bli avklara som del av konsesjonssøknad og -handsaming.

Eksisterande og framtidig fortøyingsanlegg til lokalitetane vil truleg ligge så djupt at dei ikkje vil vera til hinder for sjøvertsferdsel, verken for større eller mindre batar/skip utanfor ferdselsforbodet, 20 meter frå bøyene på anlegget, eller inne ved land. Det er naudsynt med båttrafikk ut til oppdrettsanlegga. I tillegg til tilsette transport til anlegga er det transport av fôr, fisk og i samband med behandlingar av fisk, noko som er synleg i AIS-datasetta til kystverket. Det er vanskeleg å estimere forventa endra anløp til anlegga, mellom anna på grunn av produksjonssyklus og storleik på fartøy, samt behov for behandlingar av fisk. Det er ikkje forventa at denne trafikken vil vera til hinder eller skape vesentlege verknadar for sjøvertsferdsle eller komme i konflikt med kjente ankringsområde.

Planarbeidet er basert på Fiskeridirektoratet og Kystverket sine databasar med oppdaterte kartdata (Yggdrasil og Kystinfo). Ein har sett på planen sine verknadar for landareala inkl. hamneføremål, samt behov for tiltak på land og kopling til landareal når ein har fastsett akvakulturføremåla.

Basert på kjent kunnskap vurderer ein at planen sin samla verknad for skipstrafikk og arealbruk i sjø er liten negativ

Lokal utvikling

Areala avsett til einbruk akvakultur i planframlegget er eksisterande område, med unntak av fire som er nye. Dei kombinerte føremåla med akvakultur er nye område. Fleire av dei eksisterande områda som er avsett til akvakultur i gjeldande kommuneplan, og som blir vidareført, ligg nærmare bustad og hytter enn 600 meter. Potensiale for verknad av støy er dermed til stades. Dei delar av det kombinerte arealføremålet som er lokalisert lengst vest i kommunen, i det opne havområdet, ligg langt frå busetnad og verknaden av denne er såleis avgrensa. Men for resterande kombinertføremål vil dette vere avhengig av kvar lokalitetane blir plassert. Det er ikkje gjennomført støyberekningar som vil ta omsyn til m.a. topografi.

Ein vurderer at planframlegget samla sett har liten negativ verknad for tema støy, lys og lukt. Desse tilhøva skal vurderast i detalj i konsesjonssaker der den spesifikke lokaliseringa av anlegget og komponentar er fastlagt. Planframlegget opnar for større anlegg og endring av plassering, samt nye anlegg innanfor dei kombinerte føremåla.

Nytt planframlegg har gjennomført ei opprydding i dagens kommuneplan ved å fjerne, redusere, utvide og oppretthalde akvakulturføremål. Totalt er det avsett meir areal til akvakultur enn gjeldande kommuneplan. Samstundes er det som hovudregel avsett større areal til akvakultur på lokalitetar der det er aktivitet og drift i dag. På denne måten er næringa sitt behov for fleksibilitet ivareteke og vurdert som ein positiv konsekvens av planframlegget.

Det er grunn til å forvente auka sysselsetting dersom planframlegget sine moglegheiter vert realisert. I tillegg til arbeidsplassar på anlegget, kjem også potensielle nye arbeidsplassar i tilgrensande næringar som leverandørar av varer, service og tenester. Dette omfattar ringverknadar for t.d. brønnbåtselskap, settefiskproduksjon, matfiskproduksjon i sjø, slakteriverksemd og vidareforedling av fisk og produkt i regionen. Ein vurderer at planframlegget er i tråd med Solund sine mål om at kommunen skal vera ein god vertskommune for næringslivet, syta for at det er lett å etablere nye arbeidsplassar, samt ha ei livskraftig og berekraftig havbruksnæring. Planframlegget har stor positiv konsekvens for næringsutvikling, verdiskaping og sysselsetting.

Fiskeriinteresser

I dagens kommuneplan er det opna for fortøyingsanlegg innanfor føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag, eit føremål som dekker store deler av sjøareala i kommunen. I planframlegget har ein innskrenka moglegheita for fortøyingar og ankerfeste til kring akvakulturføremåla. Dette gir ein betre føreseielege situasjon enn dagens kommuneplan. Samstundes overlappar fleire av sikringssonene areal registrert med fiskeriinteresser, anten for å sikre dagens fortøyingar eller opne for nye fortøyingar ved flytting/justering av anlegg. Det er teke omsyn til registrerte låssettingsplassar i kommunen ved at sikringssona ikkje overlappar desse registreringane, samt at føresegnene gir at etablering av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til låssettingsplassar. På denne måten er låssettingsplassane teke i vare. Det er ikkje teke same omsyn for dei registrerte fiskeplassane ved avgrensing av sonene, men føresegnene gir at etablering

av fortøyingsline og ankerfeste ikkje skal vera til hinder for tilkomst til fiskeplassar med aktive reiskap. Samt at søknadar om fortøyingslinje/ankerfeste skal vurderast i høve til fiskeplassar.

Låssettingsplassane er teke i vare ved avgrensing av arealføremål og sikringssone fortøyning/ankerfeste, samt i føresegnene. I tillegg er kvar enkelt arealendring vurdert opp mot fiskeriinteressene i konsekvensutgreiinga. Planframlegget vil for nokre av fiskeplassane ha negativ verknad med omsyn til overlappende arealbruk til akvakultur og fortøyingar. Alle areal som har overlappende arealbruk, er areal som allereie ligg i gjeldande kommuneplan eller er anlegg med eksisterande konsesjon. Nokre av desse areala er utvida og endra, og ein vurderer at planen sin samla verknad har mindre negativ konsekvens for fiskeriinteresser i høve til 0-alternativet.

6.5 Overordna rammer og regionale føringar

Kommuneplanen oppdaterer sjødelen i Solund kommune knytt til tema akvakultur. Det har vore behov for ei slik oppdatering sett i lys av at fleire av lokalitetane i kommunen er basert på dispensasjonar. Planframlegget legg til rette for store og framtidsretta akvakulturføremål og areal for fortøyingslinje som er avklara opp mot andre interesser og verdiar. Planarbeidet er utarbeida med utgangspunkt i kunnskapsbasert planlegging og forvaltning.

Planframlegget er vurdert til å vera i samsvar med nyleg vedteke rundskriv H-6/18 og rettleiaren «planlegging i sjøområda» som m.a. legg vekt på oppdaterte kommuneplanar som vil redusere konflikhtar lokalt og gi mindre behov for dispensasjonssøknadar.

Planframlegget legg til rette for store og framtidsretta akvakulturføremål som dannar grunnlag for utvikling og vekst utover dagens situasjon. Det er gjennomført ei prioritering av arealbruken og det er i samråd med næringa regulert areal som ein vurderer til å vera eigna for næringsaktivitet. Planen er såleis i tråd med Strategisk plan for kysten.

Når det gjeld sjødelen av arealplanen er utgangspunktet til Solund kommune, jf. samfunnsplanen, at ein skal legge til rette for akvakultur, og dette er også i samsvar med Lokal utviklingsstrategi [2]. Både nasjonalt og regionalt er det også oppmoda om å sikre nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga.

7 Samanstilling av konsekvensar

Samanstilling er gjort etter følgjande framgangsmåte:

1. Samanstilling av konsekvensane i høve miljøverknader (landskapsbilete, naturmangfald, naturressursar, kulturarv og friluftsliv og bygdeliv)
2. Samanstilling av konsekvensane i høve samfunnstryggleik
3. Vurdering av omsynet til dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova utelukkar område

7.1 Miljøverknader

Konsekvensutgreiinga legg opp til ei vurdering av konsekvensane i høve landskap, naturmangfald, naturressursar, kulturarv, friluftsliv og bygdeliv.

Den samla konsekvensen er nokså lik for dei ulike tiltaka. Det heng truleg saman med at dei fleste områda er i strandsona i tillegg til at dei fleste er eksponert ut mot kysten er det også ein god del tiltak som vert eksponert. I ein landskapsøkologisk samanheng har sjø- og landareala i strandsone stor verdi. Det er også mange sjøfuglartar som hekkar og overvintrar i Solund.

Det er fire område som er tilrådd å endre avgrensinga på for å gje mindre negativ verknad for landskapet, og det er område som har nokre høge parti som vil gje silhuettverknad og /eller ein god del meir eksponering mot utfartsområde eller utbygde område.

7.2 Samfunnstryggleik

Sårbarheitsanalysen viser at mange av områda er sårbar for naturbaserte hendingar knytt til spesielt havnivåstigning, stormflo og til dels skred. Ut frå dei funna som er gjort, er det vanskeleg å setje fingeren på kva område som skil seg ut for spesielle hendingar som meir eller mindre er sårbare. Gjennom arbeidet er det identifisert at det er viktig med fokus på havnivåstigning, skred og flaum inkludert ekstremnedbør, trafikkfare og framkomme for utrykkingskøyretøy. Myndigheitskrav nedfelt i teknisk forskrift til plan- og bygningslova vil ivareta krava. I område utan plankrav er det viktig at det vert etablert rutine for å fange risiko gjennom handsaming av søknader. Det kan vere område som med utgangspunkt i nærmare vurdering av den konkrete skredfaren, ikkje kan byggast ut sjølv om det er lagt til rette for utbygging i kommuneplan.

Trafikkulukker har alvorlege konsekvensar og skjer dessverre med jamne mellomrom. Tiltaka og arealendringane i arealdelen er vurdert til å ikkje forverre situasjonen vesentleg.

7.3 Naturmangfaldslova

Det fylgjer av § 8 i naturmangfaldslova, som er eit av dei miljørettslege prinsippa i same lov, at kunnskapsgrunnlaget skal vere tilstrekkeleg opplyst dersom naturmangfald vert rørt av offentlege avgjerder. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Utgreiinga er gjort på overordna nivå på grunnlag av tilgjengeleg informasjon i databasar, kartlegging av biologisk mangfald i Solund, kart og flyfoto. Ingen av områda er synfart med tanke på naturmangfald.

Informasjonen i naturbasen [24] om naturtypar har vore ei viktig kjelde. Opplysningar om artar i artskart [25] er også ein viktig del av grunnlaget for utgreiinga, men opplysningane her byggjer på observasjonar, og ikkje på ei systematisk kartlegging.

Samla sett er kunnskapsgrunnlaget vurdert til å vere godt nok til dette plannivået. Område som ikkje har registrerte naturtypar eller raudlista artar, men som likevel kan ha eit potensiale for, må undersøkjast nærare ved sakshandsamingsrutinar.

7.3.1 Naturmangfaldlova § 8-12 - landareala

Offentlege avgjersler som påverkar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitskapeleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknad. Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar til naturmangfaldlova kapittel II gir at dersom ein, etter å ha vurdert kunnskapsgrunnlaget, finn at avgjersla ikkje rører ved naturmangfald i nemneverdig grad, vil ein som hovudregel kunne avslutte vurderinga av dei miljørettslege prinsippa. Ei slik avgrensing mot vidare vurderingar vil normalt berre vera aktuelt ved mindre tiltak. Dersom avgjersla rører ved naturmangfald, går ein vidare og vurderer dei andre miljørettslege prinsippa.

I kapittel 5.2 er det innhenta eksisterande kunnskap om naturmangfaldet som kan bli påverka av kommuneplanen, kva for tilstand naturmangfaldet har, og kva for effektar planframlegget vil ha på naturmangfaldet. På bakgrunn av eksisterande kjent kunnskap og risiko for skade av planframlegget, er det ikkje vurdert naudsynt å innhente ny kunnskap, jf. naturmangfaldlova § 8. Samla sett vurderer vi at planframlegget ikkje vil påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8.

Ettersom tiltaka er vurdert å ikkje påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8, er det ikkje naudsynt å gjere særskilte vurderingar av naturmangfaldlova §§ 9-12, jf. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar til naturmangfaldlova kapittel II. Grunna omfanget av planframlegget, som ikkje kan seiast å vere eit mindre tiltak, er det likevel gjort vurderingar av dei andre miljørettslege prinsippa under.

Når det vert treft ei avgjerd utan at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva verknader den kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Ligg det føre ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunn for å utsetje eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

Sett ut i frå verknadane på naturmangfaldet og tilstrekkeleg kunnskap, tilseier dette at føre-var- prinsippet ikkje skal nyttast, jf. naturmangfaldslova § 9.

Påverknad på eit økosystem skal vurderast ut i frå den samla belastninga som økosystemet er, eller vil bli, utsett for.

Ein vurderer at den samla økologiske belastninga av planframlegget er litt auka i høve til 0-alternativet, jf. naturmangfaldlova § 10. Dette med utgangspunkt i at planen opnar for utbygging i eller ved sjøareal som har ein landskapsøkologisk samanheng. Det er ikkje vurdert at miljøpåverknaden er uakseptabel. Vurdering etter naturmangfaldslova vert også gjort i samband med utarbeiding av reguleringsplan og byggesakshandsaming. Ein legg til grunn at desse prosessane også vil vurdere samla belastning og sikre ei berekraftig utvikling som er riktig utifrå kunnskapsgrunnlaget på det tidspunktet saka vert handsama.

Tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket valdar, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter. For å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ein samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske tilhøve, gir dei beste samfunnsmessige resultat.

Ut frå kjent kunnskap om området og naturmangfald i området, vurderer ein at det ikkje er behov for å gjennomføre tiltak, til dømes avbøtande, førebyggjande eller kontrollerande tiltak, for å redusere fare for skade på naturmangfald i området, jf. naturmangfaldlova §§ 11 og 12. Det er lagt til grunn at gjeldande lovverk, tilsyn/kontroll og oppdrettsaktørane sine interne kvalitetssystem sikrar ei forsvarleg drift og produksjon.

7.3.2 Naturmangfaldlova § 8-12 - sjøareala

I kapittel 6.2 er det innhenta eksisterande kunnskap om naturmangfaldet som kan bli påverka av kommuneplanen, kva for tilstand naturmangfaldet har, og kva for effektar planframlegget vil ha på

naturmangfaldet. På bakgrunn av eksisterande kjent kunnskap og risiko for skade av planframlegget, er det ikkje vurdert naudsynt å innhente ny kunnskap, jf. naturmangfaldlova § 8. Samla sett vurderer vi at planframlegget ikkje vil påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8.

Ettersom tiltaka er vurdert å ikkje påverke naturmangfald i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldlova § 8, er det ikkje naudsynt å gjere særskilte vurderingar av naturmangfaldlova §§ 9-12, jf. Klima- og miljødepartementet sin rettleiar til naturmangfaldlova kapittel II. Grunna omfanget av planframlegget, som ikkje kan seiast å vere eit mindre tiltak, er det likevel gjort vurderingar av dei andre miljøretnslege prinsippa under.

Planen er ein kommuneplan som er ein overordna plan som legg føringar for bruk av sjøområda. Det er vurdert at kjent kunnskap og verknadane av planen ikkje er vesentleg negative for naturmangfald. Før areala til akvakultur vert teke i bruk i det omfang som kommuneplanen opnar opp for, skal forholda avklarast i detalj gjennom søknad om løyve og vurdering etter sektorlovverk. Ein legg til grunn at denne prosessen vil ivareta dei detaljerte forholda som kommuneplanen ikkje dekker.

Føre-var-prinsippet skal berre nyttast når det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap, og det er fare for store negative og irreversible verknadar. Planen er ein kommuneplan som er ein overordna plan som legg føringar for bruk av sjøområda. Før areala til akvakultur vert teke i bruk i det omfang som kommuneplanen opnar opp for, skal forholda avklarast i detalj gjennom konsesjonssøknad og vurdering etter sektorlovverk. Ein legg til grunn at denne prosessen vil ivareta dei detaljerte forholda som kommuneplanen ikkje dekker.

Sett ut i frå verknadane på naturmangfaldet og tilstrekkeleg kunnskap, tilseier dette at føre-var- prinsippet ikkje skal nyttast, jf. naturmangfaldslova § 9.

Ein vurderer at den samla økologiske belastninga av planframlegget er auka i høve til 0-alternativet, jf. naturmangfaldlova § 10. Dette med utgangspunkt i at planen opnar for akvakulturverksemd som har ein kjent generell miljøpåverknad. Det er ikkje vurdert at miljøpåverknaden er uakseptabel. Før areala til akvakultur vert tekne i bruk i det omfanget som kommuneplanen opnar opp for, skal forholda avklarast i konsesjonssøknad og vurdering etter sektorregelverk. Ein legg til grunn at denne prosessen også vil vurdere samla belastning og sikre ei berekraftig utvikling som er riktig utifrå kunnskapsgrunnlaget på det tidspunktet saka vert handsama. Vurdering etter naturmangfaldslova vert også gjort i samband med løyvehandsaming, basert på oppdatert kunnskapsgrunnlag og situasjonen på søknadstidspunktet.

Tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket valdar, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter. For å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ein samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske tilhøve, gir dei beste samfunnsmessige resultatata.

Ut frå kjent kunnskap om området og naturmangfald i området, vurderer ein at det ikkje er behov for å gjennomføre tiltak, til dømes avbøtande, førebyggjande eller kontrollerande tiltak, for å redusere fare for skade på naturmangfald i området, jf. naturmangfaldlova §§ 11 og 12. Det er lagt til grunn at gjeldande lovverk, tilsyn/kontroll og oppdrettsaktørane sine interne kvalitetssystem sikrar forsvarleg drift og produksjon.

7.4 Fleirbruksområde for akvakultur

I samfunnsplanen for Solund er det sett som mål å setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi. No når ein rullera arealdelen har ein moglegheit til å utvikle ein offensiv arealplan for sjøområda som opnar for omfattande lokal næringsutvikling basert på ressursane i havet. Planen skal ha potensiale for vekst i marine næringar, som kan nyttast når ny teknologi og endra rammevilkår gjer det mogleg.

Sjølv om det er sett av større og samanhengande område for fleirbruksområde skal det ikkje vere fritt fram for akvakulturnæringa å etablere seg. Alle tiltak skal handsamast som dispensasjonssøknad, og næringa må oppfylle målet om å setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi. Tiltaka skal skje på lokalsamfunnet og naturen sine premisser.

Tiltaka skal også ta omsyn til klima, miljø, økonomi og sosiale tilhøve. Ein skal forvalte naturlege bestandar av laksefisk og deira leveområde i tråd med naturmangfaldlova.

Det er krav om grunngitt søknad ved dispensasjon. Ved dispensasjon frå lova og forskrifta til lova skal det leggst særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvenser for helse, miljø, jordvern, tryggleik og tilgjenge. Ved vurderinga av om det skal bli gitt dispensasjon frå planar skal statlege og regionale rammer og mål tilleggas særleg vekt, inkludert FN sin berekraftsmål og naturmangfaldslova med forskrifter.

Det må dokumenterast ei stor grad av nyvinning/ny teknologi som er berekraftig, alternativt nullutslepp, før søknaden vert vurdert. Det som vert definert som vanleg akvakultur vert ikkje tillate, men ordinær akvakultur med nullutslepp kan likevel vurderast maksimalt 300 meter for næraste del av anlegget, frå eksisterande anleggsramme. Det må sannsynleggjerast at eksisterande, ledige A-område i Solund ikkje eignar seg til nyvinninga/ teknologien.

Dersom det er tvil om tiltaket skal få dispensasjon, eller det er ei sak som skapar presedens, skal saka handsamst politisk.

For å kunna drive akvakulturverksemd er det behov for godkjenningar utover pbl. Avklaringar om produksjonsmengd, utslepp, avstand mellom anlegg og anna som har samanheng med drifta av matfiskanlegget, er tilhøve som vert utgreidd og regulert i konsesjon/løyve etter anna lovverk enn PBL. I desse søknadsprosessane er det krav til dokumentasjon og kartleggingar som belyser mellom anna straum, biologisk mangfald, botntilhøve med meir.

7.5 Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag

Verdiane i verna vassdrag vert ivareteke spesielt gjennom føresegnene i vassressurslova, naturmangfaldlova og bindande planar etter plan- og bygningslova.

I Solund er det verneplan for Engevikvassdraget. For å best kunne forvalte og avgrense området er vassdragsbeltet delt inn i klassar, alt etter arealtilstand og registrerte verneverdiar.

For å kunne ta betre vare på verneverdiane, også i høve til andre typar inngrep enn vasskraftutbygging, er det utarbeida Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Retningslinjene gjeld eit vassdragsbelte som omfattar vassstrengen (hovudelver, sidebekkar, sjøar og tjern) og eit område på inntil 100 meter breidde ut frå vassstrengen. Retningslinjene gjeld også andre delar av nedbørsfeltet der det er dokumenterte verneverdiar.

Retningslinjene er førande for kommunar, fylkeskommunar og statleg fagmynde. Dei skal ligge til grunn for planlegging etter plan- og bygningslova, og skal verte tatt med under vurdering av enkeltsaker. Det inneberer at både kommunar og sektormynder må ta omsyn til verna vassdrag i si planlegging og verksemd.

7.6 Strandsone og byggjegrænse mot sjø og vassdrag

Innanfor område som er omfatta av reguleringsplan der det ikkje er teikna inn byggjegrænse, er byggjegrænse sett i arealdelen i tråd med intensjon i planen. Dette er gjort for at regulert bebyggelse kan utviklast i tråd med vedteke reguleringsplanar, og alle områda er heilt eller delvis utbygd i dag. For dei utbyggingsareala som er trekt nærme sjøkanten er grænse trekt tilbake slik at dei ikkje kan byggast nærmare sjøen enn der det er bygd i dag. For å gje moglegheit til tilkomst til sjø er byggjegrænse trekt mot eksisterande veg. Dette bidrar til at byggjegrænse ikkje endrar allmenta tilgang til strandsona i desse områda.

Å setje byggjegrænse innanfor desse regulerte områda er i lite konflikt med overordna føringar, berører ikkje kjente sårbare område og er utsett for liten grad av fare. Å setje byggjegrænse mot sjø vil heller ikkje føre til ei betydeleg svekking av kvalitetar langs sjøen, men vil bidra til ei meir heilskapleg og forutsigbar forvaltning i strandsona i allereie utbygde område. Det vil også forenkla sakshandsaminga på plan- og byggjesaksnivå.

Strandsona er ei nemning på 100- metersbeltet langs sjø og vassdrag. Plan- og bygningslova seier at det skal takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser langs sjø og vassdrag. Det er eit generelt byggjeforbod i 100-metersbeltet, med mindre det er sett andre føringar i kommunale- og/eller reguleringsplanar.

Solund kommune er definert til å vere eit område med mindre press på areala i følgje den statlege planretningslina for differensiert forvaltning.

I gjeldande kommuneplan er det ikkje sett inn byggjegrænse mot sjø i utbyggingsføre mål eller spreidd- område, og det er difor i planforslaget etablert byggjegrænse. For alle noverande utbyggingsføre mål, som er byggjeområde som er delvis til heilt utbygd, sett byggjegrænse ved eksisterande bebyggelse. Dette er gjort for at kommuneplanen ikkje legg opp til at det kan føre opp ny bebyggelse nærare sjøen enn i dag. Unntaket for dette er der kor det er ubebygde tomt nærare sjøen enn eksisterande bebyggelse. For desse områda er byggjegrænse då sett nærare.

I framtidige byggjeområde der det er plankrav er det ikkje sett byggjegrænse då byggjegrænse vil bli fastsett i reguleringsplan.

For alle spreidd-områda som grensar til sjø og vassdrag er det sett byggjegrænse. Det vart gjort ei grundig vurdering av kvar tiltaksgrænse til spreidd- områda i gjeldande kommuneplan skulle lokaliserast av omsyn til blant anna topografi, friluftsliv, nærleik til sjø og vassdrag og allmenta sin tilgang til strandsona. Solund kommune fekk utarbeidd ei strandsonanalyse til arbeidet med kommuneplanen, og denne vart eit nyttig hjelpemiddel for å vurdere lokalisering av dei forskjellige utbyggingsareala. Sidan denne vurderinga alt er gjort er byggjegrænse for spreidd- områda sett i plankartet av omsyn til havnivåstigning.

Det er fastslått at byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen også gjeld for eldre planar som ikkje har fastsett byggjegrænse mot sjø. Det er difor definert ein byggjegrænse for desse planane i kommuneplankartet i tråd med intensjonen i reguleringsplanane. Kva reguleringsplanar det gjeld er omtalt i planomtalen. Mange av desse reguleringsplanane er heilt eller delvis utbygd, og byggjegrænse er fastsett utifrå eksisterande bebyggelse. Men samtidig har ein vurdert byggjegrænse utifrå at strandsona skal bevarast som verdifullt natur- og friluftsområde, og sikre god tilgjenge for allmenta. Sjølv om områda er utbygd har ein tatt høgde for at det kan skje utvikling i områda i form av tilbygg, uthus, garasjar og liknande, og byggjegrænse er då sett slik at utvikling ikkje kan skje nærare sjøen enn i dag. Ein har også tatt omsyn til korridorar som gir tilgang til strandsona. Langs vassdrag har ein brukt same kriteria som mot sjø, men her har ein også tatt særleg omsyn til å bevare kantvegetasjonen mellom byggjeområde og vassdrag.

Når ein har vurdert byggjegrænse mot sjø og vassdrag i andre byggje- og spreiddområde, har ein lagt til grunn dei same kriteria som ovanfor ved vurdering av byggjegrænse i reguleringsplanar. For nokre område er det ikkje vist byggjegrænse då føremålsgrænse overlappar byggjegrænse. Ein har her vurdert at det er naturleg at grænse for utbyggingsføre målet også er byggjegrænse. Dette for å unngå opparbeiding av plen og andre stengsler som gjerde eller liknande mellom byggjegrænse og føremålsgrænse då dette har ein privatiserande effekt.

7.7 Gjeldande arealføre mål som skal vidareførast

Dei aller fleste utbyggingsområde i gjeldande kommuneplan er blitt vidareført til det nye forslaget. Dei areala som er utgått av planforslaget er område som er blitt regulert etter at kommuneplanen vart vedteken. Og nokre område har fått redusert areal utifrå ynskje om endra arealbruk.

For dei områda som ikkje er utbygd er det krav om reguleringsplan, og for desse områda vil dei nasjonale og regionale interessene gjere seg gjeldande ved utarbeiding av planforslag. Aktuelle tema som har nasjonale og regionale interesser er attraktive og klimavenlege by- og tettstadområder, barn og unge, folkehelse og universell utforming, støy, ureining (luftkvalitet og grunnureining), klima og energi, samfunnstryggleik og beredskap, jordvern, blågrøne strukturer, varehandel, landskap, naturmangfald, friluftsliv og vassdrag.

For føremåla som alt er utbygd og det eventuelt er planlagt nye tiltak vil andre regionale og nasjonale interesser som kan vere berørt for desse områda bli ivaretatt ved handsaming av søknad om tiltak etter

byggesaksdelen i plan- og bygningsloven. Dette gjeld omsyn til naturmangfald, ureining, klima og energi, tryggleik mot naturpåkjenningar som flaum og skred, universell utforming osv. Tiltakshavar skal utarbeide nødvendig dokumentasjon i tiltaket for å vise at krava som er gitt i byggt teknisk forskrift er ivaretatt, jf. pbl kap. 12 og byggesaksforskrifta kap. 12.

7.8 Akvakulturareal som er vidareført frå gjeldande plan

Det er sett av 33 område for akvakultur i gjeldande plan, og ein god del av desse er blitt vidareført til planforslaget. Nokre av desse areala er blitt utvida, og eitt areal har blitt flytta litt på for å kome unna konfliktområda. Hovudpoenget med å utvide lokalitetane er å gje næringa moglegheiter for å endre anleggstype, nytte ny teknologi eller justere plassering av anlegget for å oppnå betre drifts- og/ eller miljøforhold. Dette gir ein betre føreseieleg situasjon enn dagens kommuneplan. Det er viktig for oppdrettsbransjen at det til ei kvar tid er gode oppdaterte kommuneplanar med føreseielege og tydelege rammer for arealbruken deira. Dagens kommuneplan er ikkje i tilstrekkeleg grad oppdatert for sjødelen. Det er ei målsetnad at planlegging og forvaltning av akvakulturaktivitet i hovudsak skal forankrast i overordna kommunale planar, og ikkje gjennom dispensasjonar og enkeltsakshandsaming. Det er heller ikkje ønskjeleg med generelle plankrav for tiltak i sjø. Akvakultur er ei næring i rask utvikling med omsyn til drift og teknologi. Det er ei utfordring at kommuneplanrevisjonar ofte ikkje har same fart som behovet bransjen har for arealavklaring. I dette ligg det eit stort ansvar for kommunane i god arealplanlegging i sjø for å sikre dei beste lokalitetane og tilstrekkeleg fleksibilitet og utviklingsmogleik innanfor desse.

Samla sett vil arealendringa føre til ein positiv verknad for dei anlegga som vert utvida medan det for næringa kan vera ein negativ økonomisk konsekvens at det vert sett miljøkrav.

8 Avbøtande tiltak [17]

I samsvar med det som går fram av det fastsette planprogrammet, er det i dette kapittelet sett opp tema som bør vurderast i det vidare arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan og/eller før gjennomføring av tiltak.

Avbøtande tiltak i høve **landskapsbilete**

- Planen er ein utviklingsplan. Det ligg føre få konkrete utviklingsplanar. I dei framtidige utviklingsområda er det krav om reguleringsplan. I dei utviklingsområda som er mest sårbare for inngrep må det gjennom vidare planlegging og ved utvikling av konkrete byggeprosjekt takast spesielt omsyn til dei landskapsmessige utfordringane.

Avbøtande tiltak er ivareteke i punkt 1.3, 1.6, 1.8.3, 2.2, 2.9 og 5 i planføresegnene.

Avbøtande tiltak i høve **naturmangfald**

- Både i område for bygg og anlegg og spreidd utbygging bør det takast inn føresegner med byggegrense mot vassdrag.
- Naturmangfaldet må kartleggjast nærare i dei framtidige områda for bygg og anlegg. Det må vere tema ved oppstart av planarbeid.

I føresegnene er avbøtande tiltak ivareteke i punkt 1.6, 1.7, 5.2 og 7.3.1.

Avbøtande tiltak i høve **naturressursar**

- I område for spreidd utbygging må det innarbeidast føresegner som tryggar at det ikkje vert opna for bygging på dyrka mark. Av omsyn til landbruket, er det ønskjeleg med ein avstand på 20 meter mellom tiltak og dyrka mark.
- Gjerde mot beite og kring fritidsbygg

I føresegnene er avbøtande tiltak ivareteke i punkt 1.3, 5.2 og 7.3.1.

Avbøtande tiltak i høve **kulturmiljø**

- Det er i grendene nødvendig med føresegner som set krav til byggeskikk og plassering av nye bygningar. Truleg vil spreidd bustadbygging i liten grad vere i konflikt med kulturmiljøet i området, men dette vil vere avhengig av kva kriteria som vert lagt inn i føresegnene. Nye bygningar og tilbygg må rette seg etter byggeskikk og struktur, og plasserast utanom kulturmiljø med kulturhistorisk verdi.
- Det bør i LNF-områda for spreidd utbygging settast fokus på tilpassing til kulturlandskapselement.

I føresegnene er avbøtande tiltak ivareteke i punkt 1.3, 1.6, 1.8.3, 1.11, 2.9.2, 5.2, 7.2.3 og 7.3.2.

Avbøtande tiltak i høve **friluftsliv og bygdeliv**

- Omsynet til støy må vurderast langs dei mest trafikkerte vegane for å ivareta krava til støy i rundskriv T1442.
- Det må tryggast tilgjenge til område, vassdrag/vatn og innarbeidast føresegner som ikkje fører til nedbygging av viktige stiar og løyper.

I føresegnene er avbøtande tiltak ivareteke i punkt 1.3, 1.6, 1.7.3, 1.8.2, 1.11, 2.2 og 4.1.

Samfunnstryggleik

På bakgrunn av fareidentifikasjonen og sårbarheitsvurderinga er det grunnlag for generell oppfølging av følgjande hendingar; havnivåstigning, stormflo, bølgepåverknad, skred, flaum, trafikkfare og framkomme for utrykkingskøyretøy.

I føresegnene er avbøtande tiltak ivareteke i punkt 1.6, 1.8 og 7.1.4.

UTKAST

9 Referansar

- [1] Solund kommune, «Planprogram - kommuneplanen sin samfunns- og arealdel (31. august 2017),» Solund kommune, 2017.
- [2] Kommunal og moderniseringsdepartementet, «Nasjonale forventningar til regional og kommunale planlegging2019-2030 (Kongeleg res. 14. mai 2019),» 2019. [Internett]. Available: <https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-nn.pdf>.
- [3] FN-Sambandet, «FNs berekraftsmål,» 14 08 2020. [Internett]. Available: <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal?lang=nno-NO>.
- [4] S. kommune, «Kommuneplanen sin samfunnsdel 20108-2020 (Sak 004/10, 20.april 2010),» Solund kommune, 2008.
- [5] Miljøverndepartementet, «Konsekvensutredninger - Kommuneplanens arealdel,» Miljøverndepartementet, 2012.
- [6] Statens vegvesen, «Veiledning V712, Konsekvensanalyser,» Statens vegvesen, 2018.
- [7] S. kommune, «Strandsoneanalyse for Solund kommune,» Solund kommune, 2007.
- [8] Miljøverndepartementet, «Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen,» Miljøverndepartementet , Oslo, 2011.
- [9] O. Puschmann, «Nasjonalt referansesystem for landskap. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner,» NIJOS nummer 10/2005, 2005.
- [10] A. N. AS, «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke,» Aurland Naturverkstad AS, 2009.
- [11] G. Gaarder, «Biologisk mangfold i Solund kommune,» Miljøfaglig Utredning AS, 2006.
- [12] Fylkesmannen i Vestland, «Har identifisert verneverdig Vestlandsnatur,» 01 02 2019. [Internett]. Available: <https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/har-identifisert-verneverdig-vestlandsnatur/>. [Funnen 2020].
- [13] T. Enzensberger, «Naturverdier på fem øyer i Solund,» Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2011.
- [14] «Registrering av kjerneområde landbruk og kulturlandskap i Solund kommune,» Solund kommune, 2008.
- [15] NGU, «Radon aktsemd,» NGU, [Internett]. Available: <http://geo.ngu.no/kart/radon/>. [Funnen 2020].
- [16] S. kommune, «Folkehelseoversikt for Solund kommune,» Solund kommune, 2018.
- [17] A. N. AS, «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke,» Aurland Naturverkstad AS, Aurland, 2009.
- [18] A. Follestad, «Effekter av forstyrrelser på fugl og pattedyr fra akvakulturanlegg i sjø - NINA Rapport 1199,» Norsk institutt for naturforskning, Trondheim, 1995 .

- [19] H. m.fl., «Effekter av utslipp fra akvakultur på spesielle,» Havforskningsinstituttet, 2006.
- [20] Havforskningsinstituttet, «Risikoreport norsk fiskeoppdrett 2019,» Havforskningsinstituttet, 2019.
- [21] V. r. f. lakseforvaltning, «Status for norske laksebestander i 2019,» Vitenskaplig råd for lakseforvaltning, 2019.
- [22] Havforskningsinstituttet, «En vurdering av lakselusinfestasjonen i produksjonsområdene i 2018 og 2019,» Havforskningsinstituttet, 2020.
- [23] S. m.fl., «Risikovurdering norsk fiskeoppdrett,» Havforskningsinstituttet, 2016.
- [24] Miljødirektoratet, «Naturbase,» [Internett].
- [25] «Artskart,» [Internett].
- [26] «Riksantikvaren - Askeladden,» [Internett].
- [27] S. vegvesen, «Nasjonal vegdatabank,» [Internett].
- [28] «NIBIO, gardskart og vegetasjonskart,» [Internett].
- [29] Miljødirektoratet, «Utslipp av klimagasser i kommuner og fylker,» [Internett]. Available: <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=241§or=-2>.
- [30] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional plan for klimaomstilling 2018-2021,» [Internett]. Available: <https://www.sfj.no/regional-plan-for-klimaomstilling.397026.nn.html>.
- [31] Solund kommune, «Kommunedelplan for klima og energi for Solund kommune,» Solund kommune, 2011.
- [32] K.- o. moderniseringsdepartementet, «Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen,» Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2011.
- [33] Regjeringen, «Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen,» Regjeringen, 2011.

10 Vedlegg 1 – oversyn framlegg og siling

UTKAST